

Øyvind Glosvik

”Levande bygdeutvikling?”

**Ein studie av Bygdeutviklingsprogrammet i
Sogn og Fjordane og prosjektet Levande bygder**

TITTEL		RAPPORTNR.	DATO
"Levande bygdeutvikling?" Ein studie av Bygdeutviklingsprogrammet i Sogn og Fjordane og prosjektet Levande bygder		4/2002	05.04.02
PROSJEKTITTEL		TILGJENGE	TAL SIDER
Evaluering av Bygdeutviklingsprogrammet i Sogn og Fjordane og prosjektet Levande bygder		Open	114
FORFATTAR		PROSJEKTLEIAR/-ANSVARLEG	
Øyvind Glosvik		Øyvind Glosvik	
OPPDRAKSGJEVAR		EMNEORD	
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane		Bygdeutvikling, lokalsam- funnsutvikling, nærmiljø- tiltak, næringsutvikling	
SAMANDRAG / SUMMARY			
<p>Dette er ein studie av to tiltak som begge er retta inn mot lokalsamfunnsutvikling og næringsutvikling i Sogn og Fjordane. Erfaringane syner at Bygdeutviklingsprogrammet i stor grad er retta inn mot nærmiljøtiltak og lokalsamfunnsutvikling i brei meining. BU-programmet er i sjeldan grad nedanfrå-opp-orientert utviklingsarbeid der kvart prosjektstyre i bygdene står svært fritt til å nytte midlane til det bygda sjølv definerer som utviklingstiltak. Dette verkar motiverande og utløyser synergieffektar. Prosjektet Levande bygder skulle byggje på erfaringane frå BU-programmet, men i sterkare grad vere retta inn mot lokale sentrum-periferidimensjonar i tilhøvet mellom bygd og kommunesenter. Med unntak av bygdene frå Eid kommune kan ein seie prosjektet har blitt målforskyve i retning av det meir generelle BU-programmet. I rapporten vert det tilrådd at fylkesnivået i Sogn og Fjordane byggjer vidare på erfaringane frå BU-programmet og innarbeider den statlege småsamfunnssatsinga i ei vidareføring av det.</p>			
PRIS	ISSN	ANSVARLEG SIGNATUR	
kr 180,-	0806-1688	Kjell Henden, Dekanus, avd. for økonomi og språk	
	ISBN 82-466-0068-0		

Forord:

Denne studien av Bygdeutviklingsprogrammet i Sogn og Fjordane og prosjektet Levande bygder har HSF gjennomført på oppdrag av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Bakgrunnen var ein trong for gjennomgang og oppsummering av eit tiltak som har vore i drift i over 10 år.

HSF var mellom anna interessert i å gjennomføre dette oppdraget fordi vi også har ansvar for eit prosjekt i Regionalforskningsprogrammet i regi av Norges forskningsråd. Tema for prosjektet er utforminga av regionalpolitikken på regionnivået, og det er klar overlapping mellom prosjektet og denne evalueringa.

Målgruppa for rapporten er i første rekkje tilsette hjå oppdragsgjevar og andre på fylkesnivået med ansvar for nærings-, tiltaks- og utviklingsarbeid. Det er likevel eit mål å forsøke også å treffe ei vidare målgruppe av personar som har vore involverte i, eller som er interesserte i, bygdeutvikling meir generelt.

Rapporten byggjer på ei rekkje intervju med personar på fylkes- og bygdenivået i Sogn og Fjordane. Høgskulen og forfattaren takkar alle informantane for lærerrike og trivelege samtaler.

Sogndal, april 2002

Øyvind Glosvik

Førsteamanuensis, Dr.polit.

Innhald:

	Side
Registeringsside	1
Forord	2
Innhald	3
Figurar	4
Tabellar	4
Samandrag - tilrådingar	5
1. Ein studie av eit program og eit prosjekt	13
1.1 Oppdraget - ei evaluering	13
1.2 Problemstillingar - operasjonisering	14
1.3 Teoretisk rammeverk	17
2. Bygdeutviklingsprogrammet og prosjektet Levande bygder	18
2.1 Kva er Bygdeutviklingsprogrammet i Sogn og Fjordane	18
2.2 Kva er prosjektet Levande bygder?	23
2.3 BU-programmet ein suksess det er vanskeleg å måle seg mot?	31
3. Nokre smakebitar av arbeidet i prosjektbygdene	33
3.1 Prosjekt i regi av Levande bygder	33
3.2 Prosjekt og bygder i regi av Bygdeutviklingsprogrammet	40
3.3 Nærmiljøutvikling - lokalsamfunnsutvikling?	49
4. Kva er bygdeutvikling?	51
4.1 Kva meiner bygdeutviklarane det er?	51
4.2 Erfaringar og råd frå bygdeutviklarane	56
4.3 Kvifor fungerer bygdeutviklingsprogrammet?	61
5. Erfaringar med kommunenivået	64
5.1 "...då fekk kommunen eit problem"	65
5.2 Kommunehuset sett frå bygdene	67
5.3 Metakommunikasjon mellom kommune og bygd?	69
6. Fylkesnivået som utformar og iverksetjar	71
6.1 Fylkesnivået som ramme for program og prosjekt	71
6.2 Nasjonale og regionale utfordringar	77
6.3 Har BU-programmet framtida bak seg?	83
7. Bygdeutvikling som nettverksbygging og læring	86
7.1 Nettverksbygging i bygdeutviklingsprogrammet	88
7.2 Lærande bygder?	96
7.3 Læring og nettverk i bygdeutviklingsarbeid	101
Kjelder og tilvisingar	108
Vedlegg	112

Figurar:

3.1	Levedyktige bygder - Eid	29
7.1	Utviklingsmiljø og nettverk i bygdene	89
7.2	Fire samanhengar mellom interne og eksterne nettverk	97

Tabellar:

7.1	Bygdemинnet - kva vi vil endre og kva vi vil take vare på	93
7.2	Prosessar som endrar bygda	95
7.3	Læringsresultat som styrer bygda i ettertid	96

Oppsummering og tilrådingar:

Denne evalueringa av Bygdeutviklingsprogrammet og prosjektet Levande bygder er gjennomført på oppdrag frå Fylkesmannens landbruksavdeling i Sogn og Fjordane (FMLA). Føremålet har vore å rette søkelys på mobiliseringsprosessar og organisering av utviklingsarbeid på bygde-, kommune- og fylkesnivået.

Bygdeutviklingsprogrammet vart sett i gong i 1992. Til saman 18 bygder ha vore innom programmet. Prosjektet Levande bygder har utspring i fylkesplanen for Sogn og Fjordane i perioden 1997-2000. Sju bygder har delteke i prosjektet.

BU-programmet er ein mobiliseringsstrategi

Initiativet til programmet kom opphavleg frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, men det er blitt gjennomført og leia av (FMLA). Kjernen i Bygdeutviklingsprogrammet er ei mobilisering på bygdenivået, der kvar bygd får tilført 240 –250 000,- over tre år. 60 000,- kjem frå kommunen, resten er midlar frå jordbruksavtalen. Kva vert midlane nytta til?

- A) Erfaringane syner at BU-midlane i stor grad vert nytta til det vi kan kalle nærmiljøtiltak og lokalsamfunnsutvikling i brei meining. BU-programmet er i sjeldan grad nedanfrå-opp-orientert utviklingsarbeid der kvart prosjektstyre i bygdene står svært fritt til å nytte midlane til det bygda sjølv definerer som utviklingstiltak.

Sjølv om kommunane skal slutte seg til og delta i kvart prosjekt meiner vi det er rett å forstå bygdene aktivitetar som sjølvstendig eigenutvikling like mykje på tross av som på grunn av kommunalt engasjement. Slik sett representerer BU-programmet det som i distrikts- og regionalpolitikken vert kalla mobiliseringsstrategien. Ved å utnytte dei små lokalsamfunna sine konkurranseføremoner knytt til identitet, oversyn og medverknad kan ein realisere nærmiljøtiltak som i neste omgang legg grunnlag for arbeidsplassar, optimisme og tilbakeflytting.

LB-prosjektet del av ein oppdemningsstrategi

Dette er også noko av bakgrunnen for prosjektet Levande bygder, som Sogn og Fjordane fylkeskommune også tok initiativ til i 1994 og FMLA har gjennomført. Den dåverande planavdelinga meinte mobiliserings-strategien i BU-programmet var vellukka som lokalutvikling, men for svakt kopla til kommunale strategiar for utvikling av dei same bygdene. Slik sett heng prosjektet saman med oppdemningsstrategien i distrikts- og regionalpolitikken. Den inneber å byggje opp sterkare sentra som kan fange opp fråflytting ved å tilby meir kunnskapsbaserte og spesialiserte tenester. Prosjektet Levande bygder skulle rette søkelys på bygdene i samspel med sentra. Slik fekk likna prosjektet på BU-programmet, men det fekk ein ekstern dimensjon i tillegg. Prosjektbygdene skulle ikkje berre drive eigenutvikling, dei skulle sjå utviklinga i lys av næraste større senter.

Mellom dei sju prosjektbygdene er det berre i Eid kommune og dei fire bygdene i Eid kommune det kan seiast denne underliggjande

problemstillinga er ivareteken fullt ut. Gjennom den lokale operasjonaliseringa i ein eigen prosjektorganisasjon med fire deltakande bygder og representantar frå kommunen har det truleg blitt skapt eit større trykk, større merksemd og meir samordna aktivitet som samla har sett bygdene på dagsorden i kommunen. Dei tre andre bygdene i prosjektet har ikkje dermed gjort dårlegare arbeid, men det er rettare å sjå aktivitetane der som mobilisering og lokalt utviklingsarbeid i tråd med BU-programmet generelt.

Opphavleg låg det i LB-prosjektet ein ide om å take i bruk det kommunale planleggingssystemet for å utvikle kommunale bygdeutviklingsstrategiar. Dette er eit perspektiv som ikkje er blitt ivareteke. Grunnane kan for det første vere at FMLA som iverksetjar ikkje har særleg kompetanse innan dette feltet. Her har ein vore meir oppteken av det lokale sentret som mogeleg marknad for bygdene varer og tenester. For det andre kan LB-prosjektet av mange ha blitt forveksla med BU-programmet og for det tredje har neppe sjølve organisasjonsforma med vekt på lokal mobilisering gjennom eit bygdestyre vore den mest formålstenlege for å fremje slike problemstillingar. Difor kan vi seie at:

- B) Prosjektet Levande bygder kan med unntak av bygdene i Eid seiast å ha blitt målforskyve i retning av BU-programmet i iverksetjingsfasen.

I programsamanheng framstår det to mogelege alternative måtar å arbeide med slike problemstillingar: I alle BU-bygdene og i fleire av del-prosjekta i bygdene ligg det klare sentrum-periferidimensjonar det hadde vore mogeleg å løfte fram og finansiere særskilt med dei midlane som vart nytta i LB-prosjektet. Ein kunne med andre ord gjennomført "eit program i programmet". Det gjer ein i praksis i BU-programmet ved at andre programsatsingar vert kopla til BU-bygdene. LB-prosjektet går på sett og vis forbi kommunane og rett til bygdene med problemstillingar kommunen må delta i handteringa av. Dersom utvikling av kommuneplanlegginga og kommunale bygdestrategiar var hovudføremålet har det ikkje vore formålstenleg å knyte iverksetjinga så sterkt til bygdenivået. Ein kommune – td. Eid – kunne fått midlane til fordeling mellom eigne bygder under føresetnad av tett kopling til kommuneplanarbeidet. På det viset ville ein vunne erfaringar til nytte både for fylkesnivået og kommunane sitt arbeid med å iverksetje ein oppdemningsstrategi.

Begge modellane kunne ivareteke problemstillingane fylkeskommunen var oppteken av då dei lanserte LB-prosjektet.

Bygg vidare på BU-programmet

I punkta ovanfor ligg det ein bodskap om at fylkesnivået kanskje bør vere noko varsam med å utvikle og marknadsføre for mange program og tiltak retta mot bygdene og kommunane på ein gong. Dette medfører at mykje tid og ressursar lokalt går vekk til å forhalde seg til dei utspela fylkesnivået gjer. BU-programmet har gjennom 10 år blitt bygd opp som ein institusjonell struktur med legitimitet og erfaring fylkesnivået bør nytte vidare i mobiliseringsarbeidet på bygdenivå. BU-programmet vert oppfatta som eit positivt tiltak i bygdene, og FMLA synest å ha utvikla ein

iverksetjings- og styringsteknologi som treff bygdene på heimebane. Dette bør takast vare på, og det framstå tre naturlege måtar å gjere det på:

- C) Staten har i siste regionalmelding signalisert ei småsamfunnssatsing retta inn mot utkantar som ikkje naturleg soknar til eit regionalt senter. Det er gjennomført pilot- og forsøksprosjekt som skil seg noko frå BU-programmet, men det er truleg formålstenleg at ein i Sogn og Fjordane byggjer vidare på erfaringane med BU-programmet og innarbeider småsamfunnssatsinga her, heller enn å utvikle heilt nye tiltak.
- D) Staten har også signalisert at fylkeskommunane skal spele ei sterkare regionalpolitisk rolle gjennom ansvaret for utvikling og iverksetjing av såkalla regionale utviklingsprogram (RUP). BU-programmet kan godt gå inn som eit element i fylkeskommunens regionale utviklingsprogram. På den måten får ein teke vare både på dei erfaringar som ligg i den institusjonelle strukturen og i den marknadsføringsverdien eit program over 10 år har bygd opp.

Professor Jørgen Amdam har i eit innspel til fylket kasta fram tanken om at ulike typar tenester og tilbod i småsamfunn bør kunne ytast og produserast på andre måtar enn det som vanleg er. Innspelet til Amdam må sjåast i lys av ein mobiliseringsstrategi for bygdene som ikkje er alternativ, men ei utfylling av ein oppdemningsstrategi for regionale sentra. Amdam spør mellom anna om alternative modellar for tenesteyting kan fungere som proaktive svar frå bygdene mot sentraliseringspresset som undergrev dei. Spørsmålet er om BU-programmet kan spele ei rolle her. Skal det, må ein i sterkare grad styre innhaldet i programmet i slike retningar enn tilfellet er i dag. Vidare vert det naudsynt å følgje opp dei bygdene som har vore gjennom programmet. Etablerte fleirbrukshus, folkebutikkar og liknande må sjåast som ein infrastruktur som må takast vare på, utviklast og vedlikehaldast:

- E) BU-programmet kan nok fungere som ein idéspreiar og mobilisere rundt idear om alternative former for tenesteyting på bygdenivået, men det er ikkje gjeve at programstrukturen slik han fungerer i dag høver for det tunge arbeidet som er knytt til detaljerte utvikling og drift av slike sambrukseiningar som Amdam har gjort framlegg om.

Punkta ovanfor peikar i retning av meir styring av innhaldet i BU-programmet. Dette må likevel vegast mot dei trekka ved programmet som gjer at det fungerer i dag.

Kvifor fungerer BU-programmet?

Vi har sagt at programmet i sjeldan grad er nedanfrå-opp-orientert i meininga at bygdene reelle innverknad er svært stor. Dette er likevel også nøkkelen til kvifor programmet fungerer. BU-programmet dreier seg om mobilisering, men det synest som om deltaking først og fremst utfordrar eit mindre miljø av aktivistar og eldsjeler som driv fram arbeidet på

bygdenivået. Aktivitetsnivået kan i periodar vere svært høgt, og deltaking slit på kjernetroppane av folk som i regelen har anna arbeid. Difor går det ei grense for kor ofte og kor lenge slikt dugnadsprega arbeid kan gjennomførast i bygd. Bygder som over tid klarar å halde eit høgt aktivitetsnivå endar i eit dilemma der dei enten må gå over til ei eller anna form for profesjonell drift, eller å senke aktivitets- og ambisjonsnivået. Dei lokale prosjektstyra har i regelen ei klar oppfatning av at prosjektresultat skal forankrast i andre organisasjonar eller einingar enn prosjektstyret sjølv. Likevel er det grunn til å spørje om ikkje BU-programmet også burde rette sterkare søkelys på sjølve prosjektstyra, bygdestyra eller den eller dei eldsjelene som driv det lokale arbeidet, slik at sjølve dugnadsorganisasjonen ikkje forvirrar etter at programdeltakinga er over. Dette har noko med lærande bygder å gjere:

- F) I etterkant av deltaking i BU-programmet burde det i kvar bygd vere etablert ein fungerande utviklingsorganisasjon, ei verksemd, ein formell struktur til kommunen eller på anna vis eit sosialt system som over tid ivaretek bygdas interesser. Det bør difor vere ope for at ressursar frå BU-programmet vert nytta til slik institusjonsbygging og ivaretaking på bygdenivået.

Det er ikkje viktig korleis ein slik organisasjon eller struktur ser ut, det viktige er at bygda meiner den kan fungere for dei. Dette har også med eit anna viktig punkt å gjere. BU-programmet vert av bygdestyra oppfatta som bra fordi dei små midlane vert gjevne til bygdene kjem "frie" og knappast utan sterke vilkår knytt til bruken. Dette vert oppfatta som svært positivt, og det utfordrar til ei svært nøysam hushaldning. Men ikkje minst set det bygdene i stand til sjølve å kunne delfinansiere tiltak dei meiner er viktige. Det gjev dei ei positiv og styrka rolle i høve andre finansieringskjelder dei er avhengige av:

- G) At BU-midlane vert gjevne frie og stort sett utan strenge vilkår motiverer og utfordrar på positive måtar. Det å bli synt tillit fører til at bygdene hushaldar svært strengt med BU-midlane og får mykje ut av dei. Ein bør vere varsam med å knyte for mange vilkår til bruken av midlane, sjølv om det klart representerer eit dilemma med tanke på utvikling av BU-programmet som iverksetjingsinstrument for fylkesnivået (C, D, E).

Søkjartalet går ned – endre opptakskriteria?

Heilt frå oppstarten har programmet bygd på ein ide om at konkurranse mellom bygder om å bli tekne opp skulle fremje gode modellar og førebilete for lokalutvikling. Seinare synest ideen å ha blitt utvikla i retning av at bygder kan ha godt av å mognast i køen før dei vert tekne opp. Dei samla midlane til rådevelde er heller ikkje store nok til at mange bygder kan delta samstundes. Det er også utvikla tiltak som kanskje fyller noko av etterspurnaden etter programmet (områdetiltak). Søkjartala til BU-programmet har uansett grunn gått nedover. Spørsmålet er om dette burde bety så mykje. For det første kan ein sjå det som positivt at ein er i ferd med å nå eit naturleg tilbod/etterspørselsnivå. For det andre kan ein sjå den samla

"Levande bygdeutvikling?"

lista over bygder som har søkt som ein ressurs det er mogeleg å utnytte på nye måtar. Det er mogeleg å gå attende og tilby tidlegare søkjarbygder å delta. Det er også mogeleg å tilby tidlegare bygder å delta på nytt. 10 år kan vere lang tid. Dette kan vere eit viktig poeng dersom BU-programmet får eit noko anna innhald gjennom småsamfunnssatsinga og regionale utviklingsprogram.

- H) At søkjartala går ned treng ikkje bety at BU-programmet har utspelt si rolle. Tidlegare søkjarbygder bør stimulerast til å søkje på nytt. FMLA kan også vurdere å gå rett til bygdemiljø og tilby deltaking. Ein bør også vurdere å opne programmet for bygder som har vore gjennom programmet tidlegare.

Det finst eit stort tal bygdeutviklingslag i fylket. Det syner også at potensialet burde vere tilstades for ulike former for deltaking i programmet. Kanskje vert full deltaking over tre år for omfattande for mange bygdelag? Bør det vurderast å opne for deltaking i mindre skala slik at relativt nystarta lag til dømes kan konsentrere seg om eit mindre tal prosjekt i ein første fase og deretter kunne komme attende med meir omfattande søknader ved seinare høve?

Kommunane si rolle i BU-programmet

Tilhøvet mellom BU-bygdene og kommunen varierer frå svært godt og tillitsfullt til nærast ikkje-eksisterande, uavhengig av kva formelle krav FMLA og programstyret stiller til kommunal medverknad. I første fase var det eit delmål i programmet at landbruksforvaltninga skulle trekkjast inn saman med næringssjef/næringskonsulent. Det verkar då også som om landbruksforvaltninga på kommunenivå stort sett har spelt ei positiv og oppmuntrande rolle i høve BU-bygdene. Slik innhaldet i programmet etterkvart har utvikla seg i retning av generell nærmiljø- og lokalsamfunnsutvikling er det likevel eit spørsmål om landbruksforvaltarane generelt er dei som alltid bør vere dei kommunale representantane i lokale prosjektstyre:

- I) Dersom programmet i framtida vert vinkla mot tenesteyting og nærmiljø meir enn landbruksutvikling (som det er lite nok av i dag), kan det vere naturleg å utvikle andre samarbeidsordningar med kommunane enn gjennom lokal landbruksforvaltning si deltaking i prosjektstyret.

Generelt var det nok eit viktig poeng Levande bygder-prosjektet fremja, at ein i sterkare grad burde etterlyse dei kommunale bygdeutviklingsstrategiane. Kanskje bør ein prøve å etterleve denne intensjonen i noko sterkare grad også i BU-programmet. Det kan skje på fleire måtar, men ein av dei kan vere å oppmode og oppmuntre alle BU-bygder om vere særskilte aktive til å informere i det lokale, politiske systemet og å invitere formannskap og aktuelle hovudutval til møte i bygda.

"Levande bygdeutvikling?"

- J) Alle bygdeutviklingslag som deltek i programmet må utvikle egne informasjonsstrategiar overfor kommunale administrative og politiske organ.

BU-bygder vil på eitt eller anna tidspunkt ende i ein situasjon der tilhøvet til kommunen vert sett på spissen. Det kan dreie seg om så enkelt som misforståingar og mangel på informasjon, men også om vanskelege prioriteringskonfliktar og kommunikasjonssamanbrot mellom bygdestyre og kommuneleiing:

- K) Den sentrale BU-leiinga bør utvikle strategiar og idear om korleis dei bør gå inn og handtere konfliktar og kommunikasjonsvanskar mellom kommune og bygd. Dette kan gjerast ved at deltakarar i programleiinga eller ressurspersonar som kjenner slike problemstillingar vert bedne om å stille opp.

Det siste krev at FMLA utviklar rapporteringssystemet sitt vidare enn berre skriftleg rapportering til faste tidspunkt, til også å omfatte meir uformell og munnleg rapportering i samtaleform.

Fylkesnivået si rolle

BU-programmet representerer eit samarbeidstiltak mellom fylkeskommune og fylkesmannsembete som peikar ut over det konkrete tiltaket. Det er openbert at den koplinga som no er gjort til fylkesplanen i inneverande fylkesplanperiode er fornuftig. Det er også openbert at ei tett kopling mellom fylkeskommune og fylkesmannsavdeling i utforming og iverksetjing bygger bru over ei rekkje problem som vert skapt av skiljet mellom generell distriktsutvikling i tråd med regionalpolitikken og bygdeutvikling i tråd med landbrukspolitikken:

- L) Samarbeidet mellom fylkeskommune og fylkesmann på dette området bør halde fram. Gjennom tiltak som BU-programmet maktar fylkesnivået å byggje bru mellom ulike politikkområde som framstår som kunstige for bygdene.

Det er likevel slik at signala i forvaltningspolitikken tyder på at kommunane skal sterkare inn i forvaltninga av visse delar av bygdeutviklingsmidlane (dei som no vert forvalta av SND). Dersom dette vert røyndom, bør ei tettare kopling mellom fylkesnivået og kommunane i utforming av programma. Dersom det også er ynskjeleg å arbeide nærare med alternative tenesteytingsmodellar på bygdenivået, er også ei sterkare, kommunal deltaking naturleg.

Nettverk, læring og utviklingsarbeid

I evalueringa har vi nytta eit teoretisk perspektiv som rettar søkelys mot nettverksbygging og læring. I figuren nedanfor ser vi korleis det er mogeleg å tenkje omkring bygdeutviklingslaga/prosjektstyre og deira rolle i lys av nettverksomgrepet.

Type nettverk	Rekruttering	"Nye"	"Gamle"
Saksnettverk	"Smal" rekruttering i bygda?	"Handlingsgrupper": Flinke til å gjere konkrete ting	"Saksgrupper": Flinke til å tale ei gruppe eller ei sak ("Bondelag")
Verdinettnettverk	"Brei" rekruttering i bygda?	"Utviklingslag" Flinke til å få <u>andre</u> til å gjere konkrete ting	"Ungdomslag": <u>gjer</u> tradisjonelle ting for bygda

Her kjem jobbane/dei konkret resultatata

Fremjar program-deltaking desse?

Vi kan tenkje oss bygdas tradisjonelle "gamle" organisasjonsstruktur som delt i to. Vi finn for det første dei saks- eller gruppeorienterte organisasjonane som er i utgangspunktet representerer ei gruppe eller eit tema.

Det som særpregar dei er at dei er smale i meininga at dei aldri kan, og heller ikkje let som dei gjer det, fange bygdas fellesskap. For det andre har vi tradisjonelt hatt ungdomslaget som bygdas generalistorganisasjon med brei rekrutteringsbasis. Mange stader gjer framleis ungdomslaget ting for bygda, dei eig og driv forsamlingslokale og dei arrangerer sosiale samkome og aktivitetar av ymse slag. Desse organisasjonane står i regelen bak eit utviklingslag. Utviklingslaget utgjer slik sett eit fellesorgan som har brei rekrutteringsbasis og som representerer ein organisatorisk nyskaping og ein annan måte å gjere ting på. Det er desse konstruksjonane BU-programmet treff og stimulerer. I figuren ser vi ein fjerde type aktørar kalla "handlingsgrupper" og "nye" fordi det dreier seg om dei nye gruppene av personar som i løpet av programperioden eller satsinga har funne saman om ein ny ide, eit nytt tiltak eller ei etablering. Når vi talar om langsiktige næringsverknader av at ei bygd deltek i BU-programmet, trur vi det dreier seg om at ein person eller eit fåtal personar arbeider vidare med eit prosjekt eller tiltak som er blitt utkrystallisert. På same vis kan vi tenkje om vidareføring av tiltak og resultat generelt. Det syner seg vanskeleg å halde oppe engasjement og aktivitet over lang tid i BU-programmet, men dersom ein lukkast i å knyte eit mindre tal personar til eit utval idear, tiltak eller satsingar, så lever det vidare. Dei konkrete resultatata, eller endå meir konkret, arbeidsplassar og sikring av arbeidsplassar gjennom omstilling kjem då dersom nokon annan enn Bygdeutviklingslaget eller grendelaget har fatta interesse og arbeider vidare med det som vert utkrystallisert i sjølve programmet og den mobiliseringa som skjer i forkant eller i løpet av programdeltakinga.

Utviklingslag og liknande kan vi kalle organisatoriske uttrykk for at eit nettverk av bygdefolk og organisasjonar i bygda på bakgrunn av felles verdiar finn saman. Rekrutteringsgrunnlaget er breitt, og det er ideane om fellesskap, ytre trugsmål og trongen for ny meiningsdanning som er basis for fellesskapet.

"Levande bygdeutvikling?"

På den andre sida kan vi tale om tale om mange saksnettverk i ei bygd. Kvant av dei vil ha eit smalare rekrutteringsgrunnlag, det vil vere felles interesser knytte til ein aktivitet, eigarskap osv. som vil vere styrande for nettverket, men det er viktig at slike nettverk vert stimulerte:

M) Langsikte, konkrete resultat av bygdeutviklingsarbeid ser vi truleg dersom saksnettverka fungerer over tid i ei bygd.

Når vi ser slike saksnettverk vert etablerte og lever vidare etter programperioden er over, kan vi seie at bygda lærer i ei kollektiv meining. Dersom ein etablert utviklingsstruktur i meininga utviklingselskap, eit sosialt fellesskap og/eller positive, mentale modellar om bygda som ein god stad å leve dominerer etter at programperioden er over, kan vi også seie at bygda held fram med å lære.

1 Ein studie av eit program og eit prosjekt

Dette er ein studie av Bygdeutviklingsprogrammet i Sogn og Fjordane og prosjektet Levande bygder. Bygdeutviklingsprogrammet vart sett i gang i 1992 då dei fem første bygdene vart teke opp i eit tiltak som gått sidan. Til saman 18 bygder har vore innom programmet. Levande bygder er eit prosjekt med utspring i fylkesplanen for Sogn og Fjordane i perioden 1997-2000. Sju bygder har delteke i prosjektet, tre i tre kommunar og fire i eit samarbeid i den same kommunen.

Dette er ei søge om programmet og prosjektet.

1.1 Oppdraget - ei evaluering

BU-programmet er finansiert gjennom bygdeutviklingsmidlar forhandla fram gjennom jordbruksavtalen. Dei skal fremje lønsam næringsutvikling i og i tilknytning til landbruket, men finst i praksis tilgjengelege i to former. Gjennom Statens nærings- og distriktsutviklingsfond kan einskildaktørar søkje om støtte til tiltak i eigen regi. Tidlegare vart desse midlane forvalta av det einskilde Fylkeslandbrukskontor, seinare fylkesmannens landbruksavdeling. I skrivande stund (februar 2002) har regjeringa signalisert at den vil kommunane i framtida skal forvalte desse pengane.

Ein annan del av midlane har vore forvalta av fylkeslandbruksstyresmaktene til meir generelle tilretteleggingstiltak som legg tilhøva til rette for næringsutvikling i lokalsamfunn. Denne delen av bygdeutviklingspotten vert i stor grad samordna og styrt gjennom fellesorgan på fylkesnivået og også sett i samband med andre midlar tilgjengelege for distrikts- og regionalutvikling. Bygdeutviklingsprogrammet i Sogn og Fjordane er eit tiltak som stammar frå denne generelle delen av pengepotten. Kvar bygd som deltek i programmet har fått 240 000,-/250 000,- over tre år. 60 000,- av desse frå kommunane sine, resten frå bygdeutviklingsmidlane. I tillegg er andre midlar under BU-programmet forvalta av fylkesnivået til fellestiltak.

Omfanget av Levande bygder var noko mindre. Bygdene i Eid kommune fekk samla kr. 255 000, Viksdalen kr. 155 000, Haukedalen kr. 135 000 og Norane kr. 80 000. Samla vart det løyvd 700 000,- fylkeskommunale midlar til Levande bygder.

Bygdeutviklingsprogrammet starta i 1992 og står våren 2002 framfor ny utlysing. Etter 10 år har det vorte reist spørsmål om trongen for ein gjennomgang og ei evaluering av programmet. Levande bygder skal avsluttast juli 2002.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/Landbruksavdelinga (FMLA) tok hausten 2001 kontakt med Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF) med spørsmål om gjennomføre ei evaluering av Bygdeutviklingsprogrammet i Sogn og Fjordane og Prosjektet Levande bygder¹.

¹ Brev 01/2140-14/512.1/ENE (19.10.2001 og 14.11.2001 frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til Høgskulen i Sogn og Fjordane)

1.2 Problemstillingar - operasjonisering

HSF skulle rette søkelys mot desse overordna problemstillingane: Kjernen i Bygdeutviklingsprogrammet er først og fremst ei bygdemobilisering. Målet er å utvikle livskraftige lokalsamfunn med overlevingsevne. Gjennom programmet skal ein få folk til å delta i ein prosess som avklarar eigne ressursar og som mobiliserer for å take desse i bruk. *Evalueringa skal rette søkelys på slike prosessar, med særleg vekt på korleis prosjekt er blitt gjennomført i prosjektbygdene, i kommunane og i/av FMLA.* Som ein del av evalueringa skal HSF vurdere moglege justeringar i opplegg og gjennomføring, særleg sett i lys av andre satsingar og tiltak for bygdeutvikling som er i gang, eller som er under planlegging på nasjonalt- og fylkesnivå. Evalueringa skal munne ut i tilrådingar og framlegg om justeringar for neste periode med bygdeutviklingsprogram i Sogn og Fjordane.

Medan Bygdeutviklingsprogrammet har bakgrunn i den nasjonale landbrukspolitikken er prosjektet Levande bygder i utgangspunktet knytt til fylkesplanperioden 1997-2000, og målet er å *sette søkelys på samspellet mellom bygd og tettstad.* Det ligg ein lokal sentrum-periferi-dimensjon i prosjektet som - mellom anna - skil det frå bygdeutviklingsprogrammet. Målet med evalueringa er å vurdere om debattar om samspel mellom bygder og sentrum er sett i gong i prosjektbygdene. Kan det sporast endringar i haldningar - kva har i så fall bidrege til dette? Vidare skal evalueringa vurdere organisering og gjennomføring på bygdenivå, i kommunar og rolla til prosjektleiinga. Evalueringa skal også rette søkelys på graden av kommunalt engasjement i prosjektet Levande bygder.

Dei ulike problemstillingane og spørsmåla ovanfor er relativt generelle og opne. Desse har blitt operasjonisert til deltaljspørsmål i intervjuguidar. Svar og moglege tilnærmingar til svar vert i rapporten presentert som breiare tema slik:

I kapittel to vert BU-programmet og prosjektet Levande bygder presentert og drøfta i ein overordna kontekst, der utforming, mål, organisering, innhald og iverksetjing vert drøfta *generelt*. I dette kapitlet er det dei *prosessane som skapte og gav liv til programmet og prosjektet* som organiserte aktivitetar på fylkesnivå som er i søkelys. Problemstillingar knytte til sentrum-periferidimensjonen er drøfta her.

I kapittel tre er det arbeidet i prosjektbygdene som er i søkelys. Her er det *organisering og innhald* i aktivitetane i bygdene som vert presentert. Medan kapittel to forsøker å seie noko om korleis desse tiltaka ser ut som prosessar på fylkesnivået, er kapittel tre eit forsøk på å skildre korleis dei same tiltaka ser ut på bygdenivået.

I kapittel fire er det erfaringar frå grasrotarbeidet, mobilisering og gjennomføringa som vert drøfta. Her er det ikkje bygda, men *bygdeutviklarane* som talar. Søkelyset er på dei eldsjelene vi finn i bygdestyrer, prosjektstyrer og grendelag som faktisk gjer jobben med å gjere måla ein utformar på fylkesnivået til røyndom.

Kapittel fem handlar om erfaringar bygdene gjer med *kommunane*, og det motsette - kva erfaringar kommunane gjer med bygder som deltek i slike aktivitetar.

I kapittel seks er vi attende til fylkesnivået. Her er søkelys på aktivitetar og prosessar mellom dei *aktørane* som utformar og set i verk programmet og prosjektet. Søkelys er på fylkesnivået som ramme for slike tiltak som dette.

Kapittel sju er delvis delvis ein presentasjon og analyse av program og prosjekt som nettverksbygging og delvis ein teoretisk drøfting av slike aktivitetar på bygdenivå som læringsprosessar. Det overordna spørsmålet dette kapitlet handlar om er institusjonalisering og vidareføring av erfaringar bygdene gjer.

Datagrunnlaget

I lys av problemstillingane har det vore naturleg å gjennomføre ei prosessevaluering. FMLA ynskte å gjennomføre ei vurdering av organisering og arbeidsmåtar på fleire nivå: Prosjekt-, kommune- og fylke. Dette tolka vi som eit ynskje om å få gjennomført ei innhenting, systematisering og analyse av *erfaringar* som aktørar og forvaltnings-einingar samlar seg når dei set ut i livet slike tiltak som dette. I eit slikt perspektiv har det vore naturleg å nytte følgjande typar data:

- a) Ein *gjennomgang* av skriftleg materiale frå tiltaka; målformulerande dokument, prosjektrapportar, møtoreferat og anna relevant skriftleg informasjon. Fylkesmannens landbruksavdeling har i rikt monn stilt slikt materiale til rådvelde. Bygdelagas heimesider også har blitt nytta som datakjelde.
- b) Oppsummerande og *erfaringsorienterte* intervju med eit utval sentrale aktørar i program og prosjekt; og eit utval representantar for bygdelag, kommunar og forvaltning. Følgjande personar er intervjuar: Lars Hustveit, Trond Sundby, Rasmus Felde, Egil Nestande, Oddveig Birkeland, Geirmund Dvergsdal, Astrid Grete Torheim, Ellen Njøs Slinde, Jarle Skartun, Kristen Hundeide, Jon K.Lyngstad, Anne Osland, *Jan Eide, Jostein Gilleshammer, Rønnaug Leite* og Leif Inge Underdal. Intervjua med informantane i kursiv vart gjort i fellesintervju. Intervjua vart skrivne ut og analyserte. Bandopptakar vart ikkje nytta. Under intervjua vart det nytta delvis strukturerte spørjeskjema. Roar Amdam har også gjeve nyttig informasjon over telefon.
- c) Andre evalueringar gjennomføre i samband med bygdeutviklingstiltak i Sogn og Fjordane. Her vert det synt til referansar i teksten.
- d) Ei fjerde form for data dukka opp undervegs i prosjektet. Ved å delta i møte i regi av prosjektleiinga for Levande bygder og programleiinga for BU-programmet fekk eg tilgang til data gjennom presentasjonar og innlegg deltakarar frå bygder, forvaltninga og andre innleiarar heldt. Notat vart gjort under desse presentasjonane. Observasjonar og notat under debattane synte seg å bli ei interessant kjelde til forteljiinga om programmet og prosjektet. Det vart ein slags deltakande observasjon. Presentasjonar frå følgjande personar er i større og mindre grad nytta som datakjelde: Leif Helge Kongshaug, Alf Støfring, Per Ingolv Nygård, Lorentz Hjelle, Britt Grimelid Menes, Harald Vik, Amund

Hjelle, Olav Grov, Christian Rekkedal, Siw Heggedal Longvastøl, Per Magne Bell, Ragnar Storvoll og Per Arne Tveit.

Framgangsmåte

I evalueringa er det lagt vesentleg vekt på erfaringar og problemstillingar aktørane *sjølve* reiser under intervju. Prosjektet har gått ut på å *beskrive og tolke* program- og prosjektdeltakarars handlingar og meiningar med handlingane. Eg har vore interessert i det relasjonelle og det prosessuelle ved åferda eg observerte i programmet og prosjektet.

Arbeidet kan også kallast ein *case-studie*. Det er ikkje alltid like enkelt å forklare kva det er, men lettast er det å seie at ein forsøker å studere eit fenomen der grensene kan vere uklare og overlape andre samfunnsfenomen. Eit døme: BU-programmet kan definerast ut frå den ramma av offentlege pengar og forvaltningseiningar som handterer desse, men det er berre ei side av saga. I bygdene gjev ikkje ein slik definisjon mykje meining. Der er BU-programmet noko anna. Gjennom case-studien forsøker vi å fange og framstille fleire sider av fenomen som dette. Slik sett kan ein også kalle denne rapporten ei *søge* om om noko ei gruppe personar i Sogn og Fjordane kallar Bygdeutviklingsprogrammet og Levande bygder. Det er ei historie eg forsøker å fortelje i rapporten, og denne historia er sett saman av delane av historiene til alle dei eg har snakka med og delar av dei presentasjonar eg har høyrte.

Det er sjølv sagt at ein gjennom ein slik metode ikkje fortel den *einaste* saga om det ein studerer. Det er heller ikkje den *endelege* saga om program og prosjekt. Det vert sagt at ein case-studie er du ferdig med når den siste informanten du intervjuar ikkje fortel deg noko nytt. Dette punktet er eg ikkje nådd - på langt nær. Andre kan fortelje fleire og lengre historier om BU-programmet.

Rapporten fortel altså ikkje den endelege saga. Kva gjer den då? Eg ser på den som ein uferdig mosaikk sett saman av småbitar av informasjon som forsøker å fortelje avgjerdestakarar og iverksetjarar noko om arbeidet dei gjer, vidare forsøker rapporten å setje idear og kunnskapsbitar i relasjon til andre ting som skjer innanfor den røydomen tiltaka vert sett i verk. Men sjølv om mosaikken er ikkje er lagt ferdig, kan vi kanskje ane nokre mønster her og der. Rapporten peikar på nokre renningar i dette mønsteret.

Kvifor denne framgangsmåten? Det er for det første for å gjere sjølve evalueringa *fagleg utfordrande og interessant*. For meg ligg det eit lite forskingsprogram i seg sjølv å nytte data frå Sogn og Fjordane som seinare skal danne grunnlag for teoretisk bearbeiding og presentasjon i eit samfunnsvitskapleg forskarsamfunn. Data i den samfunnsvitskaplege meininga er ikkje noko sjeldant eller vanskeleg tilgjengeleg. Ein treng ikkje dyre instrument for å sjå dei - det er berre å snakke med folk, bruke augo og øyrene. Slik sett representerer ei evaluering som dette eit godt høve til å samle interessante data.

For det andre inngår dette arbeidet som eitt av fleire case i ein studie HSF gjer gjennom *Regionalforskningsprogrammet*. Hovudmålet med det prosjektet er å beskrive og analysere rolla det regionale nivået spelar i utforminga og iverksetjinga av norsk regionalpolitikk. Spesielt er vi opptekne av kva verknader dei institusjonelle endringane i regionalpolitikken har hatt på regionnivået. Delmål er å studere samhandlings-

mønster og samordning i regionane, å beskrive variasjonar i regionalpolitiske nettverk, og å analysere effektane av slik variasjon på politikkinnhald og regionalpolitiske prosessar. Problemstillingane knytte til evaluering av BU-programmet og Levande bygder høver godt inn som del av ein slik større studie.

1.3 Teoretisk rammeverk

I ein rapport som dette er ikkje den teoretiske bearbeidinga det viktigaste. I regelen er også oppdragsgjevarar berre så måteleg interessert i det teoretiske grunnlaget evalueringa byggjer på. Likevel kan det vere rett å understreke at bak datainnsamlinga og bearbeidinga av data ligg det ein interesse for *læringsteori* og *nettverksteori*. I rapporten kjem dette til syne først og fremst i kapittel sju. Svært kort kan vi seie at dei teoretiske problema som ligg bak interessa for evalueringa kan framstillast slik:

Både 'nettverk' og 'læring i organisasjonar' er tema som har fått mykje merksemd dei seinare åra, både i praktisk organisasjonsarbeid og i teoretiske resonnement om organisasjonsfenomenet. Drøftingar av moglege *samband* mellom felte er det likevel mindre av (Lane 2001: 711). Samstundes er det også langt mellom studiene av læring *mellom* organisasjonar - uavhengig av om ein nyttar nettverksomgrepet eller ikkje - og særskilt læring i og mellom offentlege (politiske) organisasjonar og organisasjonseiningar (LaPalombara 2001:137), sjølv om visse idear er presenterte i den norske litteraturen på feltet (Glosvik 2000).

Som ein forstår vil vi også kunne bruke data frå evalueringa av BU-programmet og Levande bygder i ein teoretiske samanhengen. Dei som ikkje er interessert i slikt kan hoppe over kapittel 7.

2 Bygdeutviklingsprogrammet og prosjektet Levande bygder

2.1 Kva er Bygdeutviklingsprogrammet i Sogn og Fjordane?

Ideen kom frå Fylkeskommunen

Ideen til det som vart heitande Bygdeutviklingsprogrammet i Sogn og Fjordane kom i 1991 frå Lars Hustveit som arbeidde ved det som då heitte Næringsseksjonen i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Den opphavlege ideen var å leite etter løysingar som kunne motverke sentralisering og spesialiseringstrekk som verka hemmande på bygdesamfunna. I første rekkje var tanken å rette søkjelys på offentlege etatsgrenser som problem for lokal utvikling. Kunne måten kommunale, statlege og fylkeskommunale einingar var organisert på skape problem for lokalt utviklingsarbeid? Ei inspirasjonskjelde var også Jostedalens deltaking i dåverande Kommunal- og arbeidsdepartement sitt *PTD-program* (privat tenesteyting i distrikta). Ei anna inspirasjonskjelde var det mobiliseringsarbeidet som skjedde i *Ølen* i Hordaland på denne tida, med ordførar Dominikus Bjordal i spissen. Var det mogeleg å få til noko liknande i Sogn og Fjordane?

På slutten av 80-talet vart det også gjennomført eit *nærmiljøprosjekt* på øyane i Flora kommune. Den lokale prosjektleiaren, Gisken Holck, var ei inspirasjonskjelde for dette arbeidet generelt i fylket. Ideane om korleis kommunal spesialisering kunne motverkast gjennom lokale tilpassingar i bygdene spreidde seg mellom anna til Næringsseksjonen i fylkeskommunen.

Ei siste problemstilling var knytt til spørsmålet om korleis landbruksforvaltninga på kommunenivå kunne trekkjast meir inn i generelt utviklingsarbeid. Ei omforming av landbrukspolitikken som også innebar sterkare kommunal innverknad på landbruksforvaltninga starta på slutten av 80-talet, og eit delmål med bygdeutviklingsprogrammet vart då også å utprøve eit nærare samarbeid mellom det kommunale tiltaksapparatet og landbruksforvaltninga. Hustveit hadde sjølv bakgrunn i denne forvaltninga og meinte at dei tradisjonelt, tette banda mellom landbruksforvaltninga og gardbrukarane burde kunne utnyttast betre i generelt, områderetta tiltaksarbeid.

Over til landbruksforvaltninga

Fylkeskommunen tok kontakt med det dåverande Fylkeslandbrukskontoret i Sogn og Fjordane om ideen. Fylkeslandbruksstyresmaktene var på det tidspunktet også byrja å tenkje på meir områderetta utvikling som ein del av den generelle landbrukspolitikken. På slutten av 80-talet byrja utviklingsmidlar i regi av Landbrukets Utviklingsfond å bli vridde noko meir over mot generelle utviklingstiltak. Midlar forhandla fram over landbruksavtalen mellom staten og organisasjonane i landbruket skulle kunne nyttast også i grenselandet mellom det som vart kalla "tradisjonelle næringar" og "nye næringar", kva no det skulle vere. Såkalla "gråsoneprosjekt" skulle støttast gjennom forsøk med kystutviklings- og

"Levande bygdeutvikling?"

bygdeutviklingsmidlar i frikommunane på næringssektoren (Vega, Hamarøy, Hadsel, Os og Rindal i perioden 1988-1991) (Glosvik 1991).

Tenkinga var ny også for fylkeslandbruksstyresmaktene i Sogn og Fjordane, og etter det informantane seier nølte nok ein også her ved mangelen på "fag" og "tradisjonell produksjon", men ikkje særleg lenge. Det var interessant, det nye òg.

Programmet er eit ektefødd born i eit ekteskap mellom den generelle distrikts- og regionalpolitikken fylkeskommunen set i verk og landbrukspolitikken som er ansvarsområdet til landbruksstyresmaktene:

"Bygdeutvikling er ein del av den nasjonal landbrukspolitikken og den generelle regional- og distriktpolitikken. Målet for distriktpolitikken er å oppretthalde hovudtrekka i busetnads-mønstrer og å utvikle robuste regionar i alle delar av landet. Fylkesplanen for Sogn og Fjordane har eit tilsvarande hovudmål: Å utvikle eit levedyktig busetnadsmonster som kan sikre ei balansert folketalsutvikling"².

På eit tidleg tidspunkt vart det teke kontakt med Møreforskning i Volda om moglege bistand og råd i arbeidet. I byrjinga var det forskar og førsteamanuensis Roar Amdam som deltok, seinare også høgskulelektor Petter Løvik frå den dåverande Distriktshøgskulen i Møre og Romsdal, Volda. Han hadde ansvaret for distriktshøgskulens undervisning i lokalt tiltaksarbeid.

På eit møte i Førde i 1991 vart det frå Møreforskning si side spelt inn idear og perspektiv henta frå det arbeidet Roar og Jørgen Amdam gjennom lengre tid hadde gjort knytt til det dei kalla *strategisk og mobiliserande kommuneplanlegging* (Amdam og Amdam 1990). Dette er ein planleggingsmodell som er sterkt prega av ei tru på - og vilje til - å trekkje vanlege folk inn i offentlege tiltak som gjeld dei sjølve. Vidare inneber metodikken å frigjere ressursar i meininga idear om tiltak, pengar og arbeidskraft som kan nyttast til å gjennomføre fellestiltak. Det er som ein dugnad, og arbeidsforma vert då også av og til kalla planlegging etter *dugnadsmetoden*. Roar Amdam hadde også leia eit forskingsprosjekt (1990-1992) med Landbrukets utviklingsfond som oppdragsgjevar, der hovudproblemstillingane var å trekkje ut erfaringar og lærdomar av bygdeutviklingsretta prosjekt og prosessar. Det er grunn til å tru at erfaringar her vart lagt til grunn for råda Møreforskning gav om organisering av programmet.

Ein kan seie at den ideologiske og metodiske ramma for Bygdeutviklingsprogrammet vart gjort gjennom samankoplinga av ideane i fylkeskommunen, pengar og interesse frå landbruksforvaltninga og metodikken frå Møreforskning. Eit anna viktig metodisk grep som truleg kom inn gjennom Møreforskning var sjølve *programorganiseringa*. Professor Jørgen Amdam ved MRDH/Møreforskning var tidleg ute med å gjere kjend ideen om å kople særskildte idear, tiltak og prosjekt saman i ein dugnadsliknande, tidsavgrensa prosjektorganisasjon (Sjå Amdam 1997 s.13-31 i Glosvik og Amdam 1997). I tankegangen ligg det at både

² <http://www.fjordinfo.no/fmsf/org/landbruk/Program/bu-pro.htm>

målformuleringar, organisering og gjennomføring av offentlege tiltak kan gjerast i eit spleiselag mellom ulike aktørar med interesser og oppgåver knytte til eit geografisk område eller eit saksfelt. Seinare har arbeidsforma også vorte innført på breiare basis i samband med næringsutvikling på fylkesnivået, både her i fylket (Glosvik og Amdam 1997) og på nasjonalt basis (Amdam 1995 og 1997). Ein var likevel relativt tidleg ute i Bygdeutviklingsprogrammet i Sogn og Fjordane, sjølv om det hadde vore gjort liknande forsøk andre stader (Glosvik og Skålnes 1990). Fylkeskommunen, fylkeslandbrukskontoret og Møreforskning kalla inn til eit motivasjonskurs i bygdeutvikling i september 1991. Målgruppa var tiltaksapparatet i kommunane og landbruksforvaltninga. I alt 55 personar deltok. Etter motivasjonskurset vart det sendt ut invitasjonsbrev til alle kommunane i Sogn og Fjordane. Dei vart oppmoda om å sende inn søknader om å få ta del i det tre-årige bygdeutviklingsprogrammet.

Det vart tidleg klart at sjølv om dette var eit spleislag mellom fylkeskommune og fylkeslandbrukskontor, skulle fylkeslandbruksstyresmaktene vere ansvarleg for gjennomføring. Kvinnekonulenten hjå Fylkeslandbrukskontoret, Kirsti Sogn, skulle vere *programkoordinator* (25% av stillinga). Møreforskning ved Roar Amdam og seinare Petter Løvik deltok som programkonulentar med ansvar for fagleg oppfølging, inspirator og rettleiar, utarbeiding av rapporteringsverktøy og evaluering (Løvik 1995).

Eit *programstyre* vart etablert, med representasjon frå fylkeskommunen, landbruksstyresmaktene på fylkesnivået, ein frå det kommunale tiltaksapparatet, ein frå landbruksforvaltninga på kommunenivå og ein representant frå prosjektbygdene. På papiret fekk programstyret omfattande oppgåver; lage programplan og skaffe finansiering, lage tids- og framdriftsplan, organisere opplæring og evaluering, tilby prosjekta ein prosess utan å styre innhaldet, syte for oppfølging og rettleiing, arrangere motivasjonskurs, velje ut prosjektbygder, setje av ressursar til programkoordinator, velje ut og samarbeide med eksterne konsulentar og involvere leiinga i dei fem kommunane.

Korleis kjem bygdene med?

I den første utlysingsrunden kom det inn tjue søknader frå tjue kommunar (frist 15. desember 1991). Søknaden skulle innehalde opplysningar om:

- Føresetnader og føremål
- Geografisk avgrensing og målgrupper
- Organisering og samansetjing av prosjektstyre
- Framdriftsplan og budsjett
- Tankar om vidareføring av resultat etter avslutning av prosjektperioden

Desse punkta vart altså nytta i samband med første utlysing i 1991, og dei same punkta går att i det skjemaet Fylkesmannens landbruksavdeling nytta for vurdering av opptak i av nye bygder i 2001.

Eit viktig trekk ved Bygdeutviklingsprogrammet er sjølv *konkurransmomentet* som ligg i søknadsprosedyren. I følgje Roar Amdam var det nett eit poeng at ein på denne måten ville plukke ut nokre *sikre*

vinnarar som kunne danne mal for andre bygder og liknande prosessar. I offentleg prosa heiter dette i dag "best practise", og ein vonar at sosiale einingar skal lære nye ting gjennom *kopiering* av framståande praktiske døme på sitt eige område.

Ideen om å plukke ut "vinnarar" er framleis levande i programmet, om ikkje på same måten som i første runde. Mellom dei tjue søknadane plukka ein ut fem bygder ein meinte var mogne nok til å gjere suksess; Fresvik i Vik, Undredal i Aurland, Bulandet/Værlandet i Askvoll, Flekke i Fjaler og Stardalen i Jølster kommune. Dei deltok i åra 1992.1993 og 1994.

I 1995 hadde programmet "pause". I 1996 var tre nye bygder tekne opp; Eldalsdalen i Gaular, Kjølisdalen i Eid og Høyanger sørside i Høyanger kommune. Frå då av skifta programmet opptakssystem. Medan ein i første runde køyrte gjennom med fem bygder, vart det frå 1996 lagt opp til ei *rullering* slik:

I 1996 kom altså tre nye bygder inn, i 1997 vart Hyen i Gloppen og Oldedalen i Stryn tekne opp. I to år var det då fem bygder med, deretter gjekk tre ut i 1998 og to nye kom inn, Fjordane i Balestrand og Ålfoten i Bremanger kommune. Sidan har det vore seks bygder med til ei kvar tid. I eitt år, 1998-1999, så mykje som sju. I 1999 vart Guddal i Fjaler og Ytre Stadtlandet i Selje kommune tekne opp, medan Oldedalen og Hyen gjekk ut. I 2000 kom Jostedalen i Luster og Oppstryn i Stryn inn, medan 1998-bygdene gjekk ut. I 2001 vart Sør-Stranda i Sandane og Feios i Vik tekne opp.

Programmet har såleis dei seinare åra funne ei form der seks bygder til ei kvar tid er inne i programmet. Dei vert så og seie rullerte inn og ut. Dette er ein interessant vri på sjølve programarbeidsforma. Intensjonen bak bruken av denne organisasjonsforma innan nærings- og tiltaksarbeid på fylkesnivået er at program skal tilpassast problem, og at sjølve spleiselagsforma skal gjere det enkelt for offentlege organisasjonar å organisere tiltak retta mot felles problemstillingar. Det er meininga program skal endrast etterkvart som tida går og nye problemstillingar eventuelt gjer det aktuelt å avslutte eit program og opprette eit nytt.

Bygdeutviklingsprogrammet i Sogn og Fjordane har på si side fått ein meir permanent karakter. Det er bygdene som rullerer, ikkje programmets innhald. Meininga var at programmet skulle gå i tre år, no har det gått i 10 år og får meir og meir preg av ein permanent aktivitet hjå Fylkesmannens landbruksavdeling. "Det har rulla og gått sidan 1991", som ein informant uttrykkjer det.

Eg sa at ideen om å plukke vinnarar framleis er levande i programmet. Slik eg har oppfatta sakshandsaminga i programstyret er avgjerdsprosessen delvis analytisk i meininga at søkjarbygdene vert vurderte i lys av kriteri i prikkpunkta ovanfor. Særleg viktig er folketal, til/fråflyttingsdata og barnetal. Delvis er avgjerda meir ein intuitiv prosess der programstyret vurderer utviklingspotensialet i bygda i lys av spørsmålet om ein opplever at bygda har eit levande miljø og syner fram ein vilje til å gjere noko med si eiga stode og si eiga framtid. Programmet har ikkje økonomi til å take opp meir enn to bygder om gongen, og dei som vert valde er dei som skårar litt meir enn andre. Det ligg i korta at programleiinga ser etter moglege pådrivarar bak søknaden - det viktige er at dei merkar at det

er folk som *vil* noko. Tordenskjolds soldatar i form av *for* profesjonelt utforma søknader vert møtt med ei viss skepsis.

Søkjartalet går ned

I den første runda i 1991 kom det inn 20 søknader, i 1996 12 søknader, det same i 1997, 1998 og 1999. I 2000 fall talet til seks og i 2001 til fem søknader. Det er nokre bygder som søker fleire gonger før dei vert tekne opp. Andre gjev opp etter eitt avslag. Hå FMLA spør ein seg om potensialet er brukt opp, om behovet for denne typen aktivitet er i ferd med å uttømmast. Ein kan også spørje om ein er i ferd med å nå eit naturleg tilbod-etterspurnadsnivå. Det vert sagt at bygdene får tilbakemeldingar i avslaga der det vert peika på korleis dei kan forbetre søknadane, og at dei er velkomne til å søkje i nye runder. Likevel er det mange bygder som ikkje søker på nytt.

Eg har ikkje intervjuar initiativtakarar som har fått avslag. Likevel er det eit klart inntrykk frå dei som *har* delteke at eit eventuelt avslag ville bli oppfatta som eit *personleg* nederlag, men også eit nederlag i form av prestisjetap i bygda. Det er grunn til å vere uroa over dette. Det er ikkje tvil om at for dei som satsar på deltaking i bygdeutviklingsprogrammet og som skapar eit lokalt grunnlag for ein søknad er fallhøgda stor. Forklaringa på det fallande søkjartalet kan vere mange. Dersom det er ynskeleg å føre programmet vidare ville eg likevel tenkt nøye gjennom lista av bygder som har søkt og fått avslag - er det mellom dei nokon som kan stimulerast til deltaking på andre måtar enn gjennom ein søknadsprosess med stort sannsyn for å tape?

Noko av grunnen til dette bør tenkjast over, er at sjølve denne ideen om å plukke vinnarar i meininga skape gode føredøme for andre bygder nok kunne ha noko føre seg i ein startfase der arbeidet var nytt og ukjend for både FMLA, bygder, kommunar, fylkeskommune og programstyre. No *har* FMLA ei portefølje av vellukka bygder, tiltak, prosjekt og arbeidsformer som kan nyttast som stimulans for andre bygder.

Eg har delteke på to samlingar i regi av FMLA, eit i Bygdeforum og eit i Forum for Levande bygder. Det har slått meg at sær dyktige og gode presentasjonar frå tidlegare BU-bygder godt kan fungere som inspirasjonskjelde og rollemodellar for nye bygder - også bygder som kanskje ikkje er over den kneika som sjølve prosjektsøkinga representerer. Men begge desse samlingane er "lukka" i meininga at dei eigentleg er til for dei bygdene som til ei kvar tid er inne i program og prosjektfasen. Bør dei vere det?

Områdetiltak

Ei ordninga med Områdetiltak kom i stand i samband med jordbruksoppgjering i 1997. Formålet med ordninga er å få ei meir samordna og målretta utnytting av ulike verkemiddel og miljøtiltak i landbruket.

Områdetiltak vert sett som ein del av den totale miljøatsinga i landbruket, der også Kvalitetssystem i Landbruket (KSL) inngår. Satsinga kan i følgje landbruksforvaltninga reknast som Lokal Agenda-21 tiltak med lokal problemløysing i fokus.

Formålet med områdetiltak er å oppretthalde eller forbetre miljøkvalitetane i vassdraga og kulturlandskapet. Områdetiltak skal betre

"Levande bygdeutvikling?"

effekten av ulike miljøtiltak og skape eit lokalt engasjement rundt miljøverdiene gjennom samarbeid om tiltak mellom grunneigarar, andre innbyggjarar og kommunen i det aktuelle området.

I Sogn og Fjordane har bygde-/ næringsutvikling òg vore med som eit sentralt tema i mange søknader. Men områdetiltak er i første rekke tilskot til miljøtiltak og søknader med vekt på kulturlandskap og vassmiljø vil bli prioriterte. Slik FMLA ser det har dei fleste av desse prosjekta fått ein overtone av "bygdeutvikling", der også sjølve arbeidsforma med eit lokalt prosjektstyre liknar mykje på tankegangen i bygdeutviklingsprogrammet. Sidan 1998 har 38 bygder/greider fått tildelt pengar til områdetiltak, mellom desse bygder som ikkje har kome med i BU-programmet.

FMLA sjølve trur det er ei grense for kor mange bygder som evnar å drive slike prosessar til ei kvar tid. Det kan godt vere slik at områdetiltak nett "stel" potensielle søkjarar frå BU-programmet, eller rettare *merksemd* frå programmet.

2.2 Kva er Prosjektet Levande bygder?

Ideen kom frå fylkeskommunen

Prosjektet Levande bygder heng saman med Bygdeutviklingsprogrammet i Sogn og Fjordane. Samstundes er det noko heilt anna. Eg skal drøfte dette noko grundig fordi det er viktig i lys av korleis fylkesnivået *generelt* fungerer som politikktutformande og iverksetjande organ. Dette er igjen viktig i ei vurdering av korleis ein *konkret* skal organisere tiltak av den typen.

Som mellomoverskrifta seier kom også denne ideen frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Prosjektet er eit sluttresultatet av ei rekkje fylkeskommunale problemstillingar som vart kopla saman.

Det heile starta ein eller annan gong i 1994.

Bygdeutviklingsprogrammet hadde då rulla og gått den første perioden. Gjennom resultatata i dei fire bygdene, gjennom organiseringa og gjennom sjølve programarbeidsforma framsto det som ein *suksess*, men ikkje utan vidare. Slik ein såg programmet frå den fylkeskommunale planavdelinga fungerte det - som ei lokal mobilisering og som ein strategi for intern styrking av dei deltakande bygdene. Det som mangla var likevel ei sterkare *kopling* mellom det som skjedde i den einskilde bygda, dei kommunale strategiane mot bygdesamfunna og samstundes bygdenes strategiar mot sentrum i eigen kommune. Dette kan vi lese ut av målsetjingane for prosjektet Levande bygder og BU-programmet: I prosjektomtalen av Levande bygder heiter det:

"Sogn og Fjordane har hatt ein svak folketalsauke dei siste åra. Internt i fylket er biletet annleis. Sentra som Flora, Førde og Sogndal har hatt ein auke medan mange kommunar har hatt ein tilbakegang. Den indre sentraliseringa er venta å halde fram. Landbruksbygder og einsidige industrikommunar tapar for sentra med meir differensiert tenestetilbod. *Utvikling av bu- og arbeidsregionar er*

"Levande bygdeutvikling?"

hovudstrategien i Fylkesplanen for å møte utfordringane i busettings- og sysselsettingsutviklinga"³ (mi utheving).

I omtalen av Bygdeutviklingsprogrammet heiter det at:

"Gjennom fleire år har utflyttinga frå Sogn og Fjordane vore større enn innflyttinga. Fylket har derfor fleire uttynningssamfunn, med kvinneunderskot og tendensar til forgubbing i mange bygder. Trendane i folketalsutviklinga tyder på ei vedvarande sentralisering med folkeauke i regionsentra og nedgang i utkantkommunane. **Bygdesamfunna** står såleis framfor store utfordringar i kampen for å overleve. Hovudmålet er å utvikle livskraftige **lokalsamfunn** med overlevingsevne, der både kvinner og menn har like moglegheiter, og der ungdom finn ei utfordrande og attraktiv framtid. Delmål er: 1) Støtte og stimulere lokalsamfunnstiltak for og med ungdom, 2) Oppretthalde og utvikle desentraliserte samfunnsfunksjonar og velferdstilbod, 3) Stimulere nyskaping og etablering av attraktive arbeidsplassar for folk med ulik utdanning og kompetanse"⁴ (mine uthevingar).

I omtalen av Levande bygder ser vi at det er den overordna planorganisasjonen sitt breiare bilete som er synleg. Dette er viktig fordi det ligg innebygd i prosjektet at *prosjekteining* eller *fokus* skulle vere dei samanhengande områda vi kallar bu- og arbeidsområde. BU-programmet på si side har utan tvil merksemda retta mot det einskilde sjølvdefinerte *bygdesamfunn*, det er det som er eining i programmet. Eining her betyr kva som står i sentrum for merksemda, kva slags analyseining ein så og seie opererer med. Sagt på ein annan måte; kva *grunnleggjande sosial og geografisk forståingsramme* det er som vert styrande for dei tiltaka som skjer i regi av program og prosjekt.

Men attende til 1994. For planavdelinga framstod BU-programmet som ein suksess på bygdenivå, men det hjalp ikkje fylkeskommunen med det som teikna til å bli ein av hovudstrategiane i ny fylkesplan (for perioden 1996-2000), samanhengande bu- og arbeidsområde.

Samstundes var sjølve programarbeidsforma under innføring i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Arbeidsforma har utvikla seg gjennom i alle fall to fylkesplanperiodar. I perioden 1996-2000 var den på plass, men i tida før drøfta ein mykje internt i fylkeskommunen i kva grad og korleis desse nye planomgrepa skulle nyttast. Her var det ein viss dragkamp mellom "dei på næring" og "dei på plan". "Næring" var meir opptekne av å organisere større aktivitetfelt som programområde der ein koordinator i fylkeskommunen eller i tett samarbeid med fylkeskommunen skulle ha eit overordna ansvar for alle aktivitetar. På "plan" var ein mindre oppteken av å utvikle denne koordinatorrolla, og var meir oppteken av å tilrå generelle retningsliner og å utvikle fylkesplanprosjekt slik ein tidlegare hadde gjort.

Resultatet av dei interne drøftingane enda likevel med at Fylkeskommunen vedtok å opprette eit *Program for utvikling av bu- og*

³ <http://www.fjordinfo.no/fmsf/org/Landbruk/Program/lev-bygd1.htm>

⁴ <http://www.fjordinfo.no/fmsf/org/landbruk/Program/bu-pro.htm>

"Levande bygdeutvikling?"

arbeidsområde . Under dette organiserte ein to programområde. Det eine fekk namnet *tettstadsutvikling* og skulle fokusere på tettstadutforming, ungdom i tettstad, fokus på kvardagsorganisering, samarbeidsmodellar for offentleg og privat tenesteyting på lågaste nivå og funksjonsdeling mellom tettstader i eit bu- og arbeidsområde. Målgruppe skulle vere tettstader som hadde ein regional og/eller kommunal funksjon. Programansvaret vart lagt til Regionalstaben.

Det andre programområdet fekk namnet *Levedyktige bygder*. Målgruppe her var bygder *utanfor* kommunesentra. Programansvaret vart lagt til Fylkesmannens landbruksavdeling. Bygdeutviklingsprogrammet var lagt inn her, det same gjorde Distriktsaktiv skule, men i praksis kom det til å sortere under programområdet *Eablering og nyskaping*. Temaet tilrettelegging av kunnskapsbasert næringsutvikling i bygdene var mykje i fokus i 1998/1999, og vart omtalt som ei satsing i programområdet levedyktige bygder. Det vart likevel ikkje operasjonalisert i eige prosjekt. Utprøving av kompetansestover under programmet Innovasjon og nyskaping i noverande fylkesplan kan reknast som eit prosjekt som fører vidare ideane om kunnskapsbasert næringsutvikling i bygdene.

Over til landbruksforvaltninga

Slik hamna også dette hjå landbruksstyresmaktene. Der ein alt hadde ansvaret for Bygdeutviklingsprogrammet, fekk ein no ansvaret for eit prosjekt som var del av eit programområde som var del av anna program som inneheldt Bygdeutviklingsprogrammet som prosjekt. Det er ikkje alltid enkelt med desse nye planomgrepa. Det gjekk då også ei tid før Fylkesmannens landbruksavdeling fekk grep på programområdet. Eitt av tinga som vart gjort var å utforme prosjektet Levande bygder som ei operasjonalisering av programområdet Levedyktige bygder. Dette skjedde i 1998. I prosjektomtalen heiter det:

"Prosjektet Levande bygder er eit 3-årig utviklingsprosjekt (). Det eigentlege målet er () å sette fokus på **samspelet mellom bygd og tettstad**. Kva verkemiddel kan ein setje inn for å oppretthalde levedyktige bygder i fylket vårt? I levande bygder ynskjer vi å setje fokus på sentrum - periferi omgrepet. Kan ein geografisk utkant utvikle seg til å **bli sentral innafor utvalde satsingsområde**. For dei menneska som prioriterer desse områda høgt, kan det vere aktuelt å late seg "**sentralisere**" til **utkanten**. Innafor dette perspektivet vil kva som er sentrum, og kva som er periferi for einskildmennesket bli meir **eit verdispørsmål** enn eit spørsmål om geografisk avstand"⁵ (mine uthevingar).

No ser vi at prosjektet Levande bygder i utgangspunktet er noko heilt anna enn Bygdeutviklingsprogrammet i Sogn og Fjordane. Det er likevel ikkje enkelt å få grepet på denne målformuleringa. Ho er - og det er dei fleste eg har snakka med om dette - relativt *komplisert* og *krevjande*. Eg skal komme attende til kva dette har betydd i praksis i prosjektbygdene, men lat oss først

⁵ <http://www.fjordinfo.no/fmsf/org/landbruk/Program/lev-bygd.htm>

"Levande bygdeutvikling?"

sjå nærare på kva moglege tolkingar som kan utleiast av målformuleringa. Lat oss også drøfte dei noko i lys av BU-programmet.

Krevjande problemstillingar

Det er neppe tvil om at det frå Regionalstaben i fylkeskommunen - "dei på plan"- var eit ynskje om at ein gjennom programområdet Levedyktige bygder ville få kommunane til å take i bruk *kommuneplanssystemet* systematisk i måten den handterer bygdene sine. Vidare at kommunen skulle utvikle strategiar for å handtere lokale sentrum-periferi problemstillingar på ein langt meir aktiv måte enn dei tilsynelatande gjorde.

Vidare hadde ein gjerne sett *interkommunalt samarbeid* mellom to eller fleire kommunar med "felles" bygder mellom kommunesentra. *Regionråda* kunne td. komme på bana i slike spørsmål. Poenget var i alle fall at ein i motsetning til Bygdeutviklingsprogrammet burde ha eit meir overordna bilete av og grep på utviklingsprosessar som openbert hadde med lokale sentrum-periferidimensjonar å gjere.

Bygdeutviklingsprogrammet på si side vart oppfatta å kun handle om ei rein *mobilisering* av bygdefolk, ein *intern* utviklingsstrategi om ein vil. Levande bygder skulle ha ein *ekstern* utviklingsstrategi i tillegg.

Slik eg oppfattar informantane som var med tidleg i prosessen med å få desse problemstillingane på bana, innser dei i ettertid at dette var forferdeleg krevjande arbeid som dei sjølve knappast hadde kapasitet til å følgje opp.

Nokre av dei eg har intervjuar om dette er ikkje samde i at problemstillingane i prosjektet er komplekse og samansette. Tvert om meiner dei at konseptet er klart nok. Fokus skal vere på samspelet mellom bygda og kommunesenteret. Då tenkjer dei ikkje i kommuneplanssamanheng eller i termar av kommunale strategiar, men at bygda skal tenkje kommunesenterets innbyggjarar som *marknad* for det bygda kan tilby av *ressursar* i form av produkt og tenester. Eg treng kanskje ikkje nemne at dei som hevdar dette tilhøyrrer "landbruksfamilien"⁶, og dei nemner hesteoppdrett, ridesenter, golfbaner, gardsbesøk, grøn omsorg og liknande som døme på kva type tiltak dei gjerne hadde sett bygdene gripe tak i.

I i alle fall to dominerande tenkjemåtar vart altså lagt inn i LB-prosjektet. For det første at prosjektet handla om eit slags overordna press mot kommunane og den kommunale tenkinga knytt til bygdens plass i høve kommunesenteret, men samstundes ei mobilisering av folk og ressursar i bygdene som skulle avklare nett sentrum-periferidimensjonen. For det andre handla det om at sentrum utgjer ein marknad for bygdene og omvendt. Bygdene kan utvikle tenester sentrumsinnbyggjarane etterspør.

Det er kanskje ikkje naudsynt å seie at den første tenkjemåten registerer eg hjå "dei på plan", medan den andre tenkjemåten dominerer i "landbruksfamilien". No er det slik at det i mange år har vore eit godt og tett samarbeid mellom landbrukstyresmaktene og fylkeskommunen i Sogn og Fjordane. Fylkesmannens landbruksavdeling nyt stor respekt hjå sine kolleger på fylkeshuset, men "plan- og bygningslova har dei aldri forstått", seier dei . På same vis er folka hjå FMLA nokså uroa over at

⁶ "Landbruksfamilien" omfattar dei delar landbruksstyresmaktene som ein gong var same forvaltningseining, men som etter skilsmissem i 1994 dels vart overført til kommunane, dels til fylkesmannsembetet.

"Levande bygdeutvikling?"

"fylkeskommunen har gjeve opp bygdene for lenge sidan. Det er berre kommunesenter og internasjonalisering dei tenkjer på".

Sitata ovanfor syner eit daglegspråk som dekkjer over at to forvaltningseiningar tenkjer etter to grunnleggjande ulike strategiar vi også finn omtala i fylkesplanen. Dei to strategiane for å oppretthalde folketal og busetnadsmønster vert kalla mobilisering og oppdemming.

Mobiliseringsstrategien inneber å utnytte dei små lokalsamfunna sine konkurransefortrinn knytt til identitet, oversikt og medverknad. Dersom alle gode krefter i ei bygd kan spele på lag kan ein realisere nærings- og nærmiljøprosjekt som i neste omgang legg grunnlag for arbeidsplassar, optimisme og tilflytting. Vektlegging av livskvalitet knytt til bygdene sine fortrinn kan stimulere tilbakeflytting til mindre bygdesamfunn.

Oppdemmingsstrategien inneber å utvikle attraktive sentra som i tillegg til tradisjonell vare- og tenesteproduksjon kan gje fylkets innbyggjarar tilbod om kompetansebasert og høgt spesialiserte tenester. Oppdemmingsstrategien aksepterer ei viss naturleg sentralisering i fylket for å hindre utflytting til endå større sentra.

Vi ser at prosjektet Levande bygder vert ein møtestad der begge strategiane vert brynte mot einannan. Det var mange tankar tenkt inn i prosjektet.

Men kva tenkte bygdene på? Det skal vi komme attende til. Det som skal slåast fast her er at det ligg innbakt fleire tenkjemåtar i Levande bygder. Det er dette som gjer prosjektet komplekst, og det vert meir eller mindre umogleg å foreta ei rimeleg rettferdig vurdering av måloppning i noko snever meining av omgrepet.

Skiljet mellom BU-programmet og Levande bygder kan vi spissformulere slik: Ei BU-bygd får fritt høve til å definere seg sjølv og kva som er utvikling for innbyggjarane. Ei LB-bygd skal definere seg sjølv i lys av kommunesenteret og forstå utvikling i lys av gjensidig behov mellom innbyggjarane i bygd og senter. Som skal sjå var grunnen lagt for eit klassisk tilfelle av *målforskyving* i iverksetjingsfasen av eit tiltak.

Oppstart av prosjektet

Prosjektet Levande bygder vart operasjonalisert i mars 1998. Frist for innsending av søknad vart sett til 1.september 1998. Det vart gjennomført ei motivasjonssamling etter mal frå Bygdeutviklingsprogrammet. Det var stor oppslutning om denne, men det kom inn berre 5 søknader, trass i stor interesse på førehand.

Programstyret var felles med styret for Bygdeutviklingsprogrammet. Det valde ut tre bygder/kommunar til å delta. Eid kommune med fire bygder, Haukedalen i Førde og Viksdalen i Gaular kommune. Hausten 1999 vart også Norane i Sogndal teke opp i prosjektet. Etter det eg forstår ynskte programstyret deltaking frå alle tre fogderia.

Dei tre første del-prosjekta starta opp i november 1998. Det vart halde oppstartmøte mellom prosjektstyre, representantar frå kommunen, programleiar og programkoordinator. Her diskuterte ein og la rammer for oppfølging og krav til prosjekta når det gjeld organisering, styre, rekneskap og rapportering.

I februar 1999 vart alle dei lokale prosjekta inviterte til ei felles nettverkssamling. Først og fremst var ei slik samling eit klart uttrykt behov

"Levande bygdeutvikling?"

frå deltakarane. Det var viktig å gjere politikarane i dei deltakande kommunane delaktige i prosjektet i startfasen. Programstyret meinte også at det er viktig å setje fokus på innhald og gjennomføring av programmet med tanke på den satsinga i distrikta som vert lagt opp til frå sentralt politisk hald m.a. gjennom regionale program.

Nettverkssamlinga hadde fokus på at ein gjennom Levande bygder ville skape arbeidsplassar og næringsutvikling med grunnlag i sentrum-periferi-dimensjonen.

Den manglande søkinga til programmet er interessant. I ei tidlegare evaluering er dette drøfta slik:

"..det (kom likevel) skuffande få søknader om deltaking i prosjektet. Det vert nemnd ulike forklaringar på dette Ei årsak kan vere at potensielle søkjarar såg at det var lite pengar knytt til prosjektet, og let difor vere å søkje. Fleire respondentar nemner at prosjektoptalen var for diffus, det var vanskeleg å forstå kva dette prosjektet skulle gå ut på. Men det vert og nemnt at prosjektoptalen var open for at søkjarane skulle definere prosjekt tilpassa eigen situasjon. Ein respondent seier at å raka til at det kom få gode søknader kan vere at ei bygd må gjennom 3 år med BU-program før ein er moden til å tenkje større gjensidige samarbeidstiltak" (Kjelstad Seljesæther og Leikanger 2000).

Det kan godt vere det er slik. Summane er små - det er tale om litt over 700 000,- samla til prosjektet. 175 000,- (2000) og 210 000,- (2001) av desse summane går til bygdene. Summane for 1999 til fordeling mellom bygdene har eg ikkje. Og særleg er dei små sett i lys av problemstillingane i prosjektet. Men eg vil peike på eitt anna poeng som ikkje kjem tydeleg fram i den forrige evalueringa: Det kom jo inn fem søknader. Mellom dei som vart tekne opp er det også noko ein bør merke seg: *Viksdalen* hadde i praksis vore med i Bygdeutviklingsprogrammets andre runde gjennom Eldalsdalen, og etter det eg forstår var det ei viss overlapping mellom initiativtakarar/prosjektstyre i dei to søknadane. I Eid var *Kjølsdalen* med i andre runde av BU-programmet, og *Haugen og Dalen* i denne kommunen søkte i 2000 for *fjerde gong*. *Norane* hadde også søkt to gonger om opptak til Bygdeutviklingsprogrammet og fått avslag, men vart i 1999 oppmoda om å søkje Levande bygder fordi ein hjå FMLA meinte plasseringa mellom Sogndal sentrum og Leikanger/Hermansverk gjorde det naturleg å tenkje slik. *Øygrendene* i Flora og Fjærland bygdeutvikling var dei to andre bygdene som ikkje kom med i Levande bygder. *Øygrendene* vart oppmoda om å søkje opptak til BU-programmet for 2000, men det lokale prosjektstyret var ikkje interessert. *Haukedalen* søkte også om deltaking i 1996, fekk avslag då, men vart tekne opp i Levande bygder.

Om dei to andre bygdene i Eid har søkt om deltaking veit eg ikkje, men ut frå det vi ser her, er det *openbert* at det var BU-programmet bygdene først og fremst har vore opptekne av, ikkje i og for seg målsetjingane i Levande bygder. I kva grad dette vart styrande for aktivitetane er vanskeleg å seie, men på bakgrunn av det som har skjedd i prosjektet er det naturleg å spørje om denne utvalsprosessen i det heile kunne leie inn mot dei problemstillingane Levande bygder og i Levedyktige bygder eigentleg

handla om? Svaret er både ja og nei. Nei av to grunnar. For det første var grunnen lagt for målforskyving gjennom *måten* bygdene vart valde ut. Eg er ikkje mykje i tvil om at bygdene har forveksla LB-prosjektet med BU-programmet. Dei har lese noko anna (sjølvutvikling) ut av prosjekttaler og invitasjon enn det var grunnlag for, eller så har FMLA omtolka ideane frå fylkeskommunen (kommunale strategiar) for å få dei til å stemme i sitt bilete av kva det *burde* handle om (ridesenter og golfbane). Begge deler kan kan noko føre seg. Eller sagt på ein annan måte: "Alle" tenkte jo BU, korleis kunne det bli noko anna enn BU?

Ei undervegsevaluering

Vi kan også spørje om prosjektet i det heile var organisert for å handtere den børa av problem som var lagt inn i det. I 1999/2000 gjekk Levande bygder gjennom ei undervegsevaluering. Den vart gjennomført av ei tilsett ved FMLA som ei tid hadde prosjektansvaret for Levande bygder og ei som var tilsett i Eid kommune med ansvar for nærings- og tiltaksarbeid. Ho er for tida Næringsjef i kommunen⁷. Eg skal her referere frå deira konklusjonar:

Det generelle inntrykket var at prosjektet strevde med å finne sin eigen identitet. Forfattarene meinte målsetjinga måtte klargjerast, td gjennom ei nærare kopling til analyse, forskning og politikktutvikling. Dette kunne vere fagleg krevjande, ikkje minst ville det krevje tettare kommunikasjon mellom prosjektleiing og lokale delprosjekt. Den sentrale styringa med dei lokale prosjekta måtte vidare skjerpast inn, utan slik styring ville dei lokale prosjekta lett utvikle si eiga prosjektforståing. Evalueringa tyda på at det var situasjonen i 1999.

Dei lokale prosjekta hadde såleis for sterk slagside mot bygdene. Dei deltakande bygdene hadde sett i gang mykje godt arbeid, men det var vanskeleg å frigjere seg frå tankegangen i BU-programmet. Iverksette tiltak ber preg av å vere bygdemobiliseringstiltak.

Før vidare arbeid var det naudsynt å avklare tilhøvet mellom Levande Bygder og Bygdeutviklingsprogrammet. Her hadde ein i utgangspunktet to alternativ: Samanslåing av prosjekta eller ei klargjering av skilnaden mellom desse. Undervegsevalueringa hevda at det var rett å «frigjere» Levande bygder frå Bygdeutviklingsprogrammet.

På grunn av den låge økonomiske ramma meinte dei det var rett å konsentrert verkemiddelbruken mot færre bygder. Det var likevel for seint å gjere endringar, og ein måtte i staden vurdere grundig kva tiltak som kan gje best måloppnåing.

Om kommunanes deltaking sa dei at den var sterkt vektlagt av programstyre og prosjektleiing, men samstundes var det brei semje om at dette engasjementet ikkje var godt nok. Kommuneadministrasjonen deltok i dei lokale prosjektgruppene, men politisk debatt var nærast fråverande. Det at lokal prosjektleiing vart lagt til bygdenivået stille kommunen på sidelina (Kjelstad Seljesæter og Leikanger 2000: 25-26).

Både direkte og indirekte kjem det fram i evalueringsrapporten at prosjekt Levande bygder så langt ikkje hadde svart til forventingane.

⁷ Dei to gjorde evalueringa som ein del av studentarbeidet sitt ved BI si managementprogram for næringsutvikling (BI Møre og Romsdal) 1999-2000.

Etter ei omorganisering

I tråd med deler av undervegsevalueringa vart prosjektorganisasjonen og innretninga i Levande bygder noko endra. I mars 2000 vart Geirmund Dvergsdal prosjektleiar. Han gjekk noko meir inn i prosjekta, mellom anna ved å forsøke å få bygdene til å prioritere opp dei prosjekta/tiltaka som nett kunne peike i retning av sentrum-periferiproblemstillingane i prosjektet. Dvergsdal er medlem av "landbruksfamilien" og hadde opphavleg ein av dei såkalla regionale stillingane i landbruksforvaltninga⁸.

Dvergsdal kom inn midtvegs i eit prosjekt der bygdene og søkjarane der hadde fått løyvingar på basis av søknader. Ulike tiltak var planlagt eller i gang. Slik eg har forstått det har prosjektleiaren arbeidd etter to strategiar for å forsøke å dreie bygdeaktivitetane mot dei sentrale problemstillingane:

- Å forsøke å få bygdene til å prioritere og velje ut tre tiltak eller eit fåtal satsingsområde med tiltak med klar sentrum-periferidimensjon
- Å rette merksemd mot og etterspørje sentrum-periferidimensjonen i desse tiltaka under samlingar og vitjingar i bygdene. Dette har mellom anna medført å spørje etter den lokalpolitiske interessa for prosjektet og å oppmode bygdene om å informere kommunale aktørar om aktivitetar og planar med relevans for prosjektet.

I tillegg vart det oppretta ei koordineringsgruppe der leiarane i dei tre bygdene i Førde, Gaular og Sogndal deltok saman med prosjektleiaren og koordinatoren i Eid (prosjektet i Eid er omtalt nedanfor).

Og i framtida?

Det vart i ulike samanhengar drøfta om BU-programmet og Levande bygder burde slåast saman. Undervegsevalueringa tilrådde det stikk motsette, Levande bygder burde heller utvikle sin eigen profil. I samband med ny fylkesplan var dette også drøfta i 2001, også i programstyret for det nye programområdet "Landbruk og bygdeutvikling" vart det drøfta å slå samman BU-programmet og LB-prosjektet. Dette skjedde ikkje, det vart heller vedteke å forlengje Levande bygder til ut juni 2002.

I den nye fylkesplanen (2001-2004) går *bygdeutvikling* inn som eit prioritert område i *Program for landbruk og bygdeutvikling* under eitt av fire hovudtema, *Næring og læring*. Levande bygder inngår som eit "*oppteke tiltak*" under paraplyen⁹ landbruk og bygdeutvikling i denne fylkesplanen. Av samanhengen i programomtalen synest det å gå fram at bygdeutviklingsprogrammets vidare liv i sterkare grad skal knytast til omstillingstiltak i landbruket. Problemstillingane knytte til *samanhengande bu- og arbeidsområde* - som var utgangspunktet for Levedyktige bygder og

⁸ Dette er stillingar staten heldt attende då landbruksforvaltninga på kommunenivå elles vart overført til kommunane. Ein av intensjonane med slike stillingar var å nytte dei til "gråsoneprojekt" mellom forvaltningseiningar og mellom det tradisjonelle landbruket og "nye" næringar (Glosvik, Teigen og Nordgreen 1996).

⁹ http://www.sf-f.kommune.no/felles/fyplanpg.NSF/IDB_OVERSIKT/CA930DF67C75BB4F4125697300457289?OpenDocument

"Levande bygdeutvikling?"

Levande bygder - er ivareteke i temaet *Infrastruktur* og innsatsområdet *senterstruktur* i denne planen. Omgrepet "bygd" er nok diskret utelede i denne samanhengen. Slik sett vil vi truleg få oppleve at "dei på plan" steller med senterstrukturane sine og "landbruksfamilien" får ha bygdene i fred også i framtida. Prosjektet Levande bygder som omgrep er nok gravlagd for godt i fylkesplanen og i arbeidsdelinga mellom fylkesorgana.

Som *problemstilling* let likevel ikkje det *bygdene* har vore opptekne av i Levande bygder seg harmonisere vekk i ein fylkesplanprosess. Det er all grunn til å tru at i framtida må vi leite etter dei tinga bygdene har arbeidd med under nemningane nærmiljø og næringsutvikling. Men det skal vi komme attende til. Lat oss først vende attende til prosjektet der vi slapp det i 2000.

2.3 BU-programmet ein suksess det er vanskeleg å måle seg mot?

Det slo den nye prosjektleiaren at då han gjekk gjennom prosjektsskisser og planar var det heilt i tråd med undervegsevalueringas konklusjon: Dette var stort sett "bygdeutvikling", ikkje "levande bygder". Både tenking, organisering og innhald representerte Bygdeutviklingsprogrammets ideologi, så og seie.

Vi må då minnst kva slags bygder som søkte om opptak - og kom med. Det var Bygdeutviklingsprogrammet som låg bak og styrte interessa, motivasjon og tenking. Dette stemmer rett nok berre delvis for Eid sin del, det skal vi komme attende til. Det ein bør merke seg er likevel at då Bygdeutviklingsprogrammet i si tid vart etablert var ein på jakt etter "vinnarar" - "suksessar" som kunne fungere som modellar for andre bygder. Sidan programmet også no har gått i 11 år vart det jo ein suksess. *Men suksessen har også negative sider.* Den slår inn over og påverkar *andre* prosjekt og tiltak. I dette tilfelle Levande bygder.

Dette har eg fått høyre frå bygder som har deltek i LB-prosjektet. Bygdeutviklingsprogrammet fekk positiv presse - meir enn Levande bygder - det var vanskeleg å nå ut med omtale av LB-bygdene. Gjorde ein det, vart det forveksla med BU-programmet¹⁰. Som hadde suksess også i media. Vanskeleg var det også å selje samanhengane i LB. Det vart for komplisert å gjere greie for.

Vidare fekk deltakarane ein slags kjensle av at det var BU-programmet som var tingen hjå FMLA. Det var dette dei la arbeid og interesse i. BU-programmet var odels guten, Levande bygder eit uønska stebarn dei fostra opp på vegne av Fylkeskommunen. I prosjektarbeid er dette fenomenet kjend. Det vert mest vellukka, det prosjektet som "primæreigaren" eller den eller dei som i utgangspunktet utforma ideen set i verk sjølv og har styring med. Det er langt vanskelegare å gjere suksess med prosjekt ein så og seie set ut på anbod.

¹⁰ Eit lite døme: Eg er sjølv busett i Norane. Før eg byrja på dette arbeidet trudde eg bygda deltok i BU-programmet. Eg hadde ikkje fått med meg Levande bygder. Forvekslinga skjedde då eg såg i lokalavisa at grendelaget kalla inn til folkemøte på ungdomshuset. Formelen 'folkemøte + bygd = Bygdeutviklingsprogrammet' vert fort sveisa fast.

Så har då også primæreigaren, fylkeskommunen, vore lite synleg - og difor etterlyst. Dette er eit problem fylkeskommunen generelt har. Det er ikkje mange tilsette der, og dei kan knappast følgje opp alle prosjekt og tiltak som stammar frå fylkesbygget. Dette vert problematisk når ein går ut og inviterer til deltaking frå bygdefolk som skal bruke fritid og dugnadsvilje, men der den som kallar inn til dugnaden ikkje møter opp. "Det var de som sådde ideen. De kan ikkje berre la vere å syne dykk", var meldinga til "dei på plan" frå ein av informantane i bygdene.

Det er eit par ting som er viktige å merke seg her. Det positive presset som ligg i at det er "nokon andre som er glade i oss og som bryr seg der ute" må neppe undervurderast i slikt arbeid. Mykje av det faglege tankegodset mobiliserande utviklingsarbeid kviler på er henta frå amerikansk forskning om gruppeprosessar og gruppedynamikk (French og Bell 1999). Ein av inspirasjonskjeldene er studiene av den såkalla "Hawthorneeffekten", eller "effekten av å bli forska på". Den innber at positiv merksemd i seg sjølv har ein effekt på menneskers handlingar. Korleis denne sler ut kan vi illustrere med følgjande døme. Eg spurte ein deltakar i Levande bygder om ikkje det var fornuftig om bygda bad om å få vere med i bygdeforum (fylkessamlingar for BU-bygdene). "Er det for oss då? Ingen har sagt at vi er velkomne der", var svaret.

Det å syne positiv merksemd mot dei som gjer jobben på golvplanet er ein av nøkkeloppskriftene i nedanfrå-opp-orientert utviklingsarbeid. Utan tvil skjer dette i BU-prosjektet i Sogn og Fjordane. Eg er meir i tvil om det har skjedd i same grad i LB-programmet. I alle fall gjekk det ei tid før det vart innarbeidd. Då var det kanskje i seinaste laget om det var BU-suksessen ein ville etterlikne. Å nytte tre prosjektleiarar i den korte prosjektperioden har heller ikkje vore populært i bygdene. Dette er ikkje ein kritikk mot personane det gjeld, meir eit generelt hjartesukk over manglande faste haldepunkt i fylkesorganisasjonen.

3 Nokre smakebitar av arbeidet i prosjekt-bygdene

I dette kapitlet skal vi sjå nærare på ein del problemstillingar knytte til organisering av arbeidet i bygdene og prosjektnivået. Det seier seg sjølv at dette ikkje på noko vis er ein uttømmende gjennomgang av prosjekt og tiltak - på langt nær. Hovudvekta er lagt på å få fram det kvalitative *innhaldet* i prosjekta bygdene har arbeidd med.

Eg har ikkje lagt vekt på noko form for systematisk gjennomgang eller vurdering av bygdene. Heller ikkje vil ein finne systematiske oppsett av alle prosjekt eller satsingsområde. Her syner eg til rapportane frå bygdene sjølve til programstyret, til arbeidsrapporten "Når bygda får bestemme" (Løvik 1995) som grundig gjer greie for tiltaka i dei fem første bygdene og midtvegsevalueringa frå Levande bygder som tek føre seg Eid, Haukedalen og Viksdalens arbeid dei to første åra (Kjelstad Seljesæter og Leikanger 2000). Det tener ikkje noko formål å gjenta deira arbeid.

Det er generelt vanskeleg å presentere noko rettferdig bilete av arbeidet i bygdene. Prosjekt med store ord kan få stor merksemd. Andre er meir smålåte i omtalen, men krev langt meir arbeid og legg grunnlaget for nye satsingar lenge etter at dei formelt er avslutta.

Dette kapitlet handlar difor om det overskrifta seier.

3.1 Prosjekt i regi av Levande bygder

Levande bygder starta opp med Haukedalen og Viksdalen som einskildbygder. I Eid vart det derimot søkt om eit større prosjekt som omfatta fleire bygdelag samstundes. Seinare kom Norane med. Eg presenterer først arbeidet i Eid, deretter dei tre andre bygdene.


Ein utviklingsparaply over bygdene i Eid?

I dag er det Kjølsdalen Krins Utviklingslag, Stårheim Bygdelag, Haugen og Dalen Bygdeutviklingslag, Hjelle Krins Utviklingslag og Eid Utviklingsfellesskap som utgjer dei organisatoriske grunnsteinane i Levande bygder i kommunen. Opphavleg hadde initiativtakarane ambisjonar om å utvikle eit prosjekt som dekkja større delar av Nordfjord, ikkje berre Eid kommune. Dette konseptet kjenner eg ikkje særleg til, men informantane synest å meine at initiativet var noko for omfattande innanfor ramma av Levande bygder. Likevel er det som vi skal sjå eit utviklingsnettverk med utgangspunkt i Eid som arbeider langt vidare enn eigen kommune.

Ein viktig bakgrunnsfaktor var *Kjølsdalens* deltaking i andre runde av Bygdeutviklingsprogrammet. Vidare forsøket *Haugen og Dalen* fire gonger å bli teken opp. Slik sett var Levande bygder for desse to bygdene berre ei ny fjøl som dreiv forbi. Her var eit nytt høve til å skaffe ressursar til bygdas utviklingsarbeid. Men alle bygdene i kommunen var ikkje like mogne, eller på same nivå. Eitt av tinga den nye prosjektleiaren i Levande bygder greip tak i 2000 var å forsøke å organisere arbeidet i kommunen på ein noko annan måte enn tidlegare. Det er mogeleg undevegsevalueringa hadde

påverknad her. Mellom anna peika den på trongen for å stramme inn prosjekta i lys av sentrum-periferidimensjonen, slik eg før har skrive.

Det er ikkje utan vidare enkelt for ein utanforståande å få grep på korleis ein arbeider i Eid, men følgjande modell syner nokonlunde den "paraplyen" vi må kalle denne måten å organisere utviklingsarbeidet



Figur 3.1: *Levedyktige bygder - Eid*

Slik deltakarane sjølv framstiller paraplyen er det tale om seks likeverdige partar som har gått saman i ein prosjektorganisasjon dei kallar Levedyktige bygder - Eid. Kanskje heller ein skal seie dei har *funne* saman. Det er i grunnen ikkje så lett å seie kva dette er slags fellesskap. Det er knappast rett å kalle det ein prosjektorganisasjon i den tradisjonelle meininga av ordet. For all avgjerdsmynde ligg i den det enkelte bygdestyre, ikkje i den overordna "paraplyen", den er meir eit bilete av korleis ein har organisert samarbeidet mellom bygdene, kommunen og sentrum i Eid.

Dette samarbeidet er interessant i lys av Levande bygder fordi det er ei operasjonalisering av dei problemstillingane prosjektet handlar om som går langt vidare enn i dei andre bygdene som deltek. Det vil truleg vere mogeleg å beskrive arbeidet Levande bygde i Nordfjord nokonlunde slik:

Kva bygd som deltek arbeider etter "BU-modellen" internt, det vil seie arbeider "innover" i eige lokalsamfunn med vekt på prosjekt og tiltak med ein mobiliseringsdimensjon som først og fremst tek sikte på å få fram problemstillingar og ressursar bygda tener på. Men i tillegg arbeider bygdene "utover" gjennom Levande bygder-paraplyen på ein annan måte enn i BU-bygdene ellers. Fokus er også på sentrum, ikkje berre bygdene.

Slik kan vi også framstille samarbeidsmodellen: Ei rekkje prosjekt eller tiltak som elles ville blitt gjennomført i eiga bygd er trekte ut og vert gjennomført som fellesprosjekt for alle bygdene, der også sentrum vert forstått som ei eiga "bygd", litt spissformulert.

Samarbeidsparaplyen er også styre for Levande bygder i Eid. Dei som representerer bygdene i samarbeidsmodellen er leiar eller nestleiar i dei lokale utviklingslaga. Eid utviklingsfelleskap deltek også med dagleg leiar. Eid utviklingsfelleskap er eit samordningsorgan for næringslivet, men også kommunen er medlem der. Kommunen ved nærings sjefen deltek også i LB-fellesskapet. Koordinator for arbeidet er dagleg leiar for *frivilligsentralen* i Eid. Dette er også ei interessant kopling. Det er jo lett å sjå at det mykje av det arbeidet som skjer i bygdene generelt i lys av BU-programmet og Levande bygder er ein slags dagens utgåve av det

tradisjonelle dugnadsarbeidet, *men det er også frivillegsentralane*. Etter det eg har fått opplyst hadde frivillegsentralen ledig kapasitet. Det å take på seg oppgåva som koordinator for Levande bygder var ei naturleg samankopling med oppgåvene som skulle gjerast ved frivillegsentralen. Som sagt er koplinga interessant, og den peikar i retning av korleis ein kan tenkje seg liknande arbeid organisert i andre kommunar. Det er ikkje gjeve at slike koplingar vil fungere i alle kommunar. Det er likevel interessant å sjå at det er mogeleg å byggje slike bruar mellom *ulike former* for dugnadsprega utviklingsarbeid.

Som eg sa ovanfor må bygdeutviklingsarbeidet i Eid gjennom Levande bygder seiast å har to dimensjonar; det arbeidet som skjer internt i eiga bygd og det som skjer i regi av Levande bygder-paraplyen. Dei siste to åra har arbeidet under paraplyen vore organisert i desse satsingsområda: **Marknadsføring av Eid:** Utarbeiding av heimesider for bygdene (krinsane), lenker og samspels mellom Eid kommune sine heimesider og bygdene sider. Utvikling og samarbeid om eigen portal for kommunen¹¹ (Eidaportalen), der siste nytt er at koordinator for frivillegsentralen er blitt redaktør. Andre tiltak under dette området er samspel mellom overordna marknadsføring av kommunen og bygdene, samt organisering av bygdedagar (konferanse).

Bygdekontora - lokale servicekontor: Alle krinsane har arbeidd med å etablere bygdekontor, og det har vore mykje styr med å få desse operative. Her dreier det seg om både å skaffe bemanning til kontora, sørge for opningstider, tilby tenester til lag og organisasjonar, få til samarbeidsavtaler med kommunale etatar og vidare å forsøke å utvikle dei til lokale tenestekontor. Også i sentrum forsøker dei å etablere eit "bygdekontor" i meininga etablere eit tilbod til dei lag og organisasjonar som først og fremst har sentrumsinnbyggjarane som målgruppe.

Lokal kompetansebygging - engasjerande lokaldemokrati: Dette synest å vere ein sekkepost ein nyttar for alle tiltak knytte til lobbyverksemd mot stat, kommune og fylkeskommune, for kurs- og opplæringsverksemd, for konkrete tiltak retta mot veg- og trafikktryggleik og vidare for arrangement av typen opplæring og informasjon, temakveldar osv.

I utgangspunktet hadde dei som stod bak søknaden om deltaking i Levande bygder ambisjonar om å arbeide på eit "Nordfjordnivå". Visjonen var å gjere erfaringane frå Bygdeutviklingsprogrammet til ein strategi for heile regionen. Slik vart det ikkje, arbeidet har vore konsentrert om Eid. Likevel er det krefter som sterkt framhevar at arbeidet skal sjåast også i ein vidare kontekst enn berre den eine kommunen. Mellom anna gjennom arrangement knytt til bygdedagar som openbert har eit vidare perspektiv enn Eid kommune.

Informantar i Eid syner i intervjuar ofte til *Kjølsdalen*. Denne bygda var med i andre runde av BU-programmet og har sidan vore ei drivkraft i både Levande bygder og andre tiltak knytt til bygdemobilisering i Nordfjord. "Kjølsdalen går føre og dreg dei andre med", vert det hevda. Det kan vere noko i dette. Det er vanskeleg å seie så mykje om årsaks-samanhengar, men det er mange bygdeutviklingslag i Nordfjord, fleire enn dei to andre fogderia i fylket. Kjølsdalen har stått bak oppretting av ei eiga

¹¹ <http://eidaportalen.no/>

heimeside med lenker til desse laga¹². Generelt synest Kjølisdalens eldsjeler å ha vore sjeldan flinke til å bruke deltaking i stadig nye offentlege prosjekt og satsingar som byggjesteinar i det lokale utviklingsarbeidet. BU-programmet eller Levande bygder, områdesatsing og andre er verkemiddel for bygdas satsing på seg sjølv og dei verdiane dei meiner bygdesamfunna representerer. "Kjølisdalen syner at det nyttar", seier informantane i Eid. Fleire hevdar at det faktisk skjer ein lokal smitteeffekt i Nordfjord som resultat av det eksterne arbeidet Kjølisdalen driv. Slik sett skjer det i Levande bygder i Eid, det ein ville med BU-programmet i første runden: Ein ville ha nokre modellar, nokre suksessar som kunne synast fram for andre bygder. Slik sett er tråden knytt attende til dei opphavlege ideane i 1991 då dei første bygdene vart plukka ut. Det vert spanande å sjå kva veg bygdeutviklingsreisinga i Nordfjord tek i framtida.

Vi kan oppsummere særtrekka med modellen i Eid slik: For det første er det *meir enn ei bygd* med. Dei fire bygdelaga samarbeider og "presser" kommunen i meininga at bygdeproblemstillingar systematisk og kontinuerleg vert sett på dagsorden. Det vert ikkje mogeleg for kommunen å late som om den er ein liten by med all busetnad konsentrert i sentrum. Bygdene kjem på dagsorden.

For det andre får bygdene ein stad å *samarbeide* om felles delprosjekt. Det er klart at i ein god del av arbeidet som skal gjerast ligg det stordriftsfordeler i samarbeid. Td. tek slike ting som avtaler om etablering av bygdekontor mykje tid i form av forhandlingar om areal, låsing vasking osv. Det er greitt å ha eit samordingsorgan når slike ting skal gjennomførast. Det same gjeld datasatsing, der ei felles datagruppe har arbeidd med internettsider o.l.

For det tredje møtest sentrum og bygdene *på like fot*. Det skjer konkret i meininga at det vert arbeidd for å etablere også eit bygdekontor for sentrum, og meir symbolsk at aktørane meiner dei har klart å etablere ein arena for open dialog om motsetningar mellom sentrum og periferi i kommunen.

For det fjerde representerer *koplinga til frivillegsentralen* den heilt naturlege måten å organisere saman to delar av dugnads- og frivillegarbeidet i ein kommune. Bygdeutviklingsarbeid og frivillegsentral har ulik målsetjing og deltakarar, men byggjer i stor grad på same fundament.

Den lokale prosjektorganisasjonen i Eid peikar i retning av korleis slike tiltak som Levande bygder truleg må organiserast dersom det skal vere mogeleg å arbeide i tråd med mål og problemstillingar av den typen som opphavelag vart lagt inn i dette prosjektet. Det har noko med å etablere ein struktur som er i stand til å gripe tak i og bearbeide dei dimensjonar og dei problem som er definerte i prosjektmåla. Skulle vi vere veldig strenge kunne vi påpeike at vi enno manglar koplinga til kommunens overordna strategi for bygdene. Så streng treng vi ikkje vere, men heller slå fast at målsetjinga om å setje i gang debattar om samspel mellom bygder og sentrum synest å vere nådd i Eid.

¹² <http://www.bygdeutvikling.no/>

Norane, Haukedalen og Viksdalen

Arbeidet i disse tre bygdene har vore organisert på meir tradisjonelt "bygdeutviklingsvis". Det vil seie at kvar bygd arbeider med sine ting. Det er eitt unntak frå dette.

I Norane er det Norane nærmiljøgruppe som står bak prosjektet. Opphavleg var søknaden knytt til følgjande fire tema: **Prosjekt "Sosialt nettverk"**, spesielt fokus på godt nærmiljø/gode oppveksttilhøve; **Prosjekt "Ledige bygningar/hus i Norane"**: Lage register og utarbeide plan for utnytting av desse; **Prosjekt "Internettkafe/møteplass"** - spesielt med tanke på å dra ungdom inn i eit av prosjektarbeida; **Prosjekt "Marknadsføre Norane"** på eiga internettside.

Det vart også sagt direkte at alle prosjekta bevisst var knytte til ei *nærmiljøtenking*. Det verkar som om svært mykje innsats har vore nytta til å etablere Internettkafeen. Den opna sommaren 2001 og tilbodet var retta inn mot bygdas eigen ungdom. På slutten av sommaren vart tilbodet også kjend mellom *sentrumsungdom* som då tok til å bruke han. I vinter har den vore stengd, men ein tek sikte på å starte opp på nytt til våren. Internettsida er også ferdig¹³. Innan prosjektet Sosialt nettverk er det den såkalla *Stølstrimmen* som vert framheva i Levande bygder-samanheng. Det inneber å gjere skogsvegar og stiar i bygda kjende og brukte som møtestader - også for folk i andre delar av kommunen. Kart er trykte opp og delte ut. Det synest som om prosjektet Ledige hus/bygningar er det gjort minst med.

Generelt tykkjer eg det er rimeleg å seie at Norane har gjennomført det dei søkte om å gjennomføre: Nokre nærmiljøtiltak. Arbeidsforma har vore "typisk BU" i meininga folkemøte i framkant, idedugndad med drøftingar om moglege prosjekt og gjennomføring i regi av eit prosjektstyre som trekkjer inn folk etterkvart dei klarar å operasjonalisere tiltaka. Det er klart at nokre av prosjekta openbert har ei dimensjon som peikar ut over bygda og mot sentrum eller mot resten av kommunen. Mellom anna har nærmiljøgruppa vore flinke til å informere kommunen og kommuneleiinga om Levande bygder. Folkevalde har vorte inviterte og informerte og bygda har fått positiv merksemd og omtale.

I Viksdalen var det Eldalsdalen grendalag som tok initiativ til å få andre lag og organisasjonar til å søkje om deltaking. Eldalen var med i andre runde av BU-programmet. Viksdalen bygdelag vart skipa på bakgrunn av søknaden Viksdalen bondelag, Viksdalen bygdekvinnelag, Mjell og Eldal bondekvinnelag, Eldalsdalen grendalag, Viksdalen vilt- og fiskelag og Viksdalen ungdomslag stod bak.

Den opphavelge søknaden var i tråd seg til dåverkande fylkesplan og lojal til ideane i Levande bygder. Det vart sagt at bygda søkte om å delta i eit analyseprosjekt innan Levande bygder, og dei tema ein ville sjå nærare på gjennom analyseprosjektet var: **Kommunikasjon og kollektivtilbod**: Bakgrunnen var kommunikasjon og vegsamband som ein av dei viktige faktorane i samspelet mellom utkant, kommunesenter og regionsenter. Trugsmåla mot arbeids- vare- og skuleruter skulle setjast på dagsorden. **Tenestetilbod**: Søkjelys skulle vere retta mot kva tenestetilbod og funksjonar bygda burde ha og kva som kunne leggjast til sentrum;

¹³ <http://www.fjordinfo.no/norane/>

Jobb og kompetansesenter: Kartlegging av skjulte ressursar i bygda med tanke på utvikle tenester som gjer ein meir uavhengig av sentrum, eller at ein har noko å tilby sentrum; **Ungdomsaktivitetar:** Fokus skulle vere på å arrangere attraktive tilbod til bygdas eigen ungdom, men også forsøke å lage tilbod som kunne trekkje sentrumsungdom til bygda.

Det er klart at gjennom desse slike tema hadde Viksdalen faktisk operasjonalisert Levande bygder slik prosjektet opphavleg var skissert. Det vart sagt i undervegsevalueringa at Viksdalens prosjekt var det som best fall saman med intensjonane (Kjelstad Seljesæter og Leikanger 2000:21).

Eit særdrag med Viksdalen er likevel den vekta dei sjølve seier dei har lagt på *analyse*. Saman med Haukedalen sende dei ein ut eit større spørjeskjema til alle ungdomar fødte mellom 1965 og 1979 i dei to bygdelaga, enten dei no framleis var busette i bygda eller flytte ut. Ein sende skjemaet også til eit utval ungdom i Førde slik at ein fekk eit referansegrunnlag. Ein kunne setje svara frå "bygdeungdom" opp mot "tettstadsungdom"¹⁴.

Dette tiltaket gjennomførte altså bygda saman med Haukedalen. Resultatet vart presentert i samband med ein festkveld på skulen. Fylkesordføraren vart invitert og det skal ha vore ein triveleg kveld. Bygdelaget rapporterer at undersøkinga skapte mykje interesse og debatt om sentrum-periferiproblemstillingane lokalt.

Slik leiaren i Viksdalen bygdelag har presentert bygdas arbeid på Forum for levande bygder, ser ein at det første temaet først vert vidareført i *to vegnemnder* som er oppnemnde av kommunen: Ei for Rv610 og ei for Rv13 (i samarbeid med Balestrand kommune). Det siste er knytt til arbeidet med å forsøke å gjere Gaularfjellsvegen til ein nasjonal turistveg. Det andre temaet ser ut til å vere splitta i to: det eine er knytt til utvikling av internettsider for bygda og bruken av bygdekontoret i samband med forsøket på å etablere bygdeservice. På den andre sida er ein også involvert i å utarbeide reguleringsplan (sentumsplan for Viksdalen sentrum (Vikja).

Temaet jobb/kompetanse har vorte konsentrert rundt Grøn omsorg. Fagmøte, arbeidsgruppe og studietur vart organisert. Fleire tiltak var i gang i gang i bygda, og fleire under planlegging/oppstarting

Ungdomstiltak synest så langt å ha vore konsentrert om spørjeskjemagranskinga. I etterkant har ein forsøkt å setje ned ei idedugnadsgruppe mellom ungdom der temaet skal vere tilbakeflytting/arbeidsplassar i Viksdalen. Bygdelaget arbeider også vidare med marknadsføring av bygda.

Av referata går det fram at også andre tiltak/idear/prosjekt vert teke opp i bygdelaget. Desse vert ikkje naudsynlegvis framstilt som del av Levande bygder.

Det er truleg ikkje ofte eit bygdelag går i gang med ei slik spørjeskjemagransking. Det går fram av munnleg framstilling frå leiaren at det kanskje også har vorte i meste laget med analytiske arbeidsformer. Det er folk i bygda som etterlyser konkrete tiltak. Likevel er det vel rett å seie at bygda har arbeidd i tråd med intensjonane i Levande bygder og oppnådd det som kan ventast innanfor dei rammer prosjektet stiller til rådvelde.

¹⁴ Interessant at bygda ikkje får seg til å kalle ungdomen i Førde "byungdom". Kan tyde på at bystatusen ikkje er like akseptert hjå alle, enno.

Haukedalen søkte altså om opptak til BU-programmet, kom ikkje med der, men søkte på nytt på Levande bygder. Det var likevel innhaldet i BU-søknaden som vart lagt til grunn av Haukedalen bygdeutviklingslag. Det var tre tema/område bygda retta søkelys mot.

Turkart/foldar over Haukedalen: Det dreidde seg om å leggje til rete og gjere kjend turområda i bygda. Bak låg ein tanke om å skape ringverknader av desse ressursane. Eit turkart/foldar vart trykt opp i 5000 eksemplar og delt ut til alle husstandar i Førde. Den vart også omsett til tysk og engelsk for reiselivsbruk. Det vart også laga ei brosjyre om bygda. Denne vart laga med tanke på å gjere bygda kjend for innflyttarar til Førde. 10 relevante turar vart merka i terrenget.

Bustadfelt: Dette skulle gå ut på å tilrettelegge eit område for bustadtomter. Dette var omtalt i kommunedelplan, men verken kommune eller grunneigarar arbeidde vidare med det. Bygdelaget arbeidde med ein grunneigar som var interessert i å leggje ut tomter. I 2001 var ein komen så langt at ein kunne ta kontakt med arkitekt med tanke på å lage ein privat reguleringsplan der også naustrett vart lagt inn som lokkemiddel.

Utnytte anlegg: I søknaden vart det sagt at ein ynskte å utvide bruken av lysløype, skiskyttarstadion og hoppbakke i samband med skule og grendahus med garderobeanlegg. Eg veit ikkje korleis det har gått med dette.

Andre tiltak: Bygdelaget presenterer ei rekkje andre tiltak i regi av Levande bygder-prosjektet; deltaking i spørjeskjemagranskinga; satsinga på Gaularfjellet som nasjonal turistveg; vurdering av kjøp av gamal turisthytte (vart til slutt kjøpt av ein privatperson. Laget avstod frå deltaking i kjøpet).

Levande bygder på fleire vis?

Både Viksdalen, Haukedalen og Norane har arbeidd på andre måtar enn LB-bygdene i Eid. Det er ikkje gjeve at prosjekta i seg sjølv varierer så mykje mellom bygdene, men i Eid er dei fleire i lag som evnar å arbeide på tvers av bygdegrensene. Sjølv om Haukedalen og Viksdalen er nabobygder som tydeleg samarbeider er det ikkje tale om den forma for felles organisering av bygdeutviklingsarbeidet som i Eid.

Ser ein på prosjektnivået er det mogeleg å finne ein sentrum-periferidimensjon i det meste bygdene har stelt med. Både Norane og Haukedalens turkartopplegg kan sjåast som marknadsføring av bygdas ressursar overfor sentrum. Haukedalens tomteprosjekt med naustrett kan sjåast som eit døme på at periferien er viljug til å stille sine mest lukrative rettar - retten til vatnet og strandlina - til rådvelde for folk utanfor bygda. Ikkje lite berre det. Både Norane og Viksdalen har arbeidd med internettsider, men det vert ikkje det same trykket ved det som i Eid. Når alle bygdene vert kopla saman gjennom Eidaportalen og direkte saman med kommunens sider gjev det større trykk. Kvantitativt skjer det klart meir i Eid men kvalitativt? Det er ikkje så godt å seie. Legg vi i hop arbeidet til Haukedalen, Norane og Viksdalen vert det mykje i vektskåla det òg. Når eg høyer det vert fortald kva bygdelaga i Eid arbeider med utanfor Levande bygder er det i grunnen heller ikkje så veldig ulikt dei tre andre bygdene. Det er *samanhengen* det skjer innanfor, det *høge volumet* og *dynamikken* som fleire bygder saman skapar, som først og fremst gjer at Eid skil seg ut.

Slik sett kan ein seie at 1 bygd åleine skapar ikkje "levande bygder". Då vert det "bygdeutvikling". Men 4 bygdeutviklingsbygder i same kommune som gjer det same samstundes skapar "levande bygder". Slik sett hadde dei rett dei som meinte at erfaringane frå BU-programmet måtte utnyttast i nye samanhengar. Dei tok likevel feil dei som trudde ein kunne take ei bygd som ville med i BU-programmet og døype henne om i eit nytt prosjekt i meininga tre nye målsetjingar ned over ideane som kom frå bygdene sjølve. Så enkelt er det ikkje.

3.2 Prosjekt i regi av Bygdeutviklingsprogrammet

Det er 18 bygder som har vore gjennom, eller som no deltek i BU-programmet. Det fell alt for langt å gå gjennom alle tiltaka desse bygdene har planlagt, gjennomført - eller ikkje gjennomført. Til dømes registrerte Løvik (1995) 83 tiltak i dei fem første BU-bygdene. I det følgjande gjev eg også her berre smakebitar av det bygdene har arbeidd med. Først gjennomgår eg kort dei ulike rundane av programmet, bygdene og kort om mål og innhald, deretter ei avsluttande oppsummering som også omfattar tiltaka i regi av Levande bygder.

Fresvik, Stardalen, Flekke, Undredal og Bulandet/Værlandet

Desse fem bygdene var altså først ute då programmet tok til i 1992. I oppsummeringa sa Løvik om prosjekta at (Løvik 1995 s.19 ff): " Tiltaka som bygdene prioriterer spenner over eit vidt område på fleire måtar. Nokre er store og kostbare, andre er enkle og rimelege. Nokre kan først direkte attende til programmet, medan andre nok ville ha kome likevel. Likevel har programmet hatt ein påverknad og innverknad på gjennomføringa. Nokre av tiltaka er retta inn mot næringsutvikling, andre er reine nærmiljøtiltak.

Mange av tiltaka ein har prøvd å få til kjem under gruppa reiseliv. Døme her er serverings- og overnattingstilbod, informasjon og guiding, rasteplassar og oppslagstavler. Ei anna gruppe er utvikling av lokal produksjon og kompetanse som td. kvalitetssikring i geitostproduksjonen, hamneutbygging og tilrettelegging for fiskeindustri, initiativ til å få i gang tekstil- og trevareproduksjon og saftpressing, maskinring, temakveld om kanin, fagmøte om sauekontroll og kurs i motivasjon til nyskaping.

Service til lokalbefolkninga har også vore eit sentralt område. Døme her er senter for nærservice, bygdetun, utvikling av bygdesenteret, grendevaktmeister, rydding og merking i naturen, badeplass, ballplass og båt plass, mekkeverkstad og brukthandel. Ein del av tiltaka ligg også i grenselandet til det som vanlegvis vert rekna som kommunale oppgåver. Døme her er oppsetjing av veglys, ordning med renovasjon og initiativ til byggefelt og gjennomgangsbudstader.

Lokalhistorie og bevaring av gamle tradisjonar har vi også fleire døme på. Dette gjeld m.a. vern av kulturlandskap og bygningar, elvereguleringssoge og forsøk med garving og tjørebrenning. ()

(Er) bygdeutvikling først og fremst næringsutvikling eller trivselsutvikling (?). Det er ofte vanskeleg å putte tiltaka i den eine eller den andre av desse båsane. Spesielt når det gjeld næringsstiltak som er retta mot den lokale marknaden () vil desse ofte vere svært viktige trivselskaparar i

"Levande bygdeutvikling?"

tillegg til å vere arbeidsplassar. Røynsler (frå tidlegare) syner at der langt vanskelegare å mobilisere folk til reine enkeltståande næringstiltak enn til felles- og nærmiljøtiltak. Ein viktig grunn til dette kan vere at bedrifter oftast vil ha eit kommersielt siktemål, at ein eller nokre få personar skal ha eit levebrød av desse, medan fellestiltak og nærmiljøtiltak er noko som langt fleire vil ha glede av.

Dette kjem også klart fram i programmet - trivselstiltak er meir synlege og dei er lettare å få i gang, vert det sagt. Og i to av bygdene vert det framheva at trongen for arbeidsplassar ikkje er så stor sidan arbeidsløysa er minimal. () Av dei 37 næringstiltaka som bygdene rekna som næringstiltak er 17 fellestiltak () 4 retta mot lokalmarknaden. Dei 16 andre er meir enkeltståande, konkrete næringsinitiativ. Desse har ein heilt annan natur. 7 av dei er initiativ frå prosjektstyra som har stoppa opp fordi det ikkje var nokon som fann det interessant å engasjere seg med arbeid og pengar. 5 av dei 16 vart gjennomførte, men her - og i 2 andre tiltak som vart delvis gjennomførte hadde prosjektet berre ei hjelparrolle, mest i form av støtte og tilskot. 2 av prosjekta var (i 1995) framleis berre under planlegging

Konklusjonen er altså at prosjektet har vore med å få i gang først og fremst trivselstiltak for bygda og felles- og støttetiltak for næringslivet. Ein del hadde kanskje venta at det ville kome meir konkrete arbeidsplassar direkte ut av programmet."

Så langt Løviks oppsummering av den første runda. Eg kjem attende til konklusjonane hans.

1996 - Eldalsdalen, Kjølsdalen og Høyanger sørside

Den første runda vart avslutta i 1994. I 1996 vart tre nye bygder tekne opp i programmet. Eldalsdalen har eg ikkje opplysningar om, men denne bygda gjekk som eg har sagt over i Levande bygder, så arbeidsforma må ha gjeve meirsmak.

I Kjølsdalen var det Kjølsdalen krins utviklingslag som stod bak søknaden. Den hadde bakgrunn i ei lokal mobilisering for å redde den lokale bibliotekfilialen frå nedlegging. Aksjonen fekk som resultat at eit eige utviklingslag vart etablert tidleg på 90-talet. KKUL har hatt høgt aktivitetsnivå sidan, og har vore flinke til å utnytte offentlege satsingar til å byggje vidare det lokale arbeidet. Det er heilt uoverkommeleg å gje nok oversyn over prosjektaktivitetane i bygda, eg syner her til utviklingslagets heimeside¹⁵ der sluttrapporten er lagt ut. Det er over 40 prosjekt på lista til laget. Det verkar temmeleg vanskeleg å seie at det-og-det tiltaket høyrer til BU-programmet, det-og-det til Levande bygder osv. Det vert ein feil måte å framstille resultat på. Poenget er at bygda har ein utviklingsorganisasjon som klarar å bruke program og prosjekt i serier til dei føremåla dei sjølve prioriterer.

Frå Høyanger sørside var det Sørsida Idèbank som var prosjektansvarleg. Også denne organisasjonen har lagt sluttrapporten på nettet¹⁶. Sørsida Idèbank er ein del av Høyanger Næringsutvikling AS med ein dagleg leiar tilsett i 50% stilling. Slik sett er dette ei organisasjonsform som eg trur berre denne bygda har. Det er vel då den bygda med sterkast

¹⁵ <http://www.kkul.no/>

¹⁶ <http://www.sorsida-idebank.net/program.htm>

"Levande bygdeutvikling?"

direkte kommunal medverknad i lokalt utviklingsarbeid i programmet. Den dåverande daglege leiaren var også prosjektleiar for bygdas deltaking i BU-programmet. Slik oppsummerer Idebanken arbeidet sitt:

"Vi klarte **bygge utleigebustader for ungdom** som gjere det lettare for dei å busetje seg på sørsida; Vi klarte å setje fokus på kvinna sin kvardag gjennom **kvinnefora og Jenteslepp**; vi klarte å gi ungdom ein **betre innsikt** i kva som rører seg på sørsida med omsyn til næringsliv, vi delte **ut to etablerarstipend til kvinner**, kor eit har ført til etablering, vi har vore med å oppretta ein **møtestad for ungdom**, vi klarte å setje **kulturminnevern** i fokus, vi har vore med å opparbeide 4 nye **bustadtomter** i Ortnevik og sett fokus på **bustadproblematikken** i sin heilskap" (mine uthevingar).

Både Idebanken og KKUL har det til felles at dei var etablerte utviklingsorganisasjonar som nytta BU-programmet som eit høve til å arbeider vidare med ting dei var opptekne av. Deltaking i BU-programmet var eit verkemiddel, ikkje eit mål. Difor fungerte det.

1997 - Hyen og Oldedalen

I 1997 vart Hyen i Gloppen kommune og Oldedalen i Stryn tekne opp i programmet. Også Hyen utviklingslag har lagt ut sluttrapporten sin på nettet, og det er freistande å gje att ein stor del av denne direkte fordi den er skriven til dei som er mest kritiske av alle evaluatorane eit bygdeutviklingsprosjekt kan verte utsett for: Bygdefolket sjølv:

"Hyen Utviklingslag har eksistert i 4 år. Det vart starta fordi mange var skremt over ein del negative utviklingstrekk. Eitt av måla var å kome med på BU programmet, og gjennom det prøve å gripe fatt i dette. Vi har fått utbetalt 240 000,- kr. som ein del av dette programmet. I tillegg har vi fått ein del tilskot til dei prosjekta vi har jobba med. Det har og vore gjort mykje på dugnad.

Dei to første åra hadde vi mange bygdemøte. Vi såg det som viktig å få inn idear, og mobilisere hyarane til å ta eit tak. Det var og viktig å få bestemt kva saker ein skulle prioritere:

Kyrkjegranden. Parkanlegget har til no kome på ca. 170 000,- kr. Vi har fått 71 000,- i kommunalt tilskot, resten er dugnad og pengar frå BU-programmet. Vi har sett av 25 000,- kr. til fullføring. Totalkostnaden vil då nærme seg 200 000,- kr.

Columbus. Ein av grunnane til at kommunen gav tilskot til park/rasteplass i sentrum, var at vi skulle markere teorien om at Columbus var frå Hyen. Vi har vore usikre på korleis dette best kunne gjerast, men vi har no teke ei avgjerd. På bautasteinen som er komen opp vil vi få på plass navn saman med ein mindre columbusfigur. Vi har og under arbeid noko av stein som skal plasserast ved sida av denne. Informasjonstavle er laga på dugnad. På baksida av den er og ledig plass. Ein modell av "Santa Maria", liknande den som heng i vestibylen på gym. bygget hadde passa bra her. Vi let utfordringa gå vidare. Vi har søkt kommunen om eit tilskot på 10 000,- kr. , er villige å bruke 5000,- av BU midlane, og gjere arbeidet på dugnad. Mange har sikkert meiningar om dette. Vi har valt å bruke resursar vi rår

"Levande bygdeutvikling?"

over, og "gjere noko med det", men vi har absolutt ikkje noko i mot at folk som er interessert engasjerer seg for å få opp noko som ruvar meir.

Hyen Automatstasjon: Bensinstasjonen kosta totalt ca. 500 000,- kr. Gloppen Kommune ga 75 000,- i tilskot, og av BU midlane har vi brukt 27 000,- kr. Der er og gjort dugnad for 40-50 000,- kr. I tillegg har NN stilt gratis grunn til disposisjon. Resten har sjølv sagt Autosenteret a/s på Sandane teke. Den har vore i drift eitt år, og har vist seg å vere driftssikker og god. Sett med våre auge er det ein "fulltreffar" og den fortener 100% oppslutnad frå hyarane.

Friluftshelga. Eit av punkta i søknaden vår i BU-programmet var å marknadsføre Hyen og få laga ei brosjyre. Etter kvart viste det seg at det var stemning i bygda for å få på gong igjen "Friluftshelg i Hyen". Vi tykte det var viktig å få ut avis i samband med den og har til no brukt 25 000,- kr. til dette. Det har vore friluftshelg dei 3 siste åra, og vi meiner det har vore vellukka. Folk som er i bygda på ferie set veldig pris på arrangementet. Det er og viktig for oss som bur i Hyen at det skjer noko i bygda på sommartid. Samtidig er det verdifullt å ha noko som samlar bygda til felles innsats. Hyarane bør satse på at dette vert eit årleg arrangement, kanskje med noko varierende innhald.

IKT –senter: Hyen Utviklingslag fekk 50 000,- kr. i BU- tilskot til kjøp av dataanlegg og utstyr. Dette var tenkt brukt til internettkafe eller liknande, og skulle fungere som ein samlingsplass for unge, men vere tilgjengeleg for alle. Dette er eit fellesprosjekt med Kjølisdalen og Hjelledalen i Stryn. Vi valde å samarbeide med skulen, og bygge opp eit felles anlegg på lesesalen. Det blir brukt i undervisninga ved skulen, og er tilgjengeleg om kveldane. Der har vore ein god del kursaktivitet på kveldstid. Etter dei tilbakemeldingane vi får, fungerer dette godt. Her har og vore gjort mykje dugnad.

Heimeside om Hyen: Vi fekk og 10 000,- kr. i BU-tilskot for å lage heimeside om Hyen. Vi har prøvd å få med skulen og lag og organisasjonar i bygda, for å få ei breiast mogeleg dekning av bygda.

Badeplass på Holme: Den kosta totalt ca. 16 000,- kr. Vi brukte 8500,- av BU-midlane og fekk gjort ein del på dugnad.

Båt for funksjonshemma: Den er plassert på Nesholmen. Den kostar totalt ca. 75 000,- kr., og blei finansiert slik: Privat gåve på 16 000,-, Hyen Hjelpekorps 10 000,-, Gloppenprosjektet 45 000,- og Hyen Utviklingslag 4 000,- kr. Dette fungerer vel greitt, men utviklingslaget har ikkje kapasitet til å marknadsføre og fylgje opp slik som vi helst burde. Kanskje var det ein ide at Nesholmen tok over eigaransvar for denne?

Pengeløyvingar: Skyttarlaget fekk 10 000,- kr. til planlegging av ny skytebane. Vi brukte òg 10 000,- kr. til parkeringsplass langs vegen ved danseflaken i Gjengedalsmarka, og 5 000,- til planlegging av bygdekontor på Solheim. Vi brukte òg litt til teleslynge i gymnastikkbygget, og har kjøpt to hagebenkar som er tenkt plassert på kyrkjegarden.

Elles har det gått med litt pengar til administrasjon, kurs, møte og reise.

Sandvollyballbane: NN har stilt eit areal ved Løken, (på nedsida av vegen som går bort i Vika) til disposisjon. Vi søkte Gloppen Kommune om eit tilskot på 30 000,- kr. til sandvollyballbane. Den er kalkulert til å koste ca. 50 000,- kr. Vi oppfatta det slik at det er små sjansar for å få ut eit så

stort beløp i nær framtid. Vi har difor fått med idrettslaget og ungdomslaget på eit "spleiselag" og har søkt kommunen om 10 000,- kr. i tilskot. Dersom det går i orden, satsar vi på å få dette til.

Budsjett for pengar som står att: Vi har sett av 6 000,- til planlegging av leikeområde bak skulen i Hyen, og 5 000,- til uteområde ved Solheim skule. Vi har og sett av 5 000,- til "noko liknande" ved grendahuset i Eimhjellen. Elles har vi stilt 10 000,- kr. til disposisjon til idrettslaget for å få opp nokre lyspunkt ved Dalheim slik at det kan drivast skiaktivitet om kveldane. Vi legg opp til at det skal stå att 30- 40 000, - kr. "på bok" etter at BU-programmet er avslutta og håper det vil gjere det meir interessant for dei som skal drive laget vidare.

Sluttkommentar: Kva forventningar hyarane hadde til dette BU-programmet veit ikkje vi så mykje om, heller ikkje om forventningane har vorte innfridd. Men vi har lyst å seie at vi har vorte veldig godt oppfylde av folka som jobbar på Fylkesmannen si landbruksavdeling i Førde. Gloppen Kommune har og fylgt opp på ein veldig god måte. Så det har vore mest opp til Hyarane sjølve kva vi har kunna få til. Til saman har det kome ein del pengar til bygda i denne tida, og vi vil påstå at dei har vore brukt på ein god måte¹⁷.

Det siste kan vi sikkert skrive under på. Eg har teke med dette lange utdraget fordi eg trur det syner ein typisk rapport frå eit bygdeutviklingslag¹⁸, både kva dei arbeider med og korleis dei arbeider: Pengane ein får vert nytta for å frigjere andre midlar - for å kunne gå inn i andre tiltak og delfinansiere desse. Det syner også korleis samspelet er med private verksemdar, kommunen, med andre lag og organisasjonar i bygda, men også på tvers av kommunegrensar.

Oldedalen skipa også utviklingslag på bakgrunn av negative trendar, der dei følte at både skule og butikk var i fare. Rasutsett veg og mangel på byggetomter saman med ein generell mangel på tiltru mellom ungdomen til ei framtid i bygda gjorde at ei gruppe eldsjeler kalla inn til bygdemøte og fekk skipa laget. Tre arbeidsfelt vart peikte ut i søknaden:

Aktivitetar knytte til reiseliv: Sikre næringsverksemd knytt til Briksdalsbreen og aktiv prøve å påverke til aktive og velstelte bruk.

Arbeide for arbeidsplassar/arbeidsstad for høgt utdanna ungdom: Bygda kunne ikkje tilby nokon slike arbeidsplassar.

Opparbeiding av bustadfelt: Ein dialog med kommunen om å kunne tilby gode og rimelege bustader. Gjerne eit bustadfelt opparbeidd på dugnad.

I årsrapporten frå kommunen for BU-prosjektet i år 2000 vart følgjande tiltak og resultat knytte til programmet: Det var bygd eit tilbygg til skulen/barnehagen der det var etablert eit bygdekontor. Der vart det helde opplæring i data. Samlokalisering med skulen gjorde det mogeleg å at skuleborna nytta utstyret på dagtid. Eit byggjefelt var utvida. Utviklingslaget hadde forhandla med grunneigar om grunnavståing og frådelling etter behov. Slik slapp ein kommunal utbygging av feltet. Utviklingslaget organiserte dugnad i samband med bygging av naudsynt rasvoll og bidrog med midlar til støtte til vassverk. Kommunalt næringsfond vart også nytta til sikringsvollen. Arbeid med ei bygdebok var sett i gang. Innsamlingsarbeid

¹⁷ Henta frå Hyen-nytt, november 2000: http://www.hyen.com/hyen_utviklingslag.htm

¹⁸ Sjølv om denne var sjeldan godt formulert og skriven.

og oppbevaring i regi av utviklingslaget. Det var søkt om STILK-midler/områdetiltak for å take vare på og utvikle kulturatraksjonane i dalen.

Elles vart det peikt på at situasjonen for Oldedalen var noko endra sidan søknaden vart sendt i 1996/1997. Verksemda Olden brevatn a/s var etablert i dalen. 15 personar var tilsett i 2000, 16 no (etter verksemdas eiga heimeside).

1998 - Fjordane og Ålfoten

I 1998 var det Fjordane i Balestrand og Ålfoten i Bremanger sin tur.

I Fjordane var det grendalaget som stod bak søknaden. Laget vart skipa i 1994. Folk ville ha eit felles talerøyr ut av bygda - retta mot kommunepolitikarane. Medlemmar i laget vert sagt å vere "dei som bur i eller føler seg knytt til bygdene Sværefjorden og Vetlefjorden". Det vart også vedteke i oppstartinga at arbeidet med rassikring skulle vere ei prioritert oppgåve.

Saker laget jobba med fyrste året var rassikring i Fjordane, tidlegare åpning av Gaularfjellsvegen, kriserute med båt ved rasstengde vegar og skulen. Laget mottok fyrste året 2500,- frå Balestrand kommune og 1500,- frå Sparebanken Sogn og Fjordane.

Søndag 29. juni 1997 vart det arrangert idedugnad i Grendahuset. Dåverande næringssjef i kommunen leia møtet. Spørsmåla dei tok opp var: Kva har vi av ressursar i Fjordane? Kva er problema våre? Korleis snu dei negative til noko positivt? Dei framførte vart inndelte i fem ulike grupper; Bu og leve i Fjordane, Lat skulen leve!, Positiv turisme, Grøn vekst og Nærbutikken/bensinstasjon. Desse har i ettertid arbeidd vidare med kvar sin leiar som undergrupper av grendalaget. I forkant av idedugnaden søkte laget om opptak i bygdeutviklingsprogrammet. Ein fekk avslag då, men søkte og kom inn i 1998. Saman med Eldalsosen grendelag arbeidde laget i lengre tid med felles interesser knytte til tidlegare opning av Gaularfjellsvegen, også i samarbeid med Balestrand og Gaular kommunar. Sommaren 1998 vart det feira 60-årsjubileum for opninga av Gaularfjellsvegen. Dagen vart feira saman med bygdefolket på den andre sida av fjellet med tilstellingar både på Brøytestasjonen og i Grendahuset i Vetlefjorden. Dette året vart Fjordane Grendalag også tildelt "I-farta-prisen" frå Norges Bondekvinneforbund for stort engasjement i bygda.

Gruppene **Bu og leve i Fjordane** og **Lat skulen leve!** vart seinare samanslegne og inndelt i undergrupper som arbeidar med fleire saker, mellom anna interessa for attendeflytting til Fjordane gjennom ei spørjeundersøking. Attendemeldingane frå dei utflytta fjordingane var gode, og fleirtalet kunne tenkje seg å flytte attende. Nokre ynskje hadde dei for at dette skulle skje; Arbeidsplassar, sikker skule og rassikring av vegane. Gruppa tok utgangspunkt i dette då dei fortsette arbeidet sitt. Tiltak gruppa arbeidar med er bustadfelt i Fjordane, etablering av nye næringar, produksjon av internettavis og det å take vare på skulen og barnehagen i bygda.

Gruppa **Positiv turisme** sine hovudsaker er merking av turstiar, skilting av gardar og stader og etablering av kulturløype i Vetlefjorden. Gruppa står også bak internettpresentasjonen av bygdene.

Grappa **Grøn Vekst** har jobba mykje med eit lauvtreprosjekt, produksjon og tørking av lauvtre til bruk i møbelindustrien. Dette prosjektet tek også kommunen del i.

Siste grappa er **Nærbutikken/Bensinstasjon**. I tida mellom forrige drivar av nærbutikken gav seg og ny butikk var ein realitet, var det denne grappa som greip fatt i naudsynnte oppussingar av lokala. Dugnad vart organisert, mellom anna for å måle oppatt veggane i butikken og installere ny mjølkedisk. Nye reolar vart også innkjøpte frå ein nedlagt butikk. Grappa er ein viktig støttespelar for dagleg leiar og styret i nærbutikken, Farnesbui AS. Leiaren for nærbutikken utfører også oppgåver for Balestrand kommune i samband med innmelding av trong for omsorgstenester i bygda.

Styret i Grendalaget har også sine egne arbeidsoppgåver. Dei har laga badeplass på Stølsberg i Vetlefjorden, også på dugnad. Sommaren 1999 vart badeplassen opna. Området er opparbeida med plen og har både klippe og sandstrand å bade frå. Eit utetoalett er også bygd. Ei anna sak styret har arbeidd mykje med er å få fortgang i rassikringa av riksveg 13, Dragsvik - Vetlefjorden. Innan utgangen av 1999 var tre av skreene på denne distansen sikra. Styret arbeidde også saman med grappa Bu og leve i Fjordane om realiseringa av eit bustadfelt i Fjordane. Bustadfeltet var tenkt plassert på Thorsnes¹⁹.

For dei som les Sogn Avis vil det i desse dagar (februar 2002) vere kjent at tomter i budstadsfeltet er lyst ut, samstundes som grendalaget forsøker å finne ein ny styrar for butikken. Fjordane er ei BU-bygd som i høgste grad framleis er aktiv. Også denne bygda er typisk i den meininga at BU-programmet var eit verkemiddel i ein eigeninitiert utviklingsprosess som *hadde* starta. BU-programmet bygde opp under noko som alt var i gong.

Det kan ein seie også galdt for Ålfoten. Det lokale grendelaget - som stod bak søknaden - hadde året før ein søkte om deltaking klart å mobilisere bygdefolket til å starte opp sin eigen nærbutikk. Den opphavlege søknaden inneheldt mange punkt ein ynskte å arbeide med: Spørjeundersøking til utflytte ålfotarar; aktivitetar til eit næringsbygg/næringsareal, styrking av sagbruksdrifta, utviklinga av eit friluftsområde, mindre kraftutbygging, ledige lokale i gammalt skulehus, fiskeoppdrett, utvikling av tradisjonelt landbruk, bygningsvern, bu- og trivselstiltak, krav til kommunikasjonar og "andre tiltak som kan kome fram.

Det var ei lang liste. I rapport til Bygdeutviklingsprogrammet for 2000 ser det ut som verksemda vart konsentrert om eit fåtal, større prosjekt. Det var eit reiselivsprosjekt som innebar utvikling av eit **større hytte- og friluftsområde**, det galdt **overtakinga av den gamle skulen** i bygda og det var **vidare arbeid knytt til utvikling av kultur og tradisjonar** i bygda. Det verka som om grendelaget arbeidde relativt tett i høve selskapet Bremanger vekst og Bremanger kommune. Mykje arbeid vart lagt ned i tenking og analyser knytte til produktutvikling.

¹⁹ Denne presentasjonen er delvis henta frå notat gjort av meg under ein presentasjon av Fjordane grendalag på møte i bygdeutviklingsforum i Sogn og Fjordane, delvis frå laget heimeside: http://vestinternett.no/~toref/n_org.htm#A

1999 - Ytre Stadtlandet og Guddal

Ytre Stadtlandet er også av dei bygdene der utviklingslaget starta som eit resultat av trugsmål om skulenedlegging. Resultatet av mobiliseringa var at ein berga skulen, men 150 personar la ned 4-5000 arbeidstimar på dugnad for å delfinansiere ny skule.

Rapportane frå Stadtlandet for 2000 og 2001 fortel at bygdeutviklingslaget har arbeidd med desse sakene: Bygging av *småbåthavn*, etablering og drift av *bygdekontor*, utforming, trykking og distribuering av *Stadnytt*, fått *bygdekinoen* til å komme ein gong i månaden, arbeidd med løysing av søppelproblemet, arrangert *damens aften* kvar 14 dag, og *jentedag* med foredrag og utstillarar. Langsiktig arbeid i gang knytt til eit *utandørssenter*, og til *kompetansestove/mininæringshage og internettkafe*. I tillegg nemner styret at dei hadde arbeidd i høve ulike *kommunale og statlege prioriteringar* som galdt Stadtlandet, ein var også byrja arbeide med problemet nedlagt og fråflytta *gardsbruk*. Eg siterer frå kommunens omtale av arbeidet for 2000:

"Ytre Stadtlandt bygdeutviklingslag har gjennom året lagt ned arbeid i ei lang rekkje tiltak. Det er eit vidt spenn i tiltaka frå kulturelle og sosiale aktivitetar til prosjekt med tanke på infrastruktur og miljøtiltak. Bygdekontor er på plass og fungerer som ein naturleg møteplass og eit bindeledd mellom dei ulike bygdelaga. Framdrifta i prosjektet ligg på mange plan godt i overkant av det som er skissert (). Det ser og ut til at bruken av tilskotsmidlane samsvarar godt med framdrifta i prosjektet" (Selje kommune 01/00400-2/V12)

Søknaden om deltaking var også relativt generell i forma, med vekt utviklingspotensialet ulike bruk, verksemder og grendelag har. Det var Guddal grendelag og Guddal bondelag som i fellesskap søkte om deltaking i BU-programmet gjennom eit felles BU-prosjekt. I den opphavelige søknaden var det lagt stor vekt på *vegprosjektet* Steinseth - Døskeland i Gaular, eit vegprosjekt som ville gje bygda tilgang til indre Sunnfjord på ein heilt annan måte enn i dag. Dette var openbert eit prosjekt det hadde vore arbeidd med lenge - også i samarbeid mellom kommunane Gaular og Fjaler. *Utvikling av nærbutikken* (folkeaksjeselskap sidan 1996), *næringsutvikling* i meininga lokal produksjon på den eine sida og mogelege knoppskytingar i høve Hauglandssenteret på den andre. *Aktivitetar i lokale vassdrag*, både i samband med etablering av ein fiskeskule og generell forvaltning av innlandsfiskeressursar i bygda. Det siste satsingsområdet var aktivitetar knytte til *Guddal skule*. I årsrapporten for 2000 går det fram at bygda har arbeidd innanfor alle desse satsingsområda og arbeidsfelta på ymse vis. Men vegen er enno ikkje bygd (2002).

2000 - Jostedalen og Oppstryn

Jostedalen hadde vore gjennom ein liknande prosess før. Under og i etterkant av kraftutbygginga på 80-talet vart det skipa eit Jostedalen Næringssselskap, JONAS. Gjennom dette arbeidet vart realiseringa av prosjektet Breheimsenteret førebudd. Folk i bygda var difor ikkje ukjend med den arbeidsforma som låg i denne typen utviklingstiltak. Det var likevel ein nokon annan vinkling på søknaden for deltaking i år 2000.

Bygdelaget ynskte å *auke aktiviteten i samfunnshuset* gjennom bruk av internett og ny teknologi, ein ville *revitalisere lag og organisasjonar* gjennom kompetanseoppbygging og kursing av leiarar. Vidare ville ein skape ein *kultur for uformell sosial aktivitet*, som skulle vere eit motsvar mot konsekvensana av minkande folketal og mindre sosial omgang, særskildt i vinterhalvåret. For å profilere Jostedalen som ein sentral stad for friluftaktivitetar knytte til snø og is ville ein arrangere ein *snøfestival*. *Nettverkstiltak* kalla dei ei gruppe tiltak av denne typen: bygdeavis, idedugnad og heimflyttingsseminar 'få trua på framtida samstundes' og telependling. Omgrepa 'internett' og 'ny teknologi' går som ein raud tråd gjennom søknaden. I årsmeldinga fortel bygdeutviklingslaget at dei arbeider med Jostedalen Skule- og bygdeavis, om at det har vore arrangert ein bondekafe - med stor oppslutning - som må følgjast opp. Vidare arbeid med lyd/lysanlegg i samfunnshuset og arbeid i samband med eit mobiliseringsseminar for bygdefolk. Snøfestivalen hadde motbør, medan minikraftverk og utleiehytter var komne på dagsorden.

Oppstryn bygdeutviklingslag vart skipa i 1999. Laget søkte om å bli teken opp i programmet også då, men kom først med i 2000. Prosjektplanen og syner at bygda ville arbeide med desse sakane: *Registrering* av opplysningar om bygda som kunne danne grunnlag for utvikling, etablering av *internettkafe*, sikring av *butikken, kultur- og landskapspleie*, oppstart av *bygdekontor* og iverksetje eit *it-prosjekt* i samarbeid med Kjølsdalen og Hyen. I årsrapporten går det fram det var desse sakene dei arbeidde med i tillegg til andre som dukka opp. Under overskrifta registrering er det mange underaktivitetar av typen registrering av tomter og tomtebehov, oversyn over landbrukseigedomar eigde av utanbygds. osv. I årsrapporten går det også fram at deltaking i fellesaktivitetane i BU-programmet var viktig for korleis bygdeutviklingslaget tenkte om bygda og det arbeidet dei skulle gjere. Ei rekkje kurs vart også arrangerte for bygdefolk. Vidare arbeidde laget med moglege næringstiltak innan reiseliv og vidareforedling og med tilbod til ungdomen.

Også Oppstryn framstår som ei bygd der BU-programmet i seg sjølv berre var eit tilskot til ein utviklingsprosess som alt var i gong. Det å få nei til deltaking i 1999 var ein nedtur, medan det var ein opptur og ein stimulans å komme med i 2000. Men bygdeutviklingsprosessen hadde starta før.

2001 - Feios og Sørstranda

Feios søkte tre gonger før dei kom med i programmet. Prosjektstyret i Feios bygdelag gav denne grunngevinga og innhaldet i søknaden:

"Vi ynskjer å visa at Feios er ei triveleg bygd der det er godt å bu. Det er kort veg til arbeidsplassar i Vik og Fresvik. Vi vil satsa mykje på *nærmiljø og trivsel* i bygda. Vi vil ruste opp den kommunale *badeplassen* som ligg i tilknytning til skulen (og etablere) *symjebassenget* i samband med skulen. (Vi vil) prosjekteree *eldrebustader* i samband med ei tomt og ei pengegåve som bygda har fått til dette formålet (og) lage *informasjonsbrosjyre* og eit framhald i arbeidet for fleire *turløyper*. Arbeida for eit *hyttefelt*. Leggja til rette for *bubil/turistar med parkeringsplass og båtutleige*. *Ride- og køyrebane* med eventuele moglegeheiter for *skøytebane* om vinteren.

"Levande bygdeutvikling?"

Prosjektore *båthamn. Betre ungdomsarbeidet* i samarbeid med ungdomssekretæren i kommunen. Det er og viktig at ungdomen får ein identitet til bygda si. Vi ynskjer og å engasjere ungdomen til å seia kva krav og ynskjer dei har, for at dei skal satse her i framtida. Vi vonar ungdomen skal byggja i det nye byggefeltet" (mine uthevingar).

Feios synte i tidlegare søknad til at bygda hadde gått inn og redda lokalbutikken ved å skipe folkeaksjeselskap. Slik sett var bygda ein av mange der det var ein utviklingsprosess i gang, og der det var eit miljø som hadde gripe tak i dei utfordringane BU-programmet var sikta inn mot.

Også det som no er Sørstranda utviklingslag søkte i 1999. Då som ei arbeidsgruppe for BU-prosjekt Rygg krins. I 2001 var altså utviklingslaget etablert. Innhaldet i søknadane var på det overordna planet mykje like. Søkelys er på tre område: Fysisk planlegging i form av: ***Tilrettelegging for vidare bustadbygging i bygda, Bevaring og utvikling av bygda sine kulturhistoriske og kulturelle verdiar*** (med klar tilknytning til spørsmålet om reguleringsplan for Ryggjøyri) og ***analyser og utvikling av lokal næringsverksemd. og innspel i samband med reguleringsplan for Ryggjøyri***. Eit fjerde tema som også var viktig for dei tre andre var ***innspel i samband med reguleringsplan for Ryggjøyri***. Under kvart tema er det lista ei rekkje konkrete tiltak det fell for langt å gjere greie for.

Årsrapportar frå det første året har eg ikkje sett. I praksis er desse to bygdene nett komne i gang i programmet.

3.3 Nærmiljøutvikling - samfunnsutvikling?

Det skal ikkje så mykje lesing til i programplanar, rapportar eller samtaler med deltakarar i Bygdeutviklingsprogrammet og Levande bygder før ein forstår at næringsutvikling i den mest tronge forståinga av omgrepet - etablering av ei verksemd eller produksjon av ei ny teneste eller produkt - dreier ikkje dette seg om. Aktørane som stod bak programmet trur eg innsåg dette tidleg, dei hadde noko ambisjonar om å kunne oppnå meir på dette feltet. Men nei, Bygdeutviklingsprogrammet vart ein suksess først og fremst som *nærmiljøutvikling* og *lokalsamfunnsutvikling*. Det er berre å gå gjennom listene over kva bygdene har arbeidd med, så ser ein det. Slik sett er vi attende til konklusjonane Løvik trakk etter den første programperioden. Det er ikkje som næringsutvikling i snever forstand vi må forstå Bygdeutviklingsprogrammet. Slik direktøren for FMLA framstiller det på vegne av etaten er lærdomen denne: Nærmiljøprosjekta er lettare å få til, dei er gjerne viktigare for lokalsamfunnet enn nye arbeidsplassar og trivsels- og nærmiljøtiltak dannar gjerne basis for næringsstiltak som kjem seinare og i etterkant av deltaking i BU-programmet.

For å bruke ein metafor som høver for landbruksfamilien og den pengepungen midlane kjem frå; Bygdeutviklingsprogrammet vert ein slags gjødsling av bygdene i meininga skape gode vekstilhøve for det samfunnet landbruksutøvarane treng for i heile teke teke å kunne tenkje på omstilling, utvikling og ivaretaking av dei ressursane som skapar levande bygder, også i meininga grunnlag for meir kommersielle aktivitetar.

"Levande bygdeutvikling?"

For kva les vi ut av tiltaka? Det dreier seg om tomter og tilrettelegging for bustadbygging, det handlar om badeplassar, turstiar, løyper, merking og synleggjering av tilbod som openbert er av stor verdi for reiselivet. Det handlar om butikkar, bensinstasjonar og ivaretaking av grunnleggjande private og offentlege tenester. Vi les om vegar og om skredsikring, med andre ord om tiltak som er viktige for alle, både næringsverksemdar og vanlege folk.

Næringsutvikling kan vere så mangt. Informasjonsteknologien ventar vi skal endre særst mykje av våre tilvante måtar å tenkje og handle på. I prosjektoversyna kan vi ane korleis *Titanprosjektet* er blitt iverksett i Sogn og Fjordane. Truleg lever restane vidare i BU-bygdene lenge etter at planmakarane har gløymt reisene til Irland og Brussel for å sikre deltaking i dette EU-programmet. BU-bygdene driv opplæring i bruk av informasjonsteknologi, dei tek internett i bruk på måtar som hevar kunnskapsnivået til folk som elles ville vore fjerne frå denne teknologien. *Grøn omsorg* er BU-bygder opptekne av og vi høyrer omgrep og idear som berre kan stamme frå *verdiskapingsprogrammet*. Og ikkje minst møter vi *merkurprogrammet* i alle aksjonane for å berge lokalbutikken. Slik sett ser vi også at dei tiltaka staten og fylkeskommunen forsøker å setje i verk som klare næringsutviklingstiltak vert gjenspegla som samfunnsutvikling i BU-bygdene. Å trekkje grensa mellom det eine og det andre er berre lett når ein sit på eit kontor langt frå eit bygdesamfunn som strevar med å finne ein måte å overleve på.

4 Kva er "bygdeutvikling" sett frå bygdene?

I avslutninga av kapittel tre sa eg at vi ikkje utan vidare kan setje likskapsteikn mellom "bygdeutvikling" og "næringsutvikling". Men kva er då bygdeutvikling? Det lettaste svaret er at bygdeutvikling er mange ting. Vi får byrje på byrjinga i denne nøstinga.

4.1 Kva meiner bygdeutviklarane det er?

Er bygdeutvikling noko nytt? Kva er det dersom det ikkje er noko nytt? Korleis skal vi tenkje om det bygdene forsøker å gjere? Korleis tenker bygdene sjølve om det dei gjer? Med utgangspunkt i desse spørsmåla skal eg drøfte informantanes synspunkt på kva det er bygdeutvikling av denne typen dreier seg eg.

Bygdeutvikling er evig motpolitikk

Det mest generelle biletet eg har registrert er utsegna om at bygdeutvikling ikkje er noko anna enn det som har skjedd til alle tider her i landet: Folk forsøker å kløre seg fast meir eller mindre upåverka av kva slags politikk staten forsøker å setje i verk. Folk - eldsjeler - er motorane i lokalsamfunn dei forsøker å utvikle - like mykje på tross av som på grunn av - nasjonale tiltak som BU-programmet er del av, eller den sentraliseringspolitikken BU-programmet forsøker å motverke konsekvensane av.

Deltaking i BU-programmet vert slik sett eit verkemiddel bygder kan nytte fordi det er eit sett av løysingar som kan koplust til evige problem bygdene har. Bygdeutvikling er i dette biletet også eit protestrop om at bygdene har kvalitetar og verdiar nokon finn grunn til å take vare på og utvikle i eit tid der det offentlege rommet ikkje har plass til positive omtaler av desse.

I Sogn og Fjordane vert dette eit spørsmål om å take vare på det som er spesielt ved dette fylket. Småbyane og tettstadane våre er det ikkje noko spesielt med. Dei liknar andre småbyar og tettstader. Bygdeutvikling vert difor å take vare på det som gjer Sogn og Fjordane spesielt - ein stad der folk faktisk bur spreidd.

Bygdeutvikling er distriktpolitikk - ikkje landbrukspolitik

BU-programmet og bygdeutviklingspolitikken har eit marknadsføringsproblem. Som det går fram av prosjektgjennmgangen ovanfor skal ein leite langt mellom kvart direkte landbruksretta prosjekt. Det er *bygdesamfunnet* det dreier seg om, ikkje landbruksnæringa, sjølv om pengane kjem frå den såkalla jordbruksbruksavtalen mellom bøndenes organisasjonar og staten. På ein måte er bygdeutviklingsmidlane Landbruksdepartementets versjon av den generelle distriktpolitikken. Det er lokalsamfunnsutvikling i bygdene det dreier seg om. Dette seier dei ansvarlege for programmet det er vanskeleg å få gehør for. Også i høve deler av fylkeskommunen - som ein elles arbeider tett saman med - vert "BU-programmet" oppfatta som eit program for bønder. Heller ikkje media synest forstå at "bønder" og "bygder" ikkje er eitt og det same.

"Levande bygdeutvikling?"

I "landbruksfamilien" og den næraste slekta vert "pub'en på Borgund" brukt som eit døme på prosjekt som braut ein *barriere*: Ein søknad om å bruke BU-midlar til å etablere ei skjenkestove vart innvilga²⁰. Dette synte kva det eigentleg dreier seg om: BU dreier seg om å skape levande bygder. Trengs det ein pub til å gjere det, ja så er det bygdeutvikling det også.

Bygdeutvikling er det fylkeskommune og kommune ikkje maktar

Som det går fram i fleire av bygdeomtalanane ovanfor er det eit trugssmål eller ei negativ hendig som gjerne utløyser etablering av eit bygdeutviklingslag og/eller søknad om deltaking i BU-programmet. Det er gjerne butikken, skulen, bankfililen som er utsett. Eller det kan vere ei anna form for funksjonstømming det er tale om. Staten gjennom Norsk tipping, Posten og Statoil har nett ikkje bidratt til å halde på optimismen i mindre bygder. Fylkeskommunen og kommunane er meir eller mindre hjelpelause i slike sentraliseringsprosessar. Kommunane sjølve ser på skulenedlegging og skulesentralisering som mogelege strategiar for å makte dei krava dei vert pålagde i lys av kommuneøkonomi - eller nasjonal skulesatsing - paradoksalt nok.

Ser vi på mange av dei såkalla nærmiljøtiltaka - som det er langt dei fleste av i BU-bygdene - er dette tiltak som klart fell innanfor det kommunar har ansvaret for. Men det er bygdeutviklingslag som trer inn der kommunen ikkje maktar oppgåva - eller ikkje vil. Alle turløyper, idrettsanlegg osv. fell delvis inn under fylkeskommunens politikkfelt, delvis kommunane. Bygdeutvikling vert slik sett ein slags forsvarsstrategi, eit svar på eitt eller anna trugssmål verken fylkeskommune eller kommune synest å handtere.

Men om aktivitetar forsvinn eller vert berga, er trugsålet om *funksjonstømming* der likevel. Bygdeutvikling vert då ein aktiv strategi for å take vare på og utvikle tilbod det offentlege burde teke ansvar for. Det ser vi av alle prosjekta som på ein eller annan måte er knytte til skulane. Dei lokale bygdekontora med alt sitt utstyr er svært ofte knytte opp til skular og barnehagar, og utstyret vert stilt til disposisjon for elever og lærarar. Slik sett går BU-tiltaka inn og hevar kvaliteten på desse skulane.

Bygdeutvikling er verdiskaping på fleire måtar

Men sjølv om tilbod forsvinn og folketalet held fram å gå nedover, dreier bygdeutvikling seg på ein eller annan litt vanskeleg måte å forklare, om å tenkje positivt. Det er dreier seg om å setje søkelys på det gode og verdiar ein har, trass alt. "Bygdeutviklingsideologien" dreier seg om å få samle dei kreftene som tenkjer positivt og kreativt og setje dei inn som ei felles drivkraft som utkrystalliserer seg i tiltak som på ulike måtar aukar *verdiane* eller verdiskapinga i bygda. Verdiar er her mange ting - det kan vere å halde på dei demningane som skule og barnehage utgjør, men også dei abstrakte tankane bygdefolket har om seg sjølv og bygda. Det dreier seg om verdien av å tenkje positivt og konstruktivt heller enn å sutre.

Nokre talar om verdiskaping i særskilde abstrakte vendingar og ser bygdeutvikling som eit spørsmål om å byggje bygda som eit merkevare; å auke den ikkje-materielle omsetninga av produkta bygda leverer, om å lage nye, spenstige koplingar mellom tradisjonelle ting og nye teknologiar.

²⁰ Det var ein enkeltsøknad om BU-støtte, ikkje del av BU-programmet.

"Levande bygdeutvikling?"

Mange bygder i Sogn og Fjordane ligg langt framme i bruken av internett. Lengre framme enn verksemdar som sjølve meiner dei er i fremste rekkja på dette feltet..

Bygdeutvikling er å skape nye fellesskap i mikrobølgebygda

Det er nokre som seier at bygdeutvikling dreier seg om å finne att *fortida*. Andre seier at det dreier seg om å redefinere bygdas posisjon. Finne ut kvar ho er i verda. Kanskje er ho ikkje ein utkant i kommunen, kanskje er ho sentrum for noko som peikar langt inn i framtida? Uansett er prosjekta byggjesteinar i eit sosialt eksperiment der ein gjennom arbeidsforma forsøker å byggje opp noko mange meiner er tapt, eller på veg til å bli tapt i mikrobølgebygda der folk er opptekne med seg og sitt, køyrer borna til og frå musikken og idrettsøvingane i kommunesenteret og knappast talar med naboen lenger.

I dette ligg det at dei møteplassane bygda ein gong hadde, kanskje ikkje eksisterer lenger. Og nokre av dei gamle organisasjonane og laga slit - kanskje klarer dei ikkje å rekruttere, kanskje fengjer ikkje aktivitetane og tilboda slik dei ein gong gjorde. Som ein informant sa det: Husmorlaget var ein av organisasjonane som stod bak søknaden om deltaking i BU-programmet. Det var det siste andedrettet til laget. I BU-bygdene er det interessant å sjå kven som er deltakarar i prosjektstyre og bygdestyre; av og til ser ein yrkestittel og utdanning nemnt: Og det er ofte tale om folk med høgare utdanning og innslaget av (relativt) unge kvinner er høgt²¹. Kanskje har desse trong for å organisere seg på andre måtar enn i dei tradisjonelle organisasjonane og laga? For desse personane vert BU-tiltaka eit høve til å drive lokalsamfunnsutvikling gjennom ein form for personleg kompetansebruk der dei *skapar* dei nye møteplassane slike folk sjølve etterlyser. Men dette skjer så stille at ingen merkar det. Over tid har kanskje Kvinneforum avløyst Bondekvinnelaget som den sjølvsahte møtestaden for kvinnene, prosjekt 'Digital bygdebok' har avløyst historielaget og 4H møtest like gjerne på internettkafeen som ved kaninbura. Ein av informantane fortalde at ho var på ein jubileumsfest i ungdomslaget. Det slo henne under festtalane at ungdomslaget eingong gjorde det Bygdeutviklingsstyret no forsøker å gjere. Ungdomslaget eig ungdomshuset og driv bingo for å finansiere det. Bygdeutviklingslaget har overteke stafettspinnen frå eit ungdomslag som tapte si sjel i bingo.

Når bygdefolket møtest i årsmøtet i eit aksjeselskapet som eig og driv nærbutikken, men ikkje lenger framfor disken der dei ber om kreditt hjå handelsmannen medan naboen høyrer på, har det skjedd eit kvantesprang. Møteplassen kunne vere eit problem, før i tida òg.

"Det er så tungvint når ikkje alle har e-post", glapp det ut av ein informant. Eg trur ikkje han var klar over at *måten* hans å samhandle med sambygdingane ikkje lenger kunne byggje opp om bygda i meininga eit fysisk, sosialt samvær på butikken eller ungdomshuset.

Bygda vert ikkje virtuell fordi om ho har eiga heimside. Men ho vert det når innbyggjarane heller legg inn meldingar på heimesida enn å bruke oppslagstavla utanfor butikken.

²¹ No er det jo meir eller mindre krav om at denne gruppa skal delta frå bygdenes side.

Sovebygder og utkantbygder

Prosjektet Levande bygder tok utgangspunkt i omgrepet samanhengande bu- og arbeidsområde, eit omgrep som har vore nytta i lengre tid i fylkesplansamheng. I dette ligg det ei oppfatning av nokon bygder som meir eller mindre integrerte i eit større omland, der *pendling* til eit større senter løyser bygdas trong for arbeidsplassar. Men slik pendling medfører også at bygda som sjølvstendig eining vert tømt for økonomisk aktivitetar. Sosialt og kulturelt sett kan ein også tale om ei funksjonstømming når dei som bur i bygda deltek like mykje og meir i aktivitetane i senteret som i eiga bygd. Slik sett vert nokre bygder *sovebygder*. I ei sovebygd er det irriterande at butikken vert lagt ned, men ikkje verre enn at ein godt kan handle på REMA1000 i kommunesenteret - noko ein stor sett gjer likevel. Elles hadde ikkje nærbutikken vorten lagt ned.

Verkelege *utkantbygder*, derimot, har andre problem. Men kva bygdetypar er det som søkjer om deltaking i BU-programmet? Er det først og fremst sovebygdene - eller er det utkantbygdene? Trengs det kanskje ein heilt annan politikk for utkantbygdene enn sovebygdene? Her kunne kanskje programmet vorte spissa noko meir i lys av dei ideane mellom anna småsamfunnssatsinga har arbeidd med (sjå kapittel seks).

Bygdeutvikling er å auke handlingskapasiteten

Listene over kva bygdene gjer med småpengane dei får gjennom BU-programmet er imponerende. Løvik (1995) prøvde i 1995 å rekne seg fram til den han kalla ein *mobiliseringskvotient* i første runde av BU-programmet. Med det meinte han kor mykje andre pengar ei BU-krone utløyste av andre midlar, og kor mykje arbeidsinnsats i timar prosjektstyrets innsats utløyste av dugnadsinnsats frå andre. Pengekvotienten var 4,6, arbeidskvotienten meinte han var 6,8. Dei fem første BU-bygdene la slik sett ned 15600 arbeidstimar. Det er ingen grunn til ikkje å tru at det same er tilfellet for nye BU-bygder. Sjølv om det er stor variasjon mellom bygdene kan vi likevel leike oss litt med desse tala: Gjennom BU-programmet og Levande bygder har til saman 22 bygder delteke (2 av dei to gonger, men i ulike periodar). Dersom vi tek gjennomomsnittet av dugnadsinnsatsen i dei fem første bygdene var denne på 3120 timar. I 22 bygder vert dette 68640 timar. Dersom vi også er viljuge til å setje ein pris på 400,- kan seie at bygdene har produsert eigeninnsats for minst 27 456 000,- gjennom desse åra.

Interessante tal, men like interessant er det kanskje korleis desse vert organiserte fram i bygdene, korleis denne produksjonen så og seie vert *produsert*. Vi bør difor tenkje gjennom korleis dei lokale bygdeutviklingsstyra arbeider og kva dei gjer.

BU-programmet dreier seg om mobilisering. I dette ligg det minst følgjande forståingar: Mobilisering er å få bygdefolk til å bidra med idear, det er å få dei til å bidra med pengar og arbeid, det er å lære opp bygda, å skape lokal sjølvkjensle og få dei til å forstå at det nyttar å satse berre ein forstår korleis. Det ligg også ei fjerde forståing av mobilisering i tanken om å kople eksterne personar, verksemder og kompetanse til bygda utanfrå. Dette er ein tilsvarande definisjon som den Løvik nytta (Løvik 1995: 21).

Folkemøtet vert gjerne nytta som startbasis for mobiliseringsarbeid, gjerne også undervegs i BU-prosessen. Problemet med folkemøte kan vi illustrerer med ein vri på ein gamal vits: "kor mange bygdeutviklarar trengs

"Levande bygdeutvikling?"

det for å skifte ei lyspære? Svaret er ingen, dersom den trengs å skiftast gjer eit folkemøte det". Poenget er at dersom ein vil forklare effekten av mobilisering gjennom organisering av folkemøte støyter ein på følgjande problem: Folkemøte *gjer* ingenting, dei berre snakkar ein saman og drikk kaffi.

Slik bygdene framstiller seg sjølve er det som aktive sosiale einingar med mange lag og organisasjonar. Men *alle* desse laga *gjer* ikkje like mykje. Kva også med alle dei tiltak som fell *mellom* laga og organisasjonane sine naturlege ansvarsområde? Kva med alle dei tiltaka som eigentleg fell mellom private aktørar og det offentleges ansvarsområde? Kven skal gå mellom kommunen og ein privat grunneigar i spørsmålet om det bustadfeltet folkemøtet meiner bør byggjast ut? Det er i dette *skjæringsfeltet* eit bygdeutviklingslag naturleg finn ein stad å vere. Og gjennom deltaking i programmet får utviklingslaget hand om visse pengesummar - rett nok små - som gjer dei *handlingsdyktige*. Det er heller ikkje tilfeldig at det er i omstillingstider og i ei tid med trugsmål mot bygda i ulike meiningar det vert skipa utviklingslag. Dette er naturlege svar på eit "krav om omstilling", om "modernisering", om "alt det nye" osv. osv. Bygdeutviklingslag vert bygdene organisatoriske svar på krav om endring, og gjennom BU-programmet gjev staten dei midlar som skapar *handlingskapasitet* og handlingsrom. Desse nyttar dei openbert til å organisere *andre*.

Ein annan måte å seie dette på er at Bygdeutviklingsprogrammet fungerer fordi ein gjev pengar på temmeleg fritt grunnlag til ein organisasjon som dermed får kapasitet til å gå inn og organisere *andre* ressursar. Slik eg oppfattar temmeleg mange av bygdene - kanskje alle - *har* dei eigentleg vore gjennom ein mobiliseringsprosess *før* dei søker om opptak, og ei gruppe av eldsjeler *har* funne fram til eit handlingsgrunnlag. Ja, nokre har venta lenge før dei kom med. Dette er då også dei ansvarlege for BU-programmet klar over, når dei talar om "bygdene modningsprosess", noko bygdene sjølve også er klar over. Ei bygd skreiv dette i søknaden:

"Vi søkte for nokre år sidan om å bli med i eit prosjekt som heitte Liv Laga²². Bygdefolket som var skeptiske då fekk vi delvis med oss, men i dag ser vi det slik at bygda ikkje var mogen for denne typen utvikling. Då vi fekk negativt svar tilbake fekk bygda seg ein nedtur som vi veit at vi skal sleppe no, uansett utfall".

Legg merke til to ting i sitatet: Det fortel om ein modningsprosess mellom folk og det fortel noko om "vi" som søker og "bygdefolk" som er skeptiske. "Vi" er dei som søker, som står bak bygdas aktivitet, og dei som har heva seg over "bygdefolkets skepsis" men som *likevel* handlar - som så og seie skiftar lyspærene.

Det er *desse* folka BU-programmet mobiliserer, og som igjen evnar å organisere sine sambygdingar til felles innsats. Sjølve den fundamentale *mobiliseringsprosessen*, ja den har kanskje skjedd før nokon i det heile tenkte på deltaking i BU-programmet.

²² Eit fylkeskommunalt mobiliseringsprosjekt knytt til nærmiljøproblemstillingar.

"Levande bygdeutvikling?"

Her er vi kanskje ved det FMLA sjølv oppfattar som nøkkelen til suksess: Dei lærte seg til å stole på bygdelaga og til systematisk å støtte dei bygdene som makta å organisere seg sjølv. Det er ein ny variant av den tidlege ideen i programmet om å plukke vinnarar.

Bygdeutvikling i denne meininga er såleis å auke handlingskapasiteten - til *nokon* i bygda. Til dei som klarar å overvinne skepsis, til dei som ikkje bryr seg om bygdedyret, eller dei som på anna vis vert kalla og får verkemiddel til å organisere andre.

Bygdeutvikling er å lære prosjektstaten å kjenne

Bygdeutviklingsarbeid er også ein ny måte å tenkje på for mange. For å få del i dei gode stat, kommune og fylkeskommune disponerer, må initiativtakarar, eldsjeler og bygdestyre klare å handtere møtet med eit system som ikkje alltid er like enkelt å forstå.

Program og prosjekt, kva betyr det? Kva er mål? Kor mykje tid skal nyttast til rapportering, kva skal rapporterast? Når er vi avgrensa av eit nei på ein søknad? Kven kan vi då gå til for å få finansierte ideane våre? Spørsmåla syner kva deltakarar i BU-programmet og liknande tiltak må lære for å kunne fungere berre innanfor ramma av program- og prosjektforma. Dette kan vere slitande. Ikkje minst stiller denne arbeidsforma krav om kontroll over eit abstrakt språk som gjer det mogeleg å samspele og omsetje mellom bygdefolkets vilje og byråkratispråkets ulike dialektar og genrar. I neste del-kapittel skal vi sjå nærare på korleis bygdeutviklarane handterer dette og likande problemstillingar.

4.2 Erfaringar og råd frå bygdeutviklarane

Deltaking i bygdeutviklingsprogrammet er krevjande. Særskilt er den sentrale prosjektleiinga i bygdene utsett for slitasje. Gjennomgåande - og systematisk - vert desse av dei som står utanfor kalla 'eldsjelene' - dei som er berarar av ideane, entusiasmen og som står for framdrifta av arbeidet i bygdene.

Eldsjelene står overfor ei rekkje utfordringar i slikt arbeid. Nokre av dei kjenner vi generelt frå denne typen prosjektretta arbeid, andre er meir spesifikke knytte til det bestemte bygdesamfunnet dei opererer i. Dei siste omtalar vi ikkje her, men rettar søkelys på dei meir generelle erfaringane vi kan oppsummere. Det er rett å leggje til her at dei erfaringane som vert framheva i stor grad er i tråd med det vi veit om lokalt entreprenørskap og mobiliseringsarbeid i småsamfunn (td. Holbek 1990 og Aarbo og Bukve 1990:101 ff).

Folk er opptekne!!

Bygdeutviklingsprogrammet byggjer på ein idè om å mobilisere vanlege folks ressursar og å nytte desse for å løfte eit lokalsamfunn i eit felles tak. Nøkkelspørsmålet her er nett ressursar. Ein av dei store bøygane i slikt arbeid er å klare å mobilisere ressursar som jo er *opptekne*. Det er ikkje slik at det går mykje folk ledige i norske bygdesamfunn. Som ein informant seier det; *folk held jo på å jobbe seg i hel!* Frivillig deltaking i lokalsamfunnsretta arbeid vert difor oppgåver som kjem i tillegg til alt det

andre jobb og familieliv krev. Dette er ikkje noko nytt eller spesielt, men det representerer store utfordringar for eldsjelene - dei lokale drivkreftene som går inn og organiserer tiltak der det vert venta at andre stiller opp med stor dugnadsinnsats.

Det er mogeleg å gjere dette, og dei klarar det. Men det slit på. Dei tidlege bygdene rapporterer då også at det vert vanskelegare og vanskelegare å få folk til å stille opp. Det er lokale organisatorar som rapporterer om bygdefolk som vert forbanna når dei gjennom år må stille opp for fellesskapet. Det er vidare vanskeleg å fordele slik arbeidsinnsats rettvist.

Slik sett vert det klare tidsfasar i programarbeidet. I den tidlege fasen er det mogleg å halde høg aktivitet, men den dalar etter ei tid. Ein må likevel vere så realistisk å sjå at det går ei grense for kor mykje dugnadsinnsats ein kan rekne med å mobilisere. Eldsjelder kan brenne ut, men det kan også bygdas dugnadsvilje.

Det kan vere utaknemleg å vere eldsjel

Ikkje alle i bygda er klar over kor mykje eldsjelene og dei ivrigaste dugnadsdeltakarane legg ned for fellesskapet. Dette er også eit slitasjemoment, som også har det paradoksale med seg at dersom bygda verkeleg fekk kjennskap til det, vart det endå verre å mobilisere dei eller å trekkje dei inn i kjernen av bygdeutviklingsarbeidet.

Noko av det som gjer arbeidet lokalt slitande er at det typen mobiliseringsarbeid på mange måtar dreier seg om å arbeide med haldningar, idear og andre abstraksjonar. Det kan ta lang tid før dei konkrete resultatene syner seg. Dette kan vere vanskeleg å kommunisere til dei av bygdefolket som vil ha konkrete resultat med ein gong. For å halde dynamikken oppe i utviklingsarbeidet er det difor viktig for eldsjelene å produsere "raske" og "billege" suksessar som våpen i kampen mot dei negative haldningane og motforestillingane som alltid vil reisast mot dei som tenkjer nytt.

Dette slit på eldsjelene. Det slit også at dei i mange tilfelle må take oppgjær med sine *eigne* negative idear om naboen, må gå inn i gamle konflikhtar og stadig møte bygdefolk som gjerne er andre stader i den mogningsprosessen bygdeutvikling også er.

I nokre tilfelle vil også lokale eldsjeler stå overfor eit stort dilemma: Skal dei nytte si tid og sine ressursar på å utvikle sin eigen eigedom, sitt yrke eller sine interesser, eller skal dei bruke tid og krefter på fellestiltaka?

Fleire eldsjeler lyser sterkare

Informantar i den sentrale prosjekt- og programleinga fortalt at dei tydeleg ser kor viktig enkeltpersonar er som drivkraft og leidarstjerne i bygdene. Det er gjerne desse som stadig set i gang nye tiltak og som evnar å halde prosjektdeltakinga gåande. Dei same ressurspersonane fortel likevel at dette slett ikkje er uproblematisk for dei. Alle ser og veit at enkeltpersonar er viktige i utviklingsarbeid - det er enkeltpersonar som får idear først - ikkje grupper eller kollektiv. Men i tiltak som bygdeutviklingsprogrammet er mykje av arbeidet temmeleg abstrakt. Det dreier seg om å halde på idear, bearbeide haldningar og å halde på nokre meir eller mindre vage målsetjingar over tid. Problemstillinga artar seg slik: Det er ikkje vanskeleg

å få oppslutning om å gjere heilt *konkrete* ting i bygda. Dersom ikkje fleire deler den meir abstrakte "kvifor"-kunnskapen, den kunnskapen som set dei konkrete tiltaka inn i ein kontekst, ei ramme som fleire deler, vert det likevel einsamt å vere ressursperson i bygda. Difor understrekar då også informantane mine kor viktig det er at ein har eit lokalt utviklingsstyre som *snakkar* mykje, som *diskuterer* desse vanskelege "kvifor"-grunnane til at eit tiltak er viktig for bygda, medan eit anna kan vente.

Truleg er desse samtalane i bygdestyret, i utviklingslaget eller i den lokale prosjektorganisasjonen vel så viktige for å skape den lokale utviklingsramma og den positive konteksten som folkemøta eller bygdemøta.

Eldsjeler i ulik innpakking?

Det kan nok variere kva som er den personlege drivkrafta til eldsjelene. Det kan vere viktig å rette søkelys på dette fordi vi menneske gjerne vil vurdere om noko er godt og dårleg i lys av denne drivkrafta.

Ei gruppe er enkel: Dei får ganske enkelt *tenning* på dette. Dei tykkjer det er spennande og gjevande arbeid *i seg sjølv* å halde på med utviklingsarbeid. Dei trivst med abstraksjonar, prosessar og "action" i bygda. Dei er "urokråker" med nye idear. Det hadde dei vore uansett kva samfunn dei budde i og jobb dei hadde. Det er klart at sjølve programorganiseringa og prosjektarbeidsforma i Bygdeutviklingsprogrammet tiltalar dei meir enn andre. Sannsynet er stort for at dei som arbeider med utviklingsarbeid i vedkomande kommune eller i Sogn og Fjordane generelt vil møte dei på nytt og på nytt. Det er dei som seier programmet er ein suksess fordi det er så spennande å jobbe slik.

Ei anna gruppe av lokale prosjektarbeidarar er meir opptekne av dei konkrete tiltaka programmet rettar søkelys mot eller bygda forsøker å realisere. Det er dei som ser at mykje arbeid må gjerast, og gjennom Bygdeutviklingsprogrammet er det mogeleg å få gjort ein del av det. Desse vil ei også kunne møte att i anna utviklingsarbeid. Dei peikar på eit bygg, ei etablering eller ein nyttilflytta familie og seier at der er suksessen.

Ei tredje gruppe eg meiner å kunne sjå er dei som deltek i bygdeutviklingsarbeidet ut frå eit meir generelt samfunnsansvar dei føler. Dei er uroa over manglande aktivitet i sitt eige lokalsamfunn eller negative utviklingstrekk som også rammar dei sjølve. For dei er Bygdeutviklingsprogrammet eit høve til å gjere ein samfunnsinnsats der dei er. For desse er suksesskriteriet auka aktivitet og tryggleik i lokalsamfunnet. Det er ikkje sikkert vi møter desse folka att i nye utviklingstiltak når programmet er over.

Ei fjerde gruppe av eldsjeler er dei som vert dradd inn i arbeidet gjennom sitt engasjement i andre lag og organisasjonar i bygda. Deira interessefelt er gjerne ikkje det generelle utviklingsarbeidet. Heller er det gjennom eit idrettslag, ungdomslag eller ein kulturorganisasjon som har stått bak eit bygdeutviklingslag eller ein søknad om deltaking i programmet dei har blitt dregne inn. Sannsynet er stort for at dei går attende til det opphavelge interessefeltet sitt.

Ei slik kategorisering er verken fullstendig eller gjensidig utelukkande. Ved å gruppere dei slik ser vi likevel at eldsjeler i bygdeutviklingsarbeid kan bli levert i ulike utgåver. Det kan også forklare

kvifor dei framleis gløder, men likevel ikkje fortset som bygdeutviklarar etter at deltakinga i Bygdeutviklingsprogrammet er over.

Noko som likevel er felles for alle eg har snakka med, er at sjølv om arbeidet vert framstilt som strevsamt og tidkrevjande, er det enormt *lærerikt* og ofte *gjevande*. Ein erfaring dei ikkje ville vore utan, men heller ikkje er viss på om dei har lyst å oppleve på nytt.

Mobilisering nyttar - men kva skal vi gjere med det?!

I ei bygd der ein lukkast med mobiliseringsarbeidet vil det yngle med idear, tiltak og prosjekt. Det er mange ting som skal gjennomførast, mykje papir skal ordnast og mange personar skal kontaktast. Kort sagt; ting skal gjerast. Men kven skal gjere det? I planane står det opplista kven som har ansvaret - person eller organisasjon. Likevel er det slik at når *volumet av aktivitetar* aukar, pressar ein også hardt det frivillige apparatet som skal gjennomføre dei. Det er klart at i korte periodar er det mogeleg å halde høgt aktivitetsnivå, men som nokre bygder har opplevd vert det over tid svært vanskeleg å halde dette gåande. Problemet for ei aktiv bygdeutviklingsbygd vil arte seg slik: Ein har over tid for høgt volum av aktivitetar for frivillig drift, men for lågt til å gå over til noko form for profesjonell drift. Kva gjer ein då?

Bygdeutviklingsprogrammets linje her har vore å kommunisere til bygdene at det å leige inn prosjektleiarar eller ekstern kompetanse bør dei berre gjere i korte, tidsavgrensa oppgåver. Det ligg i heile programmets ideologi at ein skal satse på eigne krefter - og at bruk av prosjektleiar utanfrå ikkje bør nyttast. Økonomisk sett er det heller ikkje mogeleg å gjere det. Likevel ligg det i dette poenget med høgt aktivitetsnivå at eit bygdeutviklingslag av praktiske omsyn etter relativt kort tid vil stange mot eit tak der dei anten må velje eit aktivitetsnivå som er så lågt at det kan drivast på friviljug basis, eller å overlate aktivitetane til private aktørar, andre frivillige organisasjonar eller offentlege, tenesteytande einingar. Det kan vere eit vanskeleg val å ta.

Nokre bygder hamnar ikkje i dette dilemmaet - nett fordi dei har lågare ambisjonsnivå eller mindre kapasitet enn andre i utgangspunktet.

Lag lokale redningsnett

Dei som står bak ein søknad om deltaking i Bygdeutviklingsprogrammet og som leier det lokale arbeidet satsar høgt, og fallhøgda er tilsvarande stor - i den lokale konteksten. Det er difor viktig å byggje eit eller anna lokalt *fellesskap* som er i stand til å take seg av - og verne - einskildpersonane - mot negativ kritikk, mot utbrenning - og mot seg sjølv.

Ein må såleis sjå til ikkje å vere åleine, men ha ein basis av folk rundt seg. Dette fellesskapet må ha evne til å lytte til kva personar seier, og dei som deltek må kunne ta kritikk utan å ta han til seg. Det å setje saman folk som *trivst i lag* i eit slikt bygdeutviklingstyre er ikkje naudsynlegvis enkelt, men truleg ein nøkkel til å forstå kvifor nokre styre fungerer så greitt, medan andre slit i motbakke.

Lag lokale samanhengar

Bygdeutviklingslaga eller leiarane i den lokale prosjektorganisasjonen har nøkkelrolla i mobiliseringsarbeidet. Dei viktige spørsmåla er korleis ein mobiliserer, men ikkje minst *kva* ein mobiliserer til. Prosjektsøknad og planar for framdrift kan vere viktige arbeidsreiskapar for slike bygdestyre, men er i seg sjølv berre papir som ikkje mobiliserer noko som helst.

Det den lokale leiinga står difor overfor den utfordringa at dei må lage eit *luftslott* som bygdefolket ser meining i. Det synest som om den vegen som fungerer er at ein formår om dei generelle utfordringar bygda står overfor til *konkrete handlingar eller framlegg* bygdefolket kan forhalde seg til. Døme på slike handlingar kan vere: mangel på kvinnearbeidsplassar eller møtestader for kvinner? Arranger ein kvinnedag eller ein kvinnekonferanse i bygda. Det er ikkje slik at det løyser problemet, men det skjer noko som *peikar i retning av kvar problemet ligg* og *kva* som kanskje kan vere ein veg ut.

På denne måten gjev ein "liv" til måla. Ein kan formulere klare mål i meininga eintydige mål, men ein treng ikkje låse dei for sterkt til konkrete tiltak - det kan vere mange tiltak som peikar i same retning.

Poenget er å våge å tenkje nye tankar, men samstundes å kle dei i ein lokal språkdrakt og syne dei fram i ein lokal samanheng som er forståeleg for dei som ikkje er med på heile bygdeutviklingsprosessen. Mangelen på eit lokalt luftslott kan vere ei av forklaringane på kvifor nokre bygdestyrer slit med å komme i dialog med sine sambygdingar. Luftslottet er ikkje i samsvar med bygdefolkets egne idear om røyndomen. Ein er blitt for fjern frå bygda.

Den verste bøygen ein står overfor er likevel pessimismen og følelsen av at det ikkje nyttar, *kva* ein gjer. Nye utgåver av sentralisering og nedskjering av midlar gjennom SND, kommunale næringsfond, skulenedlegging og omleggingar av landbrukspolitikken tærer på vilje og optimisme. På mange måtar trur eg det vert opplevd verre no enn då ein starta dette arbeidet tidleg på 90-talet. Det å skape små suksessar kan vere ein måte å kjempe mot den pessimismen som breier seg mellom bygdefolk.

La folk gå inn i samanhengane

Dei lokale handlingsplanane bør ikkje vere slik at ikkje det er mogeleg for nye folk å kople seg på - eller for andre å hoppe av. Bygdeutviklingsarbeid er - og må vere - opne prosessar der det er mogeleg å justere kurs og fart etter kven som til ei kvar tid er med i tiltaka.

Bygdestyra eller den lokale prosjektleiinga må systematisk vere inkluderande i meininga at ein heile tida har opning for nye folk som kan tenkjast å vere med i prosessane. Spesielt må det vere opning for "urokråker" som i starten ikkje deltok.

Når folk går inn i eit prosjekt eller tiltak må dei ha høve til å påverke dei og å gje dei sin eigen profil. Stor grad av delegasjon og evne til å snu om på tiltaka etterkvar som nye folk kjem inn, kan vere ein nøkkel til å halde på entusiasme og dugnadsvilje.

4.3 Kvifor fungerer bygdeutviklingsprogrammet?

Kvifor fungerer bygdeutviklingsprogrammet egentleg? Kva er det som skjer med ei bygd som deltek? Kva situasjon står dei egentleg oppe i, dei som har teke initiativ til ein søknad - og så plutselig står der med pengane og ansvaret? Lat oss prøve å leite etter mogelege svar på desse spørsmåla.

Entusiasme og innsats i bølgedalar

Dei fleste eg har snakka med på bygdenivået fortel om fasar og svingingar i arbeidet. Dette er ikkje noko nytt i prosjekt- eller mobiliseringsarbeid, men det er viktig å vere klar over korleis slike fasar kan sjå ut og korleis programmet spelar inn i fasane.

Den første fasen skildrar dei fleste som at "noko skjer". Av ein eller annan grunn *reagerer* bygda på ei hending. Det kan vere skulen eller butikken som er truga, det kan vere ein bibliotekfilial som er foreslått nedlagt, eller det kan vere noko anna. I eitt tilfelle var det ei positiv sak - ein ny veg - som så og seie var det utløysande signalet som fekk folk til å tenkje på andre måtar. I denne fasen framstår - trur eg - deltaking i BU-programmet som ein av fleire mogelege løysingar eller utveggar for bygda, dersom ordninga er kjent (ho var ikkje det i byrjinga). Men det kan også gå lang tid før deltaking vert aktuelt. Denne fasen leier fram til at eitt eller anna vert gjort i meininga at *nokon* organiserer eit lag eller ein organisasjon eller berre eit laust fellesskap som seinare står som søker om deltaking til BU-programmet.

Poenget er at denne initiale mobiliseringsfasen egentleg kan ha foregått *lenge før* deltaking i programmet vert aktuelt. Når fellesskapet, bygdeutviklingslaget eller kven det er faktisk søker og får gjennomslag, kan det vere vanskeleg å finne attende til den opphavlege entusiasmen og gløden i initialfasen.

Den andre fasen kan likevel vere prega av høgt aktivitetsnivå, stor grad av optimisme, mykje møteverksemd og mange idear som får ein kveik gjennom tilgangen på pengar og følelsen av at "noko skal skje". Dette kan også vere ei mobiliseringsfase i meininga at mange vert trekte inn i arbeids- og idegrupper og at det vert haldne folke- og bygdemøter. Lokalpressa har mange oppslag om liv og røre i bygda.

Den tredje fasen kan vere lang, kanskje mesteparten av dei tre åra. Det er tale om ein periode der aktivitetsnivået er knytt til *konkrete prosjekt* som skal gjennomførast. Nøkkelaktørane er bygdestyret, men også dei som er trekte med i del-prosjekt. Eg trur denne fasen vert opplevd som prega av sakte, dalande aktivitetsnivå for bygdestyret. Det vert vanskelegare å vanskelegare å motivere og mobilisere. Det er ikkje så enkelt å få folk til å take på seg oppgåver, etterkvart.

Den fjerde fasen kjem når programdeltakinga er over og ingen utanfrå lenger er opptekne av bygda. Det kjem ikkje lenger innkallingar til bygdeforum, pengane er stort sett brukte opp og det er meininga andre skal ha overteke ansvaret for tiltaka ein sette i verk. Bygdeutviklingslaget er halvsovande, men heldt då i alle fall årsmøte. "Det er litt dafft, no ja", "folk er nok litt slitne av dette", "nei, vi klarar ikkje å få folk til å stille opp i same grad som før", er typiske utsegner eg har registrert. Ein konsentrerer seg om å halde liv i det ein fekk skapt. Dette er også ei slags *driftsfase*, slik sett.

Den femte fasen er meir ukjend og vanskeleg å få grepet på. Nokre talar om ei *fase II*, der ein registrerer at det er nokre stader, nokre personar eller ei lita gruppe folk i bygda som framleis er aktive "utviklarar", som syslar med eitt eller anna som kanskje, kanskje ikkje, har noko med BU-programmet å gjere. Muligens er det folk som vart stimulert av "det som skjedde den gongen", men det er ikkje sikkert. Ingen eg har snakka med vågar å vere skråsikre på årsakssamanhengane, "det kan ha skjedd uansett", likevel er det noko med BU-programmet, men kva?

Desse fasane er kjende for dei som deltek, men det som er viktig å vere klar over at fordi deltakinga i BU-programmet går over tre år, vil sjølve programmet og dei aktørane som berre operer i programsamanheng aldri oppleve fase fire, og i liten grad kunne ha kjennskap til kva som skjer over tid - i fase fem. Programmet vil på grunn av måten det er bygd opp, segle på ei bølge av entusiastiske bygder som kjem inn i fase to, men som forsvinn ut med ein blømebukett i fase fire. Under besøk i bygda vil ein alltid sjå solsida og det bygdeutviklarane er stolte over og gløder for nett no. Oppfatninga om BU-programmets suksess trur eg til ei viss grad kan tilskrivast dette fenomenet. Det har - så langt - alltid stått klare friske og nye bygder i kø etterkvart som dei "gamle" forsvinn ut av programmet. Det er fort gjort å tru at verda berre består av friske, unge BU-bygder når ein ikkje ser andre.

Å få råderett og bli synt tillit

For nokre er 240 000,- over tre år lite. For andre er det mykje pengar. Eg har eit klart inntrykk av at bygdene på ein eller annan måte opplever summen som stor. Det andre vil kalle småpengar, knappast nok til ein garasje, vert oppfatta som eit honnør og eit armslag til bygda som gjer summen langt større enn det på noko vis er rimeleg å kalle den. I dette ligg det at slik vi no eingong har organisert eit overrislingssystem gjennom offentlege budsjett, når ingenting fram til bygdene i form av "frie" midlar. Sett frå bygda si side forsyner alle andre seg først. Og så er det slutt. I den grad det finnst andre midlar tilgjengelege er det knytte ei lang rekkje vilkår til bruken av dei. "Det fantastiske med bygdeutviklingsmidlane er at midlane er så *frie* og *råderetten* er så stor", sa ein informant. Ein annan peikte på at "vi elles jo er detaljstyrte på alle baugar og kantar, men ikkje her, og det gjev glød!" Sagt på ein annan måte: frie midlar er drivstoff til eldsjeler med brennande idear på bygdas vegne.

Det gjer ein *audmjuk* å få ein slik *tillit*, som deltakinga betydde, sa ein annan informant. Fleire har påpeikt tilliten i same andedrag som dei nemner dette med fridomsgraden. Og i relasjonar mellom sosiale aktørar er nett tillitskomponenten sentral (Strand 2000:370). Å bli synt tillit seier noko om ein positiv relasjon mellom aktørar og det at tilliten i systemet i seg sjølv ein form for drivkraft eller form for *sosial kapital* (Podsakoff 1996 sitert i Strand 2000:371). I konkurransesituasjonar kan denne vere den faktoren som utgjer forskjellen mellom vinnarar og taparar, seier Strand som siterer Fukuyama (1996) (op cit).

Bordet fangar

I utvalsprosessen fram til BU-deltaking ligg det også eit konkurranse-moment som kan spele inn. Sidan det fram til i dag har vore mange fleire bygder som søker enn det har vore økonomisk rom for i programmet, er det openbert at *bordet fangar* for dei som vinn fram i bunken. Det kan også tenkjast at dei som står bak ein søknad har stor fallhøgde lokalt. Det å få nei, kan vere eit insitament i seg sjølv for å søkje på nytt. Når ein då er "vinnar" i kampen om midlane, må dei same aktørane stå på for ikkje å verte "tapar" under iverksetjing i eigne og i bygdas auge. Programleiinga seier dei gjev tilbakemeldingar til bygdene om korleis avslag kan bearbeidast til nye søknader. Det er ikkje for alle det fungerer, men nokre bygder kjem att og søker på nytt. Det kan vere pengane som fengar, men det kan også vere at FMLA maktar å gje nett den typen tilbakemelding som gjer at bygdestyra lærer - å skrive betre søknader. Alternativet - å gje opp - tolkar FMLA som at bygda ikkje var mogen nok likevel. Uansett ligg det eit klart element av *bordet fangar* i sjølve utvalsprosessen som nok spelar inn ei rolle i den innsatsen dei lokale prosjektstyra og eldsjelene *må* gjere for å lukkast både i eigne og i bygdefolkets auge.

5 Erfaringar med kommunenivået

Eit delmål i BU-programmet var å forsøke å byggje bru mellom landbruksforvaltninga og det kommunale tiltaksarbeidet. Bakgrunnen var landbruksforvaltninga på kommunenivået som eit statleg kontor retta inn mot iverksetting av ein nasjonalt utforma landbrukspolitik. Gjennom 80-talet vart det gjort fleire forsøk på å trekkje landbruksforvaltninga inn i det generelle nærings- og tiltaksarbeidet kommunane dreiv, både i det såkalla Næringssetatsprosjektet (Bukve og Skålnes 1987) og Frikommuneførsøket på næringssektoren Glosvik 1991). Men det var ei aktuell problemstilling også utanfor kommunar som deltok i slike forsøk. Eit døme på dette er nett BU-programmet som utforma sine idear om dette i 1991. I det såkalla bygdeutviklingsutvalets innstilling (NOU 1984 21A og B) vart kommunalisering av landbruksforvaltninga sett på som eit viktig steg i retning av ei vitalisering av omstillings- og utviklingsarbeid i bygdene.

I ettertid kan ein seie det ikkje var grunnlag for denne optimismen. Det har skjedd mykje med kommunane si rolle innan nærings- og tiltaksarbeidet dei siste ti åra. Medan ein i utgangen av 80-åra framleis såg føre seg ein særskild aktiv kommune innan næringssektoren, er mykje av gløden og oppslutninga rundt det kommunale tiltaksarbeidet i dag vekke. "Målstyringskommunen" kalla Bukve (1994) den fasen kommunane gjekk inn i på slutten av 80-talet. Målstyringskommunen avløyste "tiltaksarbeidskommunen", og med det meinte Bukve eit sterkare statleg kontrollregime knytt til kommunanes utviklingsarbeid.

I BU-programmet ser vi nokre av dei grunnleggjande ideane om ein aktiv tiltakskommune i form av eit krav til kommunane om at to personar skulle delta i programarbeidet frå kommunen si side; ein frå det generelle tiltaksapparatet, ein frå landbrukssida. Desse måtte forpliktast til å delta på kurs i tiltaksarbeid og på fleire måtar å delta i prosjektarbeidet i bygdene, mellom anna gjennom å setje av tid og ressursar til å makte oppfølging av bygdene sine tiltak. Formannskapet skulle forplikte kommunen i høve intensjonane i programmet, mellom anna gjennom tverrsektorielt arbeid i høve prosjektbygdene når det var aktuelt.

Det er vel rett å seie at ideen om å kople saman næringssektor og heradsagronom gjennom BU-prosjekt var eit ektefødd born av tiltaksarbeidskommunen. Men trua på slike løysingar har ikkje vore dominerande dei siste åra. Tvert om, i siste statsbudsjett vart dei kommunale næringsfonda ikkje påfylte frå staten si side, og kommunar utan kraftinntekter eller andre fond står utan spesielle verkemiddel til næringsutvikling. Svekkinga av fylkeskommunen si rolle som næringsaktør gjennom opprettinga av SND representerer ei tilsvarande orientering vekk frå kommunal/fylkeskommunalt deltaking og merksemd knytt til utviklingsarbeid.

Uansett kva som elles skjedde, kommunane vart altså gjevne ei rolle - ei viktig rolle - i programmet. Kva generelle erfaringar kan vi då trekkje om denne rolla? Eg vil svare på dette ved å dele drøftinga i tre; korleis ser ei BU-bygd ut frå kommunane si side, korleis ser kommunen ut frå BU-bygda og korleis kan vi forstå tilhøvet mellom bygda og kommunen på eit generelt plan.

5.1 "...då fekk kommunen eit problem.."

Eg spurte ein informant om korleis kommunen reagerte då dei etterkvart kom i gang med BU-prosjektet sitt. Han svarte slik:

"Kommunen vart forundra! Dette var dei ikkje vane med. Plutselig reiser nokon seg, det er klart dei blir forundra. Og vi får jo stadige signal om at vi arbeider på andre måtar enn andre bygder: Vi legg fram konkrete krav, og vi informerer også om ting vi driv med. Slik og slik vil vi ha det - få det inn i budsjettet. Det er klart dei likar å få det slik - så konkret - men samstundes høyrer vi: Tenk om andre bygder jobba på same måten som dykk, då fekk kommunen eit problem:"

Ein informant sa han hadde høyrte omtalt BU-programmet som eit forsøk frå FMLA på å setje misnøye bygdefolk opp mot kommunen. Det er ein måte å sjå det på. Ein meir fruktbar innfallsvinkel kan vere denne: På eit overordna nivå er "problemet" til kommunen at deltakinga i BU-programmet frå ei bygd si side så og seie set bygda i eit anna gir. Som eg har sagt i tidlegare kapittel er ein av tinga deltaking i BU-programmet kan gjere med ei bygd, er å auke *handlingskapasiteten*. Denne kan sjølv sagt omformast til *krav* til kommunen, og det er ein måte å forstå tilhøvet mellom BU-bygda og kommunen. Det er likevel viktig å forstå kravproblemet ut frå kommunen som eit politisk-administrativ system med ulike nivå.

Bygdeutvikling i den lokalpolitiske konteksten

Ingen ordførar vil truleg stå fram og vere negativ til at ei bygd i eigen kommune skulle delta i BU-programmet. Tvert om ville ein i utgangspunktet gje entusiastisk støtte til ein slik søknad. Pengar til bygdene er eit gode, nærast uansett kva vilkår som er knytte til dei. Likevel er ikkje det uproblematisk for kommunen som politisk system å handtere slike bygder. For ein kommune som har vedteke kommunedelplan *arealbruk*, ein plan for *skule- og barnehagestruktur* og ein plan for *lokale kulturhus* som samla gjev ein nærmiljøstrategi for *alle* bygdene, er det ikkje utan vidare enkelt å handtere den *eine* bygda som forlangar forandringar i denne strukturen. Som ordføraren i Sogndal har peika på, er dei grunnleggjande problemstillingane Levande bygder handlar om av ein slik karakter at det kun er gjennom revisjon av kommuneplanen kommunen kan handtere det. Som eit *frittstående* prosjekt i *ei* bygd er det nærast umogeleg å handtere slike omfattande spørsmål. Slik sett er vi attende til den ideen Levande bygder opphavleg handla om - å utfordre det kommunale plansystemet. Ein treng i ein slik samanheng ikkje misunne ordføraren i Eid som har fire bygder som stiller krav til kommunen om å utvikle bygdepolitikken. Også for Eid vert kommuneplanen ein reiskap for å handtere dei utfordringane aktive bygder skapar. Ikkje minst fordi kommunen vel veit at aktivitetsnivået bygdene vil variere, og at dei tiltaka som vert utvikla og sett i verk gjerne havnar som eit ansvar for kommunen i etterkant.

Den generelle interessa for BU-bygdene og LB-bygdene i politiske fora verkar varierende. Det er mykje avhengig av interessa hjå

enkeltpersonar om dei tykkjer det bygdene driv med er interessant eller ikkje. Av rapportane frå bygdene kan vi lese at nokre får sterk støtte i kommunen, at søknader vert støtta i kommunestyra og at kommunen på ulike måtar stiller opp der han kan. I andre rapportar synest kommunen knapt å eksistere. Ein informant sa då også at kommunen som politisk system prøvde dei å forhalde seg minst mogeleg til. Der var ikkje noko å hente. Andre fortel dei får alt dei peikar på.

Utviklingspolitikk og fordelingspolitikk

Eit grunnleggjande spørsmål for kommunane er slik sitatet ovanfor syner, den balansen kommunen må foreta mellom *fleire* bygder. Det handlar også om korleis ein skal fordele det negative. Når kommunebudsjettet skal barberast vil den kommunale infrastrukturen i bygdene stå i fare, sjølv om den politiske velviljen overfor bygdene er aldri så stor. Då er det volum og kostnader det handlar om. Fordelingspolitikk dreier seg om å fordele gode og byrder mellom aktørar i ein kommune. Utviklingspolitikk dreier seg om å forandre eksisterande strukturar og å byggje opp nye aktivitetar. Kva plass BU-bygdene får i ein kommune kan også vere avhengig av *korleis* kommunen har organisert utviklingstiltak generelt, men ikkje minst *om* kommunen har nokon utviklingspolitikk som omfattar bygdene og som byggjer opp under tiltaka deira.

Dersom dette ikkje er tilfelle, vil det konkret arte seg som eit *taktproblem*. Kommunen og bygda vil gå i ulik takt, så og seie. "Sig for Guds skuld ikkje inn i byråkratttempoet", seier ein informant, og synte til at kommunen synest å ha god tid, bygda hadde det ikkje. I ein evaluering av bygdeutviklingstiltak i Møre og Romsdal skreiv Tore Hagen to rapportar med uvanlege titlar: "Bygdeutvikling etter fjøstid" (1990) og "Bygdeutvikling i kontortida" (1991). Dei to titlane seier mykje om kva problem det her dreier seg om. Eg har diverre dårlege data her, men eg synest å spore i rapportane frå bygdene ein tone av at ein er mest nøgd med kommunen der vi veit kommunen har eit profesjonelt organisert tiltaksapparat og erfarne medarbeidarar som forstår kva "utviklingsarbeid" betyr for bygdene i praksis.

Kommunen vil ha medspelarar

Kva ventar kommunane av bygdeutviklingslaga? Dei kommunale informantane sine svar er interessante her. Dei ber preg av haldninga at kommunen ikkje kan gå sin veg når prosjektet er over og programdeltakinga tek slutt. Folk er der, bygda er der og kommunen har ansvaret uansett. Det kommunane ventar av laga over tid er ein dialogpart, ein medspelar som kan tale på bygda sine vegne. Ordførarane eg har intervjuet er meir uroa over tida etter at pusten har gått ut av det lokale arbeidet enn det som skjer mens aktivitetsnivået er på det høgaste.

Som *høyringsinstans* vert laga oppfatta som viktige, ein organisasjon som tek seg av *avklaringsprosessar* og som ser til at folk *snakkar* saman. Dette er roller begge partar må lære å handtere. Ikkje alle stader er læringsprosessen like konstruktiv. Erfaringa frå dei som ser dette frå utsida er då også at til meir kommunen veit om bygdene og laga, til meir gjennomslag får bygda. Eit aktivt bygdeutviklingslag med folk bak seg talar med tyngde i kommunen.

"Levande bygdeutvikling?"

I nokre tilfelle høyrer vi at laga har gått inn som *tredjepart* mellom grunneigarar og kommune der dialogar om tomter og bruk av areal har skore seg. For kommunen er det viktig å ha ein slik part som løyser problem ein sjølv har vanskar med. Kanskje fordi rolla som forvaltningsmyndigheit ikkje alltid let seg sameine med forhandlarrolla. Difor ser heller ikkje kommunane noko poeng i at laga får noko formell forvaltningsmynde delegert frå kommunen.

Ei tredje rolle kommunane ser i laga er kanskje den som er mest i tråd med det som faktisk skjer i Bygdeutviklingsprogrammet. Ein ser føre seg ein aktør som er i stand til å *handle* i meininga at "når noko skal skje" er det nokon som gjev tilbakemelding om kva kommunen skal gjere og kva bygda kan gjere sjølv.

Mobilisering er ikkje noko nytt - lokale aksjonar skjer stadig

Det er viktig å vere klar over at den forma for lokal mobilisering Bygdeutviklingsprogrammet byggjer på ikkje er noko nytt for kommunane. Det har vore gjennomført slike tiltak i regi av andre enn FMLA. Både i kommuneplanssamanheng og i nærmiljøsamanheng vert arbeidsforma både oppmoda til og nytta i praksis. Også kommunar har i eigen regi køyrt utviklingsprogram som liknar mykje på BU-programmet. Ein bør også merke seg at fleire av bygdene som deltek i programmet starta si mobilisering før dei formelt vart tekne opp. Det er ikkje noko nytt og uvanleg for kommunar å forhalde seg til lokal mobilisering i enkeltsaker. Eg ville tru at erfarne kommunepolitikarar og administratorar lærer å handtere slike arbeidsformer.

5.2 Kommunehuset sett frå bygdene

Korleis ser då den kommunale deltakinga i prosjektarbeidet ut frå bygdenivået?

God støtte i landbruksforvaltninga

Kravet i BU-programmet var opphavleg at landbrukssjef eller ein annan frå landbruksforvaltninga skulle delta som kommunens representant i lokalt prosjektstyre. No er kravet endra til at person(ar) frå kommunen skal knytast til prosjektet. Det er vel grunn til å rekne med at FMLA ikkje kunne halde oppe kravet om kven som skulle delta etter at landbruksforvaltninga på lågaste nivå vart overført til kommunane i 1994.

Likevel synest det gjennomgåande som om bygdeutvikling er ei sak for landbruksforvaltarane. Dette er då også truleg noko dei føler seg forplikta til ut frå gamle band til sine gamle overordna på fylkesnivået og gjennom det at finansieringa skjer over landbruksavtalen. Men også ut frå den tradisjonelle sansen for grasrotarbeid og direkte kontakt med brukarane i landbruket kan det tenkjast at dette er arbeid som høver godt for tilsette med ansvar for landbruksretta arbeid i kommunane.

Eg har berre registrert god omtale og honnør til desse representantane frå dei eg har intervjuet på bygdenivået. Dei har stilt opp for prosjekta, vore hjelpsame og konstruktive. I praksis vert det ofte slik at denne personen er

"Levande bygdeutvikling?"

den einaste som på dagtid kan gjere naudsynt sekretærarbeid. Det kan synest som om dei i eindel tilfelle skriv undervegs- og sluttrapportar.

Nokre informantar fortel likevel om eit problem. I visse delar av dei mest kreative fasane vert det problematisk for den kommunale representanten å delta for aktivt. Det kan vere så enkelt at vedkomande finn det vanskeleg å delta i debattar med svært lokalt preg, men det kan også vere ei reell konflikt knytt til at nokre spørsmål og saker som vert tekne opp vil vedkomande risikere å møte på nytt som kommunal sakshandsamar.

Når er kommunen eit problem?

Kommunen kan vere eit problem på fleire måtar. Det som vert framheva i intervjuet er at den politiske velviljen ein møter, eller den entusiasmen som prosjektdeltakaren frå kommunen deler med bygdestyret ikkje gjev gjennomslag i høve andre kommunale aktørar. Det kan vere rådmannen som vert opplevd som ei hindring, men det kan like gjerne vere ein sakshandsamar på teknisk etat som ikkje prioriterer den reguleringsaka eller det spørsmålet bygda her og no vil ha løyst. Ein bygdeutviklar gjorde eit skilje mellom "vaktbikkjene" i kommunen som vakta pengesekken og "hjelparane" kommunen kunne ty til. I andre samanhengar er eit liknande skilje kalla det valet ein tiltaksarbeidar må gjere mellom å vere "bulldozar" for næringslivet innover i kommunen, eller å vere "byråkrat" på vegne av kommunen overfor næringslivet (Bukve og Skålnes 1987).

Når det vert mange "vaktbikkjer" og "byråkratar" er viktig for bygda å ha kanalane opne til delar av kommunen der hjelparar og bulldozarar kan finnast.

Om det er kommunar som fullstendig har stengt døra for ei BU-bygd veit eg ikkje. I andre samanhengar enn BU-programmet er det nemnt kommunar som verken ville eller kunne gripe tak i det prosjektet dreia seg om:

"I X-prosjektet var vi verkeleg oppgjevne over Y-kommune. Rådmannen var berre redd for å utløyse meir kamp om budsjettmidlane og ordføraren forstod ikkje kva det dreia seg om".

Det er klart at i slike situasjonar har bygda eit problem. Lat det vere sagt at i kommunen ovanfor har både rådmannen og ordføraren nye jobbar no.

Kommunen må informerast!

Generelt har eg inntrykk av at kommunane stort sett møter bygdene med interesse og velvilje, men ikkje utan vidare. Det informantane på bygdenivå fortel er at det aldri kan informerast nok om kva bygda vil. Det gjeld å informere politiske utval av alle slag, ein må invitere folkevalde til møte, ein må invitere til opningar av tiltak ein har gjennomført og nytte alle mogelege høve til å fortelje om bygda og satsingane.

Fleire fortel at folkevalde vert overraska over prosjektinnhald og aktivitetsnivå. Dette kan tyde på at informasjon om BU-programmet har vanskar med å syne gjennom i flaumen av kommunale sakspapir. Dei garva bygdeutviklarane gjev det råd å starte informasjonsarbeidet tidleg: informer sjølv rådmann, ordførar og politiske utval. Ikkje stol på at andre gjer det.

"Levande bygdeutvikling?"

Slik sett er bygdenes problem at dei vert for usynlege, for stille og lojale. Det er for lett å gløyme dei i kampen om budsjettkronene og i omorganiseringane.

5.3 Metakommunikasjon mellom kommune og bygd?

Ein informant sa at kommunen forsøkte bygda å forhalde seg minst mogeleg til. Ein annan sa at kommunen hadde vore fantastisk. "Vi fekk alt vi peikte på. Vi måtte berre passe på å ikkje peike på for mykje". Begge usegnene seier noko om *læringsprosessar* mellom bygd og kommune. Men dei fortel om læringsprosessar av ein bestemt type; det er ei metalæring eller ein form for læring om korleis ein skal kommunisere - og når. Å *teie* er ein måte å kommunisere på, og både det og å vite *kva* ein kan be om utan å gå over grensene for kva kommunen "må" seie nei til, representerer den same forma for metakunnskap.

Metakommunikasjon kan også skildrast som ein prosess der ein utviklar og deler ein *felles* kode for korleis hendingar og utsegner for ettertid skal tolkast og forståast. Dei som har ein felles kode forstår kvarandre. Dei som legg ulike tolkingar i ei meningsberande hending eller utsegn har ein annan kunnskap enn den som sender ut signalet.

Slik kunnskap vert til gjennom *erfaring*. Både bygdeaktivistane og representantane frå kommunane må som individ forhalde seg til kvarandre gjennom prosjektperioden, og både som menneske og som organisasjonsdeltakarar må dei forsøke å svare gjennom å forandre rutinar, handlingsmåtar og reaksjonsmønster for å tilpasse seg "den andre". Eg sa at deltaking i BU-programmet kan beskrivast som at bygda så og seie kjem i eit anna gir. Farten aukar, volumet av handling går opp. "Dette var dei ikkje vane med", som informanten ovanfor sa. Det å *tilpasse* seg og å finne ein måte å handtere bygder i høgt gir vert for kommunen ein slik metalæringsprosess. Det vert det også for dei aktive bygder som gjennom sine handlingar har forvirra kommunen gjennom girskifte. Det er dei sjølve som tvingar fram den læringsprosessen dei no må ta del i.

BU-deltaking *treng* ikkje føre fram til slike læringsprosessar. Det kan vere slik at kommunen ikkje reagerer: Utspela frå bygda vekker ingen *nye* reaksjonar. Det kan vere så enkelt som at ingen i kommunen oppfattar at bygda gjer noko kommunen *treng* bry seg med. Den andre tolkinga er at bygdene ikkje utfordrar kommunen i meininga at kommunen *treng* ikkje gjere noko særleg anna enn før. Sagt på ein annan måte: når bygdas innspel er i tråd med eller ikkje utfordrar kommunens politiske og administrative strategiar og tenkjemåtar *treng* ikkje kommunen lære noko nytt.

Slik sett *treng* ikkje harmoni og mangel på støy i kommunikasjonen mellom kommune og bygd bety at alt er berre vel og bra. Det kan faktisk bety at ingen av aktørane lærer noko som helst nytt om kvarandre i prosessen. Det kan også bety at det *har* skjedd ein avklarande metalæringsprosess som fortel bygda og kommunen korleis dei skal forhalde seg til kvarandre. Utsegnet "Vi fekk alt vi peikte på. Vi måtte berre passe på å ikkje peike på for mykje", tyder på det. Då deler ein felles kode.

Levande bygder - Eid som læringsarena

Samspelsprosessen mellom bygd og kommune skal ein altså vere varsam med å seie for mykje om. Det er i grunnen berre aktørane sjølve som kan seie kvar dei er i den gjensidige læringsprosessen. I Eid kommune har openbert Levande bygder-prosjektet (og tidlegare BU-deltaking) vorte ein *arena* for slike metalæringsprosessar mellom bygder og kommune. Det er mange diskusjonar knytte til *ansvar, roller, avklaringar, subjektivitet, ulike hattar* i kommunepolitikken, om å stå med *hua i handa, respekten* for kommunale vedtak osv. Kort oppsummert handlar forteljinga både frå kommunehald og bygdehald om aktørar som metakommunisere seg i mellom. Dette er ikkje enkle debattar, tvert om kan det vere slitsamt og stressande å kome fram til avklaringar som seinare skal styre andre avklaringsprosessar.

Kommunikasjonen fungerer godt når bygd og kommune legg same meiningsinnhald i eit vedtak, i eit utspel eller i eit prioriteringsspørsmål. Det er feil i metakommunikasjonen når ein ikkje legg same mening i hendingar. Eit døme: Når ein kommunal administrator ikkje opp-prioriterer ei sak frå ei bygd *kan* dette *a*) bety at han bevisst motarbeider bygda. Men det kan *også* bety at han har mykje å gjere og ingen har fortalt han at kor viktig saka er for bygda (*b*). Når bygda systematisk veljer å tolke alle problemstillingar bygda kjem bort i som *a*)-forklaringar er det feil i metakommunikasjonen mellom bygd og kommune. Kodane er ulike.

Slik sett er det forståeleg det rådet ein garva bygdeutviklar sa til nye bygder: nytt eit kvart høve til å informere ordførar, rådmann, etatsjefar og alle politiske utval om bygdas prioriteringar, saker og tiltak. Dette er informasjon som fungerer som metakommunikasjon eller deling av kodar. Eller sagt på ein annan måte: Informasjon som gjev mening til annan informasjon.

I BU-programmets utlysingsdokument heiter det at programstyret skal bidra til ***oppfølging og rettleiing*** under vegs. Programstyret skal og ***gå gjennom*** rapportar frå dei enkelte prosjekta og korrigere eller justere programmet ***dersom dette er nødvendig***. Programstyret ***bør*** ha kontakt til kommuneleiinga, og syte for ***politisk forankring*** av det lokale prosjekt" (mine uthevingar). Trongen for ein form for dialoghjelpar eller tredjepart som kunne hjelpe bygder og kommunar med få metakommunikasjonskanalen til å fungere er kanskje ei rolle programstyret burde tenkje over. Det er viktigare enn gjennomgangen av rapportar frå bygdene.

6 Fylkesnivået som utformar og iverksetjar

Bygdeutviklingsprogrammet og Levande bygder er tiltak utvikla og sett i verk av aktørar på fylkesnivået. Det er Fylkesmannens landbruksavdeling og Sogn og Fjordane fylkeskommune som er dei bærande, institusjonelle strukturane som utviklar og opprettheld tiltak som dette. Dei er ikkje åleine. Andre aktørar som SND, bondelag og bonde- og småbrukarlag deltek formelt eller uformelt også i prosessane rundt tiltaka. *Fellesarenaer* mellom aktørane vert likevel viktige i tiltak som dette. Difor er det formålstenleg å drøfte fylkesnivået som heilskap.

6.1 Fylkesnivået som ramme for program og prosjekt

Mellomoverskrifta "Fylkesnivået som ramme.." må takast bokstaveleg. Det er i og mellom fylkeskommune og fylkesmannsavdeling BU-programmet og LB-prosjektet blir utforma og sett i verk. Difor utgjer handlingsstrategiane og verkemåtane der både positive og negative vilkår for livet i program og prosjekt.

I kapittel to gjorde eg greie for program og prosjekt som *prosessar*, frå dei dukka opp som idear og fram til inngangen til 2002. Fylkesnivået har vore dei rammene som har styrt prosessane - eller har vore forutsett å styre dei. Lat oss gjere greie for nokre erfaringar knytte til dei aktivitetane som fylkesnivået har gjennomført for å gje liv til program og prosjekt.

Programstyret

Det har vore felles programstyre for Bygdeutviklingsprogrammet og Levande bygder. Når ein talar med representantane frå bygdene er det ikkje mykje dei eigentleg seier eller fortel om programstyret. På *papiret* har programstyret mange oppgåver (sjå kapittel 2). For bygdene er programstyret nokså usynleg. "Så har vi eit programstyre, kva no dei gjer på", sa ein leiar i eit bygdestyre. "Den har gjeve oss tillit, det er det viktigaste", sa ein annan. Generelt vert programstyret meir etterlyst *som tydelege representantar* for dei som så og seie har sett skuta på vatnet.

Styret har kanskje ikkje har vore drivkrafta i programmet, og det kan vere noko i kritikken. Det er likevel viktig å ha i mente at oppgåvene programstyret er forutsett å ivareta ikkje naudsynlegvis treng vere så synlege andsynes bygdene. I utlysinga for 1999 står det dette om programstyrets oppgåver:

".å utforme programplanar og å skaffe nødvendige ressursar til programkoordinatoren, og å gjennomføre dei tiltak som inngår i programmet. Vidare **å velje ut** bygder (prosjekt) og syte for **oppfølging og rettleiing** under vegs. Programstyret skal og **gå gjennom** rapportar frå dei enkelte prosjekta og korrigere eller justere programmet **dersom dette er nødvendig**. Programstyret **bør** ha kontakt til kommuneleiinga, og syte for **politisk forankring** av det lokale prosjekt" (mine uthevingar).

"Levande bygdeutvikling?"

Formuleringane syner at den viktigaste, aktive handlinga styret gjer faktisk er å *velje ut bygder*. Dei andre oppgåvene er slike som ein kan gjere - om ein vil. ".dersom det er nødvendig" og "bør". Kva betyr det?

Som styringsgruppe for Levande bygder synest det som om styringsgruppa har hatt vanskar med å leve opp til desse formuleringane.

I fylkesplanen for 2001-2004 er Bygdeutviklingsprogrammet og Levande bygder del av programmet for Landbruk og bygdeutvikling under temaet Næring og læring. Ei eiga *programgruppe* inngår her, medan Bygdeutviklingsprogrammet skal ha si eiga *styringsgruppe*²³.

Det synest viktig å *avklare tilhøvet* mellom programgruppa og styringsgruppa. Det er mogeleg dette er sjølv sagt for dei som er kjende med fylkesplanens organisasjonsideologi. For dei som står utanfor ser dette ut som enten overlappende organ, eller organ på kollisjonskurs.

Sidan midlane kjem fram gjennom jordbruksforhandlingane deltek ein representant frå høvesvis Sogn og Fjordane bondelag og Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag som medlemmer i styret. Det er mogeleg ein må ha eit eige programstyre for å handtere denne dimensjonen i programmet.

"..har berre godt å seie om FMLA.:"

BU-programmet sitt liv gjennom 10 år må også forståast i lys av den iverksetjande organisasjonen. Programkoordinatorrolla og plasseringa hjå FMLA kjem slik sett i søkelyset. Tilbakemeldinga frå bygdenivået er då også positive når det gjeld måten denne avdelinga har organisert og gjennomført programmet gjennom desse åra. Nokre sitat syner korleis tilbakemeldingane artar seg:

"Vi har berre godt å seie om FMLA. Ofte har vi gått forbi kommunen og rett til dei. Dei har teke godt vare på oss, sjølv om dei gjerne kunne vore litt aktive ovanfor oss andre vegen også"

"Når det gjeld oppfølging: Vi har fått mykje positiv velvilje. Det betydde mykje!"

"Hjå FMLA er folk utruleg positive og greie. NN hadde ein behageleg og god måte å jobbe på. La passeleg press på oss. Støtta oss utan å overta"

Den same typen tilbakemelding gjeld også prosjektleiinga i Levande bygder. Også mellom dei som står utanfor programmet har rykta om ei arbeidsform som treff bygdene på heimebane gjeve plusspoeng. Det er ikkje tvil om at FMLA har skaffa seg mykje goodwill gjennom den sansen landbruksforvaltninga tradisjonelt har hatt for grasrotarbeid i bygdene. Utan tvil bør FMLA forsøke å take vare på denne haldninga og arbeidsforma. Kanskje var landbruksforvaltninga brukarorienert lenge før det vart eit moteord i fornyinga av offentleg sektor.

²³ Levande bygder skal jo avsluttast våren 2002. Fram til då vert det leia av eit prosjektutval med ein person frå kvar bygd som deltar saman med prosjektleiaren.

"Levande bygdeutvikling?"

"..vi vil jo så gjerne hjelpe"

Frå FMLA si side er Bygdeutviklingsprogrammet ein form for *tiltaksarbeid* slik det er definert av Bukve som:

"eit næringspolitisk verkemiddel som tek sikte på å kople mellom næringsinitiativ og offentlege verkemiddel eller andre eksterne ressursar, og å mobilisere etablerarar og produktidear for å "mate" verkemiddelapparatet med nye tiltak" (Bukve 1994:113). .

Men det verkemiddelapparatet som sit på dei ressursane som monnar har vorte organisert om i løpet av programmets liv. På ymse vis. SND, som no er eit meir eller mindre frittståande organ med kontor i kvart fylke, var tidlegare ein næringsavdeling i fylkeskommunen under Distriktenes utbyggingsfond. Dei Bygdeutviklingsmidlane som Fylkeslandbruksstyresmaktene forvalta (og dei folka som stelte med dette), vart også overførte til Statens nærings- og distriktsutvilingsfond. Slik at både dei distriktpolitiske verkemidlane og bygdeutviklingsmidlane som kunne gått til einskildsøknader frå BU-bygder ikkje lenger vert forvalta av ein organisasjon som direkte står bak BU-programmet. SND er heller ikkje representert i programstyret, noko ein skulle tru var naturleg dersom programmet var forutsett å skulle løyse ut søknader om støtte til einskildtiltak. Det er moegeleg slike organisatoriske grep har vore med å stimulere ei gliding i programmet meir over mot generelle lokalsamfunnstiltak, meir enn direkte næringsutviklingstiltak i bygdesamfunna.

No stadfester representantar frå FMLA at det er ein viss avstand mellom SND og landbruksstyresmaktene i vurderingane av kva "lønsemd" bør vere i ei eit tiltak. Informantar meiner det på papiret ikkje burde vere store forskjellen mellom kven som forvaltar dei spesielle BU-midlane, men i praksis tenkjer altså SND på ein annan måte:

"Vi var meir liberale, og ville gje støtte til langt mindre prosjekt. Det same gjorde Statens landbruksbank. Vi sette ei grense på 100 000,- i krav til omsetning, men SND krev meir av eit prosjekt. Vi hadde idear om å støtte prosjekt som gav eit tillegg til drifta på eit gardsbruk, men SND tenkjer ikkje slik. Her er det kulturforskjellar mellom sakshandsamarmiljøa".

Det kan vel hende det er meir enn kulturforskjellar som spelar inn, uansett skapar dette problem for FMLA, som "så gjerne vil hjelpe" søkjarane ved å vise dei til andre tilgjengelege pengepottar. Men det er kanskje ikkje så mange pottar tilgjengeleg for tida.

Ideen om SND som "den eine døra" brukarar skal vende seg til er jo vakker, men det er langt lettare å stenge ei dør enn mange.

Bygdeforum og forum for Levande bygder

Både i BU-programmet og i Levande bygder er det lagt inn fast møtepunkt - forum - to gonger i året. Det er sagt at fora skal vere "arenaer for nettverksbygging og erfaringsutveksling mellom prosjektstyra og

programstyret". Eg har registrert tre sett av oppfatningar om korleis dei fungerer:

Den første er at samlingane fungerer godt som inspirasjonskjelde og pusterom for slitne prosjektstyre i bygdene. Det gav alltid ny glød å treffe likesinna som sleit med same problemstillingane, men som kanskje tenkte på ein annan måte om dei. Det var først og fremst fordi dei var fleire frå kvar bygd som reiste, ein fekk til diskusjonar om korleis ein sjølv arbeidde - i etterkant av samlingane.

Den andre haldninga seier noko om innhaldet i samlingane. Dei kunne variere ganske mykje i *kvalitet*. Det var slett ikkje kvar gong programleiinga klarte å lage eit innhald som fenga like godt, eller som traff prosjektstyra på heimebane. Sjølv om det også var mogeleg for prosjektbygdene å påverke innhaldet.

Den tredje haldninga - som først og fremst vert uttrykt av ansvarlege i programmet - er at det er trong for å *fornye* samlingane si form. Dei fungerer ikkje godt nok som læringsarenaer i og mellom bygdene. Eg skal knyte nokre merknader til dette på bakgrunn av å ha delteke på to samlingar, ei i regi av Levande bygder og ei i Bygdeforum. Eg gjorde meg følgjande refleksjonar om innhald og form:

Misjonsiver og suksessfokusering: Mange innlegg var sterkt prega av eldsjeler som *gløda* for "bygdeutvikling", ein iver og glød som eg ikkje alltid traff att i bygdene, der haldninga er langt meir nøktern og konkret. Det vart kort sagt eit manglande samsvar mellom suksessfylte presentasjonar og det meir handfaste, ofte frustrerande grasrotarbeidet i bygdene. Det kan ikkje vere lett for ei bygd der arbeidet ikkje går så greitt, å bli møtt på samlingar av glødande, optimistiske suksessar frå bygder som er ute av programmet.

Lite refleksjonar om det som *ikkje fungerer så godt*: Eg fekk inntrykk av eit miljø der ein er på leiting etter suksessar og framstillingar av positive arbeidsformer og dei gode døma bygdene kan lære av. Dette er vel og bra, men læring forutset også ærlege og opne debattar om godt *og dårleg* i eit miljø der einskildpersonar vert belønna for også å fortelje om sine feil, sine fiaskoar og mål som ikkje vert nådd. Det er ikkje slik at desse samlingane ikkje var problemfokuserte, det var dei så visst. Det mangla ikkje på trugsmål mot det gode liv i bygdene, landbrukets framtid og kommuneøkonomien. Det eg sakna var meir opne framstillingar av kva bygdene *ikkje* får til, og meir nøkterne analyser frå grasrota om kva som kan vere grunnane til at ein møter vanskar i prosjektarbeidet. Eg trur likevel dette er noko som ligg like under overflata, men det er ei krevjande form å hente fram og så og seie stå fram med slike erfaringar. Det vert muntleg sagt at Bygdeforum (mellom anna) er ein stad å lære av andre sine feil. Eg er ikkje så sikker på det. Mitt inntrykk var at ein ynskte at bygdene skulle lære av andres suksessar. Men smalnar ein ikkje då inn erfaringsgrunnlaget det skal trekkjast lærdomar av? Det er fleire som har uttrykt ein viss uro over tendensar til det dei kallar "blåkopiering" mellom bygder. Det vert for stor vekt på tiltak som framstår som standardløysingar, heller enn leiting etter tiltak som er unike for kvar bygd.

Kvifor ulike samlingar for Levande bygder og Bygdeforum? Det er blitt køyrt ulike sett av samlingar for program og prosjekt. Eg kan ikkje sjå poenget med det. Fylket vert for *lite* om ein skal dele så like tiltak på ulike

"Levande bygdeutvikling?"

forum. Det vert alt for mange Tordenskjolds soldatar av slikt. Her er det realitetane i program og prosjekt det er tale om - ikkje intensjonane

Kvifor skal samlingane vere *avgrensa* til deltakane bygder? Det er klart at målgruppa for slike samlingar naturleg er prosjektstyra i bygdene. Likevel burde ein vurdert om ikkje representantar frå andre bygder også kunne delta. Det er mogeleg Bygdeforum kunne fungert som *rekrutteringsarena* for programmet. Det ville også vore mogeleg å invitere prosjektleiinga frå tidlegare bygder med. Det kan også tenkjast reine "*veteransamlingar*" der ein rettar søkelys mot langsiktige verknader av deltaking i BU-programmet.

Eg har høyrte framlegg om fleire studieturar til inn- og utland som eit mogeleg alternativ til samlingane. Skottlandsturen og gjenbesøket vert omtalt i varme ordelag. Meir og oftare besøk i bygdene frå prosjektstyra og programkoordinatorane eit anna alternativ som vert nemnt.

I ei vidareføring av programmet kan ein kanskje tenkje seg Bygdeforum i to utgåver - sidan det no er lagt opp til to samlingar kvart år. Den eine samlinga er open for alle interesserte, veteranbygder, bygder som snusar på dette osv. Den andre er lukka og berre for dei deltakande bygdene. Ein går her nærare inn på prosjekta - i detalj der ein rettar søkelys på erfaringar som går djupare enn det som er mogeleg i ein presentasjon. Det er klart at dette vert langt meir krevjande for bygdene representantar. Det er difor viktig å få fram at dei ikkje skal opp til eksamen på noko vis.

Politisk interesse for BU-programmet i Sogn og Fjordane?

Eg trur BU-programmet gjekk i mange år før nokon mellom dei folkevalde i fylket oppdaga det. Ei alternativ tolking kan vere at det gjekk mange år før nokon kom på den tanken at dei kunne involvere eller informere folkevalde om aktivitetane.

Eg trur begge forklaringane har noko føre seg. Men det kan også tenkast andre grunnar til manglande, fylkeskommunal merksemd retta mot BU-programmet. Sidan alt som dreier seg om landbruksforvaltning på fylkesnivået har vorte styrt gjennom statsforvaltninga - med unntak av val til fylkeslandbruksstyre - har det rett og slett ikkje vore nokon administrative aktørar som systematisk har produsert dagsorden eller kunne fungert som iverksetjarar for noko form for bygde- eller landbrukspolitisk satsing i fylket. Det er mogeleg dette vil endre seg no når landbruk og bygdeutvikling er blitt eit programområde i fylkesplanen. I alle fall inneber den politiske handsaminga fylkesplanen har vore gjennom at Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev uttrykk for eit politisk ansvar for landbruksnæringa og omstillingsprosessane her.

På dei siste samlingane i Bygdeutviklingsforum og Levande bygder har folkevalde delteke. Om dette skuldast større interesse, eller om det skuldast større vilje frå programleiinga til å informere og involvere, er vanskeleg å seie.

I mangel av klare, politiske signal vert administrativt tilsette nøydd til å tolke det politiske miljøet. Slik eg oppfattar dei, "les" dei fylkeskommunalt tilsette og dei hjå FMLA dei fylkespolitiske aktørane slik: Det er positivt at det vert driven aktivitetar som direkte gjeld "vanlege folk". Det skjer noko konkret. FMLA har skaffa seg ei høg stjerne på grunn av dette. Men programmet går sin gang som ein fast aktivitet, det er ikkje lett å

"Levande bygdeutvikling?"

kople nye, "politiske" problemstillingar til det. Eit døme vert nemnt: Då postverket gjennomførte si nedlegging av postkontor og post-i-butikk kom på dagsorden, kunne fylkeskommunen retta sin politiske energi inn i ei handtering gjennom BU-programmet. Dette vart ikkje gjort. Heller ikkje fekk ein gjort noko med satsinga på offentlege servicekontor gjennom BU-programmet.

Slik eg oppfattar den politiske interessa er den førebels knytt til eit fåtal folkevalde som så og seie er på innsida av programmet, og som støttar det på ulike måtar. Den generelle haldninga er likevel at dette dreier seg om småpengar FMLA steller vel med og som utløyser mykje dugnadsaktivitet i frivillige lag og organisasjonar, "men det visste vi frå før, det er ikkje noko å lage politisk blest om", sa ein informant.

Mellom fylkeskommunen og fylkesmannen

I dei siste regionalpolitiske utspela vert det sagt at fylkeskommunen skal utvikle rolla som regional *utviklingsaktør*. Etter at ansvaret for sjukehusa vart teke frå fylkeskommunane synest det som om dette er ei rolle dei skal konsentrere seg sterkare om. Kommunal- og regionalministeren sende nyleg eit brev til alle fylkeskommunar (12.02.02) der følgjande vart sagt:

"Regjeringen ønsker å gi fylkeskommunen økt myndighet i forvaltningen av distrikts- og regionalpolitiske virkemidler (kategori 13.50), og vi vil vurdere tilsvarende desentralisering og delegering av myndighet i tilknytning til øvrige midler som har betydning for regional utvikling. Hensikten er å gå over fra regel- til rammestyring, noe som vil bety økt handlingsrom for fylkeskommunen. Regjeringen anser dette som viktigere for å styrke fylkeskommunen som *utviklingsaktør* enn å overføre ansvaret for regionale miljø- og landbruksoppgaver" (mi utheving).

Bakgrunnen for dette var statsrådets haldning til framlegget det såkalle oppgåvefordelingsutvalet hadde om å overføre landbruks- og miljøforvaltninga på fylkesnivået til fylkeskommunen. Noko regjeringa altså *ikkje* ynskjer å gjennomføre.

Det som likevel er interessant er at fylkeskommunens grunnlag for å fylle rolla som utviklingsaktør er eit minimum av tilsette som har som si oppgåve å bistå fylkeskommunens politiske nivå som sakshandsamarar og iverksetjarar av dei *oppgåvene* som fylgjer av å take på seg ei regional utviklarrolle. Noko som slår ein i dag er at ein fylkeskommune som Sogn og Fjordane knappast har noko apparat som kan handtere alle oppgåvene ein ventar bør fyllast av den som skal kallast "utviklingsaktør". Etter at mange tilsette forsvann ut av næringsavdelinga med SND står fylkeskommunen att med ein omorganisert plan- og utviklingsavdeling med 15-16 tilsette som i tillegg til fylkesplanarbeid skal take seg av alt som følgjer av iverksetjing av fylkesplan, av arbeid knytt til fylkeskommunens ansvar for oppfølging av plan- og bygningslov, av internasjonalt samarbeid osv. osv. Ein kan spørje seg om fylkeskommunen er heilt avhengig av fylkesmannens landbruksavdeling og SND når fylkeskommunal politikk skal iverksetjast *konkret*. Når det gjeld nærings- og bygdepolitikk framstår fylkeskommunen knappast som ein synleg aktør. Det er til dømes heilt urimeleg å vente at

"Levande bygdeutvikling?"

fylkeskommunen med det noverande apparatet skulle kunne følge opp eit tiltak som BU-programmet på den same systematiske måten som FMLA har makta.

Slik sett framstår samarbeidet mellom fylkeskommunen og fylkesmannen som grunnleggjande for ei vellukka iverksetjing av eit landbruks- og bygdeutviklingsprogram i regi av fylkesplanen. Det maktar knappast fylkeskommunen slik han framstår i dag. Det eksisterer ikkje fylkeskommunalt iverksetjingssystem som kan gjere jobben. Slik uttrykkjer ein fylkeskommunal informant det:

"..vår kapasitet er avgrensa. Vi har ikkje hatt kapasitet til å følge opp BU-programmet. Men dei jobbar jo fornuftig, FMLA utfyller oss - og har vilje og lyst .Det er ei generell haldning i fylkeskommunen, vi er veldig heldige med folka i FMLA, vi har stor tillit til dei".

Samarbeidet mellom fylkesmannens landbruksavdeling og fylkeskommunen vert av dei fleste informantane framstilt som uproblematisk - i tråd med sitatet ovanfor. Om ikkje det alltid er fritt for litt prestisjekamp, "får vi det til å funke" seier ein informant og legg til, "i motsetning til andre fylke vi høyrer om".

Ei vellukka utforming og iverksetjing av Bygdeutviklingstiltak og landbrukspolitikk i regi av fylkesplanen er nok avhengig av at ein får det til å funke i framtida òg. Dersom ikkje lyt fylkeskommunen byggje opp ny kompetanse og kapasitet til å handtere landbrukspolitiske utfordringar eller omstilling i landbruksbygder.

Kanskje lyt ein det uansett. Eller kanskje ikkje. Det skal vi sjå på nedanfor.

6.2 Nasjonale og regionale utfordringar

Eit framtidig liv for BU-programmet i Sogn og Fjordane må vurderast i lys av tre sett av organisatoriske og forvaltningspolitiske utfordringar. For det første konsekvensane av ei overføring av ansvaret for bygdeutviklingsmidlane til kommunane, for det andre korleis ein skal forhalde seg til fylkesplanen og fylkeskommunal iverksetjinga av regionale utviklingsprogram og for det tredje visse signal i regional- og distriktpolitikken.

Bygdeutvikling over til kommunane?

Den noverande regjeringa har signalisert at den vil gjere framlegg om at Stortinget endrar tidlegare vedtak om å overføre ansvaret for ein god del landbruks og miljøoppgåver frå fylkesmannen til fylkeskommunane. I brevet frå statsråden heiter det²⁴:

"Regjeringen vil som en del av dette foreslå en ytterligere desentralisering av oppgaver fra staten til kommunene når det gjelder de økonomiske virkemidlene på landbruksområdet. I den

²⁴ <http://odin.dep.no/krd/norsk/aktuelt/presse/016051-110022/index-dok000-b-n-a.html>

sammenheng er det snakk om de bedriftsrettede bygdeutviklingsmidlene som i dag forvaltes av SND, de miljørettede virkemidlene og skogmidlene under Landbrukets utviklingsfond. Bruken og disponeringen av de bedriftsrettede bygdeutviklingsmidlene styres av avtalepartene gjennom jordbruksavtalen. De endringene som regjeringen nå foreslår vil derfor bli brakt inn for avtalepartene i forbindelse med jordbruksoppgjøret i løpet av våren 2002. Regjeringen vil vurdere nærmere om det er behov for å endre kriteriene i inntektssystemet til kommunene som følge av at kommunene skal få flere oppgaver innenfor miljø og landbruk.

Fylkesmannen skal formidle og gjennomføre nasjonal miljø- og landbrukspolitikk. Oppgavene er i stor grad knyttet til myndighetsutøving (f.eks. behandling av konsesjonssøknader, tilsyn og klage) og forvaltning av tilskudd. Hovedtyngden av fylkesmannens oppgaver på miljø og landbruk som krever lokalpolitisk skjønn, skal overføres til kommunene. De gjenværende miljø- og landbruksoppgavene på regionalt nivå vil i stor grad være oppgaver som gjør krav på sentrale beslutninger og som forutsetter et nasjonalt helhetsgrep".

For BU-programmet sin del er det i grunnen ikkje problematisk at sakshandsamingsansvaret for BU-midlar vert flytta frå SND til kommunane. Tvert om kan det sjåast som ei styrke. *Det som er langt meir uklart er kva som eigentleg vil vere att av rom hjå fylkesmannens landbruksavdeling til å gjennomføre slike tiltak.* Slik denne teksten kan lesast, skal FMLA i sterkare grad bli eit papirflyttarorgan mellom Landbruksdepartementet og einskildsøkarar som krev eitt eller anna løyve, eller eitt eller anna tilskot. Det er dette som ligg i at fylkeskommunen med tid og stunder kanskje må byggje opp sine eigen kompetanse på landbruk og bygdeutvikling.

Eg har kontakta Landbruksdepartementet med spørsmål om kva som eigentleg vil skje med slike tiltak som BU-programmet på fylkesnivået²⁵, det same med dei andre satsingane og prosjektretta tiltaka fylkeslandbruksstyresmaktene driv med. Svaret er at det er mellom *alle dei tinga som ikkje er avklart enno.* I løpet av relativt kort tid vil det bli lagt fram ei stortingsmelding der slike problemstillingar vil bli gjort greie for. Løysingane er det ikkje sikkert ein kjem fram til i første omgang. Det departementet håpar er å kome fram til ordningar som trer i kraft frå 2004.

Det ligg òg eit moment av uvisse knytt til utfallet av *jordbruksavtalen* våren 2002. Dei som no trur kommunane vil framstå som vinnarane i ein forvaltningskamp om utviklingsmidlar vil kanskje oppleve at bondelag og bonde- og småbrukarlag også har meiningar om saka. Ser vi vekk frå dette siste poenget kan vi likevel skissere følgjande utfordringar i eit vidare liv for BU-programmet:

For det første må ein rekne med at kommunane vert ein sterkare aktør i økonomisk og organisatorisk mening enn tidlegare.

"Bygdeutvikling" burde etter alle soleteikn - frå det tidspunktet pengane vert

²⁵ Ståle Nordang, telefonsamtale 18.02.02.

overførte til kommunane - framstå som den sjølvssagte samsjelspartnarane i BU-program.

For det andre er det ikkje gjeve at "landbruksfamilien" automatisk får kontroll over desse verkemidlene. Kommunane har gjort mange organisatoriske grep som gjer at det ikkje er sikkert ein tidlegare heradsagronom vert den sjølvssagte sakshandsamaren for bruken av midlane.

For det tredje nullar den noverande regjeringa ut dei kommunale næringsfonda kommunane tidlegare har hatt rådvelde over. Det er for tidleg å seie om dette er ei verkemiddelordning som er avvikla for godt. Dersom ho er det, vil BU-midlane bli ein interessant pengesekk for andre enn bygder BU-programmet har hatt som nedslagsfelt.

For det fjerde veit vi at den noverande regjeringa mislikar småkommunar. Kva kombinasjonar av gulrot og pisk regjeringa finn å gjere ut av BU-midlane i denne samanhengen er ikkje godt å seie. Vi veit også at mange kommunar har inngått samarbeidsordningar om landbruks- og skogbrukspersonalet sitt. Om dette er prosessar som vil føre fram til interkommunale eller regionale samarbeidsordningar der BU-sakshandsaming, er ikkje godt å spekulere seg fram til.

For det femte er det som sagt ovanfor også knytt uvisse til kva rom det vil vere for FMLA til å drive skjønsprega utviklingsarbeid av typen BU-program. FMLA Sogn og Fjordane står våren 2002 framfor ny utlysing av programmet for fire år. Vil det vere noko å love bygdene året 2003 er ute?

For det sjette anar vi ikkje om Stortinget vil akseptere å gjere om det vedtaket dei gjorde under handsaminga av oppgåvefordelingsmeldinga.²⁶

Momenta syner at framtida er noko uvisst for tiltak som BU-programmet i regi av FMLA. Det er mange argument som talar for å setje bremsene på i høve ny utlysing av programmet. Kva kan ein love eventuelle, nye bygder?

På den andre sida er det freistande å seie at det ikkje er mogeleg å take omsyn til alt dette no - det som *kanskje* skjer i framtida. Kanskje klarar FMLA også i samarbeid med landbruksorganisasjonane i fylket å komme fram til ei semje om korleis ein vil forvalte BU-midlane i fylket?

Slik sett bør FMLA kanskje berre late att øyro og lyse ut på nytt, men med større vekt enn vanleg på det atterhaldet som alltid ligg finansieringa av offentlege tiltak.

Ei anna arbeidsdeling i fylkesplansamanheng?

Samarbeidet mellom fylkeskommunen og FMLA om tiltak som BU-programmet er - avhengig av kva framtid begge organ måtte ha - samordna formelt i inneverande fylkesplanperiode gjennom temaet næring og læring og programmet *Landbruk og bygdeutvikling*. Utan dei endringar vi har skissert ovanfor, kunne vi sagt BU-programmet kan halde fram som eitt av dei oppgåvene FMLA gjennomfører under fylkesplanparaplyen - i tett samarbeid med fylkeskommunen som før. No tek fylkesplanen opp i seg breie, generelle problemstillingar som også omfattar nokre av dei same problemstillingar som BU-programmet. Som vi har vore inne på fleire

²⁶ St.melding 31 (2000-2001) 14. juni 2001. Innstilling fra kommunalkomiteen om kommune, fylke, stat - en bedre oppgåvefordeling (Innst.S.nr.307 (2000-2001)).

"Levande bygdeutvikling?"

gonger, er det først og fremst *nærmiljøtiltak og lokalsamfunnsutvikling* deltakande bygder driv med.

Men det handlar også andre program- og tiltaksområde under fylkesplanparaplyen om. Det kan argumenterast for at *innholdsmessig* kunne BU-programmet vore eit samspel mellom programområda Ung i Sogn og Fjordane, Kultur- og nærmiljø og Bu- og arbeidsområde like mykje som det er knytt til innhaldet elles i landbruksprogrammet. Generell lokalsamfunnsmobilisering kan også gjennomførast av andre enn fylkesmannens landbruksavdeling. Og det har vore gjort.

Det er såleis mogeleg ein bør vurdere å gjere BU-programmet enten meir generelt i meininga opne det opp som eit *generelt mobilisering knytt til lokalsamfunn/småsamfunn* og fjerne det frå den opphavlege koplinga til landbruksnæringane, eller knyter det sterkare til landbruksnæringa slik at det direkte får eit innhald som *mobiliseringstiltak* retta mot aktørar som *direkte* har med næringa å gjere: Odelsjentesatsingar, ungdomar generelt i landbruket, økologisk produksjon, vidareforelding osv. Det er ikkje slik det fungerer i dag, men det er openbert mogeleg å velje denne strategien - framleis retta mot bygdesamfunna - men i sterkare grad mot dei aktørane som *forvaltar* og *eig* landbruksressursane.

Dette betyr ikkje at erfaringane i BU-programmet ikkje bør ivaretaast i nye program eller i ei vidareføring. Men marknadsføringsproblemet BU-programmet har er reelt. Kvifor ikkje take det på alvor og heller tenkje *lokalsamfunnsutvikling i småsamfunn og omstilling i landbruket* som to litt forskjellige ting? Mobilisering trengs det i begge samanhengar. Det er likevel ikkje sikkert ein treng gjere det i dei same prosessane.

Regionale utviklingsprogram

Statsråd Erna Solberg sa i stortingsdebatten om oppgåvefordelinga at:

Det er () ingen som har gått under fordi de ikke har hatt fungerende fylkesplaner. () Er det ikke på tide å fjerne en del av de tingene som faktisk ingen egentlig savner, men som irriterer dem som deltar i prosessen? () Jeg har () av og til møtt noen næringslivsfolk () som på slutten av 1980-tallet entusiastisk deltok i utformingen av strategiske næringsplaner i fylkeskommunene, og som i dag sier: Dere må fjerne det. Det er bare tull (). Sannheten er at vi kan gjøre Norge enklere ved å planlegge mindre"²⁷

Så statsråden er ikkje glad i fylkeskommunal planlegging. Likevel er ho statsråd for eit departement som har ivra for å styrke ei bestemt form for planlegging i fylkessamanheng - såkalla regionale utviklingsprogram - som kan seiast å ha avløyst den forma for næringsplanlegging som ikkje lenger kveikjer entusiasmen hjå "noen næringslivsfolk".

Regionale utviklingsprogram er noko Kommunal- og regionaldepartementet har utvikla som iverksetjingsinstrument i regional- og distriktpolitikken. Regionale utviklingsprogram er også samordnings-

²⁷ [#Erna Solberg.1">http://www.stortinget.no/cgi-wift/wiftldles?doc=/usr/www/stortinget/stdid/2000/s010614-02.html&emne=oppgavefordelingsutvalget&sesjon=*&ting=stidn+stidg+otidn+otidg+ltidn+ltidg">#Erna Solberg.1](http://www.stortinget.no/cgi-wift/wiftldles?doc=/usr/www/stortinget/stdid/2000/s010614-02.html&emne=oppgavefordelingsutvalget&sesjon=*&ting=stidn+stidg+otidn+otidg+ltidn+ltidg)

reiskapar der regionale styresmakter skal samarbeide om å utforme og iverksetje tiltak. Det er fylkeskommunane som har ansvaret for å utvikle og iverksetje regionale utviklingsprogram. Partnerskapsomgrepet er viktig i denne samanheng. Ein talar om iverksetjing gjennom forpliktande avtaler mellom ulike aktørar i eit fylke.

Det vert også arbeidd med å gjere RUP'ane til aktivitetar som skal gå over fire år, ikkje eitt år slik det er i dag. Meininga frå KRD si side er at dette skal skje frå 2004.

I Sogn og Fjordane er dei regionale utviklingsprogramma tett kopla til fylkesplanarbeidet. Fylkets regionale utviklingsprogram er også identisk med *handlingsdelen* av fylkesplanen. Det er også statens intensjon at koplinga skal vere slik. Eg trur ikkje alle fylkeskommunar har fått det til i same grad som Sogn og Fjordane. Ikkje alle fylke har tilgjenge til dei same distriktpolitiske verkemidla som Sogn og Fjordane, difor er gjerne koplinga ikkje like logisk for alle.

For eit tid tilbake heldt Statsminister Bondevik ei tale for partifeller (26.01.02) der han kunne fortelje at regjeringa sin distriktpolitikk ikkje var så ille som kritikarane ville ha det til. Han lovde at fylkeskommunane skulle få overta ansvaret for fordeling av vel 800 mill. som no vart forvalta i statleg regi. Slik eg forstår det, er det tale om midlar KRD forsøker å knyte til dei regionale utviklingsprogramma. Ideen skal vere å slå saman eit par postar i statsbudsjettet og overføre forvaltninga av dei til fylkeskommunane, i tillegg vil ein forsøke å frigjere midlar *andre* departement forvaltar, men som kan knytast til RUP'ane.

I St.melding 34 (2000-2001) (regionalmeldinga) står det klart at RUP'ane skal vere møtestadane mellom ulike regionale aktørar, og at fylkeskommunen si regionale utviklarrolle skal knytast til utforming og iverksetjing av programma. Dersom det verkeleg er slik at KRD får gjennomslag i andre departement for ideen om å leggje fleire verkemiddel inn i programma (og det får vi tru når Bondevik har sagt det) og RUP'ane frå 2004 skal gå over fire år, er det heilt naturleg at tiltak som BU-programmet for ettertid inngår her.

Elles kan ein seie det alt er slik, sidan landbruk og bygdeutvikling har vore eit programområde i Sogn og Fjordanes regionale utviklingsprogram sidan 2000.

Så kjem då spørsmålet om finansiering av tiltaket inn. BU-midlar gjennom jordbruksavtalen har det blitt mindre av dei seinare åra. Kva som vidare vil skje med dei er uvisst, som eg har gjort greie for ovanfor. Det ligg likevel i RUP-systemet at det kan *forhandlast* om det meste. Skulle det no ende opp slik at *alle* BU-midlar havnar hjå kommunane, ligg det i systemet at det likevel er mogeleg å *bli samde aktørane mellom* å gjennomføre tiltak som BU-programmet på fylkesnivået - som før.

Eg sa ovanfor at det i løpet av våren skal lagast ei stortingsmelding - eller rettare ei tilleggs melding - som tek føre seg dei endringane kommunal- og regionalministeren signaliserte i brev til kommunar og fylkeskommunar (12.02.02). Det er venta at ein der også handsamar fylkeskommunen si rolle som regionalpolitisk aktør i lys av erfaringane med regionale utviklingsprogram.

Truleg vert det slik at tiltak som BU-programmet i ettertida naturleg vil inngå i regionale utviklingsprogram - dersom fylkesnivået i heile skal stelle med dei tinga bygdeutviklingsprogrammet har dreia seg om.

Småsamfunnsatsinga

I 1998 starta Kommunal- og regionaldepartementet eit eige prosjekt dei kalla *utkantkommunesatsinga*. Fokus skulle vere på dei kommunane som hadde hatt nedgang i folketalet i mange år. Utkantsatsinga skulle ikkje vere eit alternativ til andre satsingar i distriktpolitikken, snarare eit supplement.

Bakgrunnen var eit ynskje om gjere ein del andre grep og teste ut ein del andre metodar og tiltak enn vanleg i forhold til slike kommunar.

Utkantkommunesatsinga var eit fireårig prosjekt som starta i 1997 og blei avslutta ved utgangen av 2001. Målet var at utkantkommunane skulle bli betre i stand til å påverke og ta ansvar for ein situasjon med langvarig nedgang i folketalet. Det var vidare eit mål at fylkeskommunane og staten ved å betre sine eigne arbeidsmetodar vart dyktigare medspelarar for kommunane. Satsinga var i hovudsak bygd opp slik:

- Auka økonomiske rammer med eigen post på statsbudsjettet og å prioritere kommunar og fylkeskommunar når dei ordinære distriktpolitiske verkemidlane vart tildelte
- Samarbeid med andre departement
- Fylkeskommunen skulle vere medspelar til dømes gjennom dei regionale utviklingsprogramma
- Det skulle utviklast ny kunnskap gjennom Pilotkommunesatsinga og andre forsøksprosjekt med stor overføringsverdi

Som ein del av prosjektet vart det plukka ut *Pilotkommunar*. Det vert sagt at tidlegare kommunal- og regionalminister Kjell Opseth var opphavsmann til Pilotkommunesatsinga. Han var statsråd då utkantkommune- og pilotkommuneprosjekta vart sett i gang. Seinare overtok sentrumsregjeringa stafettpinnen. I vårt fylke har Askvoll delteke som pilotkommune, med nærings- og kultursjefen som prosjektleiar. Dei andre kommunane som deltok var Gamvik, Dyrøy, Tjeldsund, Askvoll, Utsira, Vågå og Engerdal. I tillegg til regionen Indre Namdalen med Grong, Snåsa, Høylandet, Lierne, Namsskogan og Røyrvik. Elles deltok 62 kommunar med sterk nedgang i folketalet i utkantsatsinga.

Slik utkantsatsinga framstiller seg, byggjer den på tre strategiar: *Samfunnsbygging* på område der det offentlige/kommunen har ansvar overfor eiga befolkning. *Næringsutvikling* i form av tilrettelegging av infrastruktur, innovasjon og kunnskap i eit samspel mellom det offentlege og det private næringsliv. *Personorientering* i meininga tilrettelegge for ungdom, kvinner og frivillige organisasjonar. Det kunne vore BU-programmet i Sogn og Fjordane vi gjorde greie for.

Departementet må ha meint at erfaringane frå prosjekta var gode. Utkantsatsinga og Pilotkommuneprosjektet inngår no som *småsamfunnsatsinga* i distrikts- og regionalpolitikken.

Slik regionalmeldinga omtalar denne satsinga - som ein av fire hovudstrategiar - er den retta mot småsamfunn med *stor nedgang i folketal*,

med *lang avstand til sentra* og som står overfor store utfordringar når det gjeld å sikre velferdstilbod, offentlege og private tenester og sysselsetting.

Departementet seier at den samla innsatsen overfor småsamfunn må foregå innanfor ulike sektorer og med ulike virkemiddel. I tillegg skulle det setjast av eigne midler over kap. 551, post 51 i statsbudsjettet. Det ein såg føre seg som døme på konkret innsats var arbeidet med offentleg servicekontor i småsamfunn, tilrettelegging av ulike typer utdannings- og kompetansetilbod, IKT-infrastruktur, næringsutvikling, sentrumsutvikling, tiltak innanfor primærnæringssegmentet og ein spesifikk innsats i forhold til ungdom og unge i etableringsfasen.

Ei viktig oppgåve i starten ville vere å hauste erfaringar av utkantsatsinga, men det skulle *ikkje* leggjast opp til same arbeidsform i småsamfunnssatsinga som i utkantsatsinga.

Medan utkantsatsinga var eit departementsprosjekt skulle det som fast aktivitet i sterkare grad leggjast til regionalt nivå. *Fylkeskommunane* er meint å spele ei sentral rolle i arbeidet med strategier i småsamfunn i samarbeid med *kommunane*. Det ville også bli lagt føringar på fylkeskommunen i dette arbeidet. Fylkeskommunane skal også ta utgangspunkt i *regionale utviklingsprogram*. I motsetning til utkantsatsinga og pilotkommuneprosjektet skal ikkje kommunar forhalde seg til departementet i småsamfunnssatsinga. Departementet si rolle skal vere å koordinere satsinga og etablere møteplassar og forum for erfaringsoverføring. *Enkeltkommuner skal forholde seg til fylkeskommunen*. Det vart også sagt i meldinga at det ikkje var aktuelt å gje fleire kommunar pilotstatus.

Så er det dette at vi har fått ei ny regjering etter at denne meldinga vart lagt fram for Stortinget. Står den ved småsamfunnssatsinga som strategi? Etter dei opplysningar eg sit inne med, har ikkje det blitt politisk signalisert noko anna enn at den framleis er gjeldande politikk, om ikkje i like sterk grad som av den forrige regjeringa. Signala om småsamfunnssatsinga blir lesne som svakare no enn før regjeringsskiftet.

6.3 Har BU-programmet framtida bak seg?

Det er ikkje lett å gje råd om korleis ein skal vidareføre BU-programmet og dei erfaringar iverksetjarane har gjort gjennom 10 år. Uvissa er sjølv sagt knytt til *framtida til fylkesnivået* generelt, til spørsmålet om kva summar KRD klarar å få andre departement til å leggje inn i regionale utviklingsprogram og til graden av råderett landbruksforvaltningas fylkesnivå vil ha over bygdeutviklingsmidlane. Det tragiske med all slik uvisse er at ein knappast kan utlyse offentleg noko som helst tiltak fordi ein står i fare for å lure søkjarar om ei falsk framtid, enten det er bygder eller einskildpersonar det er tale om.

Med det som hjartesukk kan vi likevel seie dette om BU-programmet i høve andre tiltak som er relevante på fylkesnivået:

Mykje av det same

Når ein ser på innhaldet i BU-programmet slik det vert skapt gjennom dei tiltaka dei ulike bygdestyra og prosjektstyra gjennomfører opp mot

innhaldet i småsamfunnsatsinga er det slåande likskapar og overlappende problemstillingar: I samband med småsamfunnsatsinga tala dei om offentleg servicekontor i småsamfunn, i BU-programmet har ein arbeidd med å etablere bygdekontor og å leggje nye oppgåver til lokalbutikken. Småsamfunnsatsinga er oppteken av tilrettelegging av ulike typer utdannings- og kompetansetilbod, i regi av BU-programmet vert det arrangert ulike former for svært lokale utdannings- og kurstilbod. IKT-infrastruktur talar ein om i Småsamfunnsatsinga, det har ein i Sogn og Fjordane vore oppteken av lenge. Levningar av TITAN-prosjektet kan lesast ut av prosjekta bygdene har arbeidd med. Næringsutvikling og tiltak innanfor primærnæringssegmentet talar Småsamfunnsatsinga om, det er vel det BU-programmet opphavelig skulle dreie seg om? Sentrumsutvikling? Ja, det er vel det innspela om reguleringsplanar handlar om. Spesifikk innsats i forhold til ungdom og unge i etableringsfasen har også BU-bygdene har vore opptekne av.

Men likevel store forskjellar

Det naturlege spørsmålet er jo sjølv sagt om BU-programmet kan leve vidare i ei småsamfunnsatsing i Sogn og Fjordane. Eller motsett, at denne satsinga her i fylket vert sett ut i regi av eit utvida BU-program. Det er likevel nokre forskjellar ein må vurdere før dei to tiltaka vert samansmelta.

For det første: Den sosiale forståingsramma for BU-programmet er som namnet seier *bygda*. Og programmet er ope for både sovebygder og utkantbygder. Men målgruppe eller forståingsramme for Småsamfunnsatsinga er verken sovebygda eller utkantbygda, men *utkantkommunar* med fallande folketal. Kommunane i Sogn og Fjordane kan ha mange bygder - nokon med fallande folketal, andre kan vere stabile og kommunen kan ha folketalsauke i sentrum. Poenget er at dei to satsingane ikkje naudsynlegvis har den same forståingsramma - det er viktig å avklare om det er bygda eller kommunen ein vil gjere noko med.

For det andre: Dette poenget kjem også fram i spørsmålet om kven som er dei viktige aktørane. I småsamfunnsatsinga slik ho er utforma av KRD, er det *fylkeskommunen* og *kommunane* som er nøklar i iverksetjingsprosessen. I BU-programmet er det FMLA og dei lokale prosjektstyra i bygdene som er iverksetjarane. Uansett kor mykje velvilje fylkeskommunen i Sogn og Fjordane måtte ha for BU-programmet, er det FMLA som har gjort jobben gjennom 10 år og som sit på erfaringa, kontaktane og ryktet om ein god jobb.

For det tredje: Ein bør ikkje lure seg sjølv til å tru at kommunane har spelt noko stor og viktig rolle i BU-programmet. Det er *bygdestyra* som har gjort jobben. 20 000,- pr. år i tre-fire år er ikkje mykje pengar, uansett kor ein kommune måtte klage over dårleg råd. Velvilje og deltaking frå ein jordbrukssjef kan bety mykje for støtte og motivasjon, men det er framleis bygdestyra som har den lokale nøkkelen til suksess. Men i lokalsamfunnsatsinga er det kommunane som er meint å ha ei sterk, styrande rolle i lokalt utviklingsarbeid. Det kan godt hende dette er like bra, men det er ein annan modell.

For det fjerde: Deltaking i BU-programmet er heilt avhengig av at *nokon* er interessert i å delta. Det er eldsjelene i lokale prosjekt- eller bygdestyre som er dei fundamentale byggjesteinane i programmet. Det er

"Levande bygdeutvikling?"

verken fråflytting, solnedgangstider eller Kommunaldepartementets tilpassing av Norsk by- og regionforsknings modellar for utkantdefinisjonar som fortel ei bygd at den har noko i BU-programmet å gjere. Det er ikkje gjeve at stampelet "småsamfunn" får bygdefolket til å reise seg og take ansvar for eiga framtid. Nedlegging av skulen eller butikken kan gjere det.

BU-programmet er ein etablert struktur

Sjølv om det altså er forskjellar mellom BU-programmet og Småsamfunnssatsinga er det vanskeleg å sjå noko stort poeng i at ein i Sogn og Fjordane skulle byggje opp eit nytt tiltak berre fordi eit departement i sentralstaten har tenkt på litt andre måtar enn ein i praksis har fått til her i fylket. Det arbeidet ein har gjennomført med Bygdeutviklingsprogrammet bør også sjåast som ei investering i ein institusjonell struktur ein no bør hauste meirverdi av ved å nytte han som iverksetjingsinstrument også for småsamfunnssatsinga.

Dette bør drøftast med kommunane i Sogn og Fjordane.

7 Bygdeutvikling som nettverksbygging og læring

I dette kapitlet skal vi drøfte BU-programmet og Levande bygder i lys av nokre teoretiske perspektiv på nettverksbygging og læring. Hovudføremålet er presentere omgrep og idear som seier noko om korleis erfaringar vert til og korleis dei vert lagra i og mellom forvaltninga og bygder som sosiale system. Det overordna spørsmålet er kva som *skjer* med bygder som deltek og dermed kva kva fylkesnivået *gjer* med bygdene når ein set i verk slike tiltak. Og ikkje minst dreier dette seg om korleis vi kan tenkje om langsiktige verknader og resultat på bygdenivået.

I drøftinga deler eg først mellom nettverksbygging og læring, deretter drøftar eg mogelege samanhengar mellom omgrepa.

Det er populært å tale om 'nettverk', men kva meiner vi med det? Det er naudsynt å ha ei eller anna teoretisk avklaring av dette før ein kan nytte omgrepet i konkrete analyser. Ein mogeleg måte å gjere det på, er å take utgangspunkt i organisasjonsteoriens bruk av omgrepet. I ei anna drøfting (Glosvik 2002a) har eg funne det formålstenleg å definere nettverksomgrepet ut frå to ulike ståstar. I det eine perspektivet vert nettverk oppfatta som formålsretta organisasjonsfenomen, i det andre som sosialt konstruerte fenomen. Perspektiva er ikkje konkurrerende, dei er meir alternative og utfyllande måtar å forstå sosial samhandling på.

Nettverk som formålsretta organisasjonsfenomen

Det første hovudperspektivet tek utgangspunkt i ei forståing av organisasjonar som objektive fenomen med der det formålsretta står sentralt. Organisasjonar og organisering vert oppfatta som eit spørsmål om systematisk, formålsretta og vedvarande kollektivt samarbeid. Grad av formalisering, sentralisering og kontroll representerer i ei slik tenking "objektive" dimensjonar eller faktorsett vi kan nytte for å seie noko om nettverk er formålsretta fenomen eller ikkje.

I eit slikt perspektiv er nettverk namnet på organisasjonsfenomen prega av stor grad av *samarbeid* på tvers av formelle organisasjonsgrenser, der samarbeidet har låg formaliseringsgrad, eller rettare; nettverka kan godt vere formaliserte, men det er ikkje det viktige ved dei. Nettverk er desentraliserte i meininga at avgjerdstakinga skjer - og må skje - nær problemløysingsaktivitetane. Og graden av kontroll med organisasjonsmedlemene er låg i meininga lite direkte overvåking og kontroll frå overordna organisasjonsledd.

Men det er *situasjonar* som gjev meining til spørsmålet om ei handling eller ei organisasjonsform er formålsretta eller ikkje, difor må vi i lys av dette perspektivet spørje kva trekk ved omverda er det som skapar situasjonar der eit nettverk er ei formålsretta organisasjonsform:

For det første må det vere ei omverd som representerer stor grad av *uvisse* for organisasjonar. Uvissa kan kome gjennom raske endringar hjå aktørar organisasjonen er avhengig av, eller det kan vere teknologutvikling og kunnskapsproduksjon som skapar uvissa.

For det andre er organisert aktivitet *samorda*, *kollektiv* aktivitet. Samordning i høve omverda kan skje på fleire måtar, men nettverk

representerer større tilpassingsevne enn byråkratisk samordning når omverda er uviss, samstundes gjev nettverk større administrativ kontroll enn marknaden, noko som sjølvstøtt er viktig for å styre den utgiftsveksten som desentraliserte løysingar gjev. Samstundes representerer nettverket rimelegare og meir realistisk samordning enn ein klan, som må bruke mykje ressursar på sosial kontroll og sosialisering.

For det tredje kan vi tenkje oss ei omverd som skapar situasjonar der organisasjonar må lære seg nye samarbeidsformer og handgrep vi kan kalle nettverksorganisering utan at dette i og for seg representerer noko anna enn ei tilpassing til ytre, *tekniske* krav.

Nettverk som sosialt konstruerte fenomen

Det andre hovudperspektivet nedtonar dei formålsretta sidene ved organisasjonar. Organisasjonsfenomenet vert oppfatta som sosiale, menneskelege konstruksjonar prega av orda våre, omgrep og tenkjemåtar slik dei kjem til uttrykk i det sosiale samspelet mellom oss. Spissformulert er ein organisasjon etter denne tenkjemåten noko som vert skapt og gjenskaft når folk møtest og talar i lag og nyttar dei same orda og vendingane om det dei forsøker å handtere gjennom det sosiale systemet vi er opptekne av.

Eit nettverk kan slik sett vere ein *metafor*. Og det finst mange nettverksmetaforar; "vev", "bru", "band", "møteplassar", "knutepunkt", "lenker" osv. Gjennom metaforar forsøker vi å lære noko om eit fenomen ved å nytte eit anna ord om det. Nokre metaforar skildrar organisasjonar som systematisk kommunikasjonsarenaer. I sin yttarste konsekvens representerer ein metaforisk innfallsvinkel at vi knappast ser noko anna enn av eit mylder av folk som pratar i lag når vi ser på organisasjonar.

Ein annan innfallsvinkel syner organisasjonar og menneska der som medlemmer av *normative felt* saman med andre organisasjonar og menneske som deler deira verdigrunnlag. Nettverk vert slik sett eit anna namn på eit normativt felt.

Til sist kan vi sjå organisasjonsnettverk som nedanfrå-opp skapte kognitive fellesskap av individ med felles skjema, stereotypiar eller kognitive strukturar.

Felles for dei tre innfallsvinklane her er at interorganisatoriske nettverk - enten dei er forstått metaforisk, som felt eller som kognitive fellesskap - ikkje vert oppfatta som objektive strukturar, men som resultat av *sosiale konstruksjonsprosessar*. Eit nettverk er ikkje gjeve objektivt, men "er" der fordi vi av ein eller annan grunn ser eit utsnitt av verda vi meiner dette ordet kan beskrive.

Eit anna fellestrekk er at dei meir eller mindre implisitt byggjer på ideen om at det alltid er eit grunnleggjande skilje mellom ein abstraksjon og det den abstraherer om. Kartet er aldri terrenget. Både metaforar, verdier og kognitive kategoriar er på ulike måtar "kart", og sjølv om organisasjonsfenomena dei forsøker å seie noko om også kan vere særleg lite konkrete, er dei framleis "terreng".

Det rasjonelle perspektivet opererer ikkje med eit slikt skilje - det er ikkje viktig i den teoriverda innfallsvinkelen byggjer på. Omverda verkar tilsynelatande temmeleg *handfast* i form av tekniske krav, utfordringar, marknader, styresmakter og kundar.

7.1 Nettverk i bygdeutviklingsprogrammet

Kan vi bruke desse teoretiske resonnementa til ein analyse av trekk ved bygdeutviklingsarbeidet i Sogn og Fjordane og i BU-bygdene? Først drøftar eg fylkesnivået, deretter moglege måtar å nytte omgrepet på bygdenivå.

Eit saksnettverk på fylkesnivået

Når eg har bede informantane fortelje om kven det er dei har kontakt med på fylkesnivået og kven det er vits i å snakke om bygdeutvikling med, listar dei opp 6-10 personar. Og det er ei same personane som går att. Det er 3-4 hos fylkeskommunen, 3-4 hos FMLA og det er eit par personar i SND. I tillegg er det nokre få kommunale næringsjefar som vert omtalte, og eit par frå "landbruksfamilien" Det er nokre kjenneteikn ved dei: Det er nesten ingen *toppleiarar*, dei representerer *mellomskiktet* av konsulentar og mellomleiarar. Vidare er det folk som har *formelt* ansvar for nett desse sakene. Vidare arbeider dei under relativt stor grad av *fridom* frå overordna i meininga at dei representerer ein form for fagkunnskap og erfaring ingen andre så lett har. Vi kan kalle dette eit *formelt* bygdeutviklingsnettverk på fylkesnivået.

Når eg spør kva dette nettverket kan, dreier svara seg om at det har erfaringsbasert kunnskap om bygder generelt, om å bruke ulike typar kunnskap dei andre medlemene har frå sine spesialfelt, det dreier seg om å vite litt om prosessleiing og mobiliseringsprosessar, men ikkje minst om korleis slike erfaringar kan brukast i nye samanhengar. Det er ikkje tilfeldig at det mykje godt er det same nettverket som arbeider med fylkets deltaking i EU-prosjekt.

Slik sett kan vi lett peike ut eit saksretta, formelt nettverk av sakshandsamarar og mellomleiarar som "veit" kva bygdeutvikling "er" fordi det er jobben deira å vite det uavhengig av kva eining dei arbeider i. Samordningsbehov skapt av prosessar både over og under dei gjer at dei *må* arbeide tett saman.

Uvissa som *tvingar dei inn i nettverksjobbing* skuldast mellom anna manglande politisk og administrativ avklaring hjå sentralstaten om korleis fylkesnivået burde sjå ut og manglande kommandoliner til kommunar og andre felles organ dei må samhandle med. Samordning mellom småsamfunnssatsinga og bygdeutviklingsarbeidet er ei typisk oppgåve der eit utval av fylkesnettverket er dei einaste som med rimeleg sannsyn kan finne fram til ein måte å handtere signal ovanfrå, interne erfaringar og eksterne forventningar. Det er eit nettverk som skapar handlingskapasitet i Sogn og Fjordane *fordi* dei arbeider gjennom eit nettverk som er eit *svar* på utfordringar andre skapar.

Medlemene i dette nettverket arbeider altså i ulike, formelle organisasjonar. Det er dette som gjer det enkelt å ty til det formålsoverterte perspektivet og seie at det har relativt stor forklaringskraft når vi tolkar samarbeidet mellom dei som nettverk. Det er såleis fort gjort å blande saman 'formål' og 'formell' i slike samanhengar. Det er likevel eit viktig poeng at *stabiliteten* i formelle organisasjonar gjer at dei framtrer for oss som relativt 'objektive' fenomen, og tilhøvet mellom aktørar står fram som ein 'situasjon' aktørane må forhalde seg til og velje handling ut frå. Om ei

handling er formålsrasjonell eller ikkje, er avhengig av situasjonen. Sidan det no er viktig for statens leiarar at SND, fylkeskommunen og FMLA *skal* framtre som uavhengige einingar på fylkesnivået, skapar det ein situasjon dei som arbeider med like oppgåver *må* forhalde seg til. Å etablere eit nettverk er ei formålstenleg løysing i ein slik situasjon. Difor har det formålsorienterte perspektivet forklaringskraft.

Men tenkjer dei heilt likt i slike nettverk? Nei, i den sosiale meininga er nettverket også prega av delvis overlappende verdiar i meininga at dei trur dei arbeider til gode for Sogn og Fjordane, men når det kjem til konkretiseringar av korleis ein skal *tenkje* om kva som er til gode for fylket, kan det vere nyttig med idear som peikar i retning av nettverk som kognitive fellesskap. Då er det ikkje utan vidare det same fellesskapet vi talar om. Prosjektet Levande bygder er døme på det. Dei som fortel at levande bygder, nei det handlar om kommunal planlegging og bruk av plan- og bygningslova for å sjå sentrumsnære bygder i samband med kommunesenteret tenkjer ikkje på same måten som dei som ser golfbaner og ridesenter i det same prosjektet.

Dette er døme på at vi ikkje kan tale om felles skjema i den kognitive meininga. Og det kan vere like greitt at det ikkje alltid er lik tenking i slike nettverk. Som ein informant seier, "det er klar alt hadde vore lettare om vi alle var i fylkeskommunen, på den andre sida reagerer tre system litt ulikt (fylkeskommunen, FMLA, SND). Det hindrar at fikse idear vert tvunge gjennom".

Dette kan også fungere som døme på saksnettverk generelt. Saksnettverk kan vi forstå som berarar av faktakunnskap, eller "korleiskunnskap". Det inneheld med andre ord informasjon som er naudsynt for å *gjere* konkrete ting. Ein bygdenær parallel kan vere mannen som vil byggje garasje på dugnad. For å få det til må han vere medlem av, eller klare å byggje opp, eit venenettverk som også er eit saksnettverk i meininga å kunne dei tekniske/praktiske oppgåvene garasjebygging består av. Det nyttar ikkje med folk som kan designe internettsider, men ikkje bruke ein hammar²⁸. Eit saksnettverk er slik sett ein slags kunnskapsstruktur definert av eit felles formål og vilje til å gjere noko konkret. Men det vil eksistere mange slags saksnettverk og dei kan byggjast opp og byggjast om ettersom oppgåvestrukturen endrar seg.

Eit verdinettverk i fylket (eller i alle fall i Nordfjord)?

På møte i bygdeforum la eg merke til at velkomsten var retta til til bygdene, som vart ønska velkomen til eit 'nettverk' som syner 'omsorg' for nye bygder, ein 'atmosfære' og ein 'kultur'. 'Inkluderande haldning' vart også nytta for å skildre det fellesskapet bygdeforum representerte. Kanskje er dette stikkord som peikar oss mot eit anna bygdeutviklingsnettverk på fylkesnivå enn saksnettverket.

Eg tenkjer her på framveksten av bygdeutviklingslaga her i fylket. I Nordfjord skal det vere 29-30 utviklingslag²⁹, i Sogn og Fjordane har

²⁸ Heller ikkje kjem garasjen opp om det er eit nettverk som helst vil drikke øl og sjå fotball.

²⁹ <http://www.bygdeutvikling.no/index.php?&f=08050147&sid=4&eid=10&spid=268>

FMLA registert i alle fall 57 slike lag³⁰. Det er klart at forsøka på å sy saman eitt eller anna fellesskap av desse laga ville vi vere freista til å kalle nettverksbygging. Men det er verre å seie kva slags nettverk det er. Eg har ikkje så veldig gode data om denne aktiviteten, men med utgangspunkt i arbeidet einskildpersonar i Nordfjord gjer, dreier det seg om å styrke og utvikle banda mellom bygdeutviklingslaga i Nordfjord, å styrke det ideologiske verdigrunnlaget for laga og å trekkje fram talmateriale og statistikk som talar for bygdenes plass i lokal og regional busetnadsstruktur. Ein annan funksjon er openbert å nytte nettverket til å påverke dagsorden til andre organ. Eg trur det var denne lause nettverksstrukturen som var den opphavelge basisen for Levande bygder i Nordfjord. Men fundamentet vart for laust, og arbeidet vart konsentrert til Eid kommune, men med opning til andre bygdelag. Noko anna eg registrerer med miljøet i Nordfjord, er koplingane til andre, liknande aktivitetar som i pilotkommunane og utkantsatsinga.

I kva grad det er rett å seie dette er eit fylkesdekkjande fenomen er eg ikkje sikker på. Det er mogeleg det førebels er avgrensa til Nordfjord. Likevel har deltaking i Levande bygder og BU-programmet bidrege til å byggje opp under nettverksbygginga, og ambisjonane til dei som står bak er openbert både fylket og vidare enn det.

Denne nettverksbygginga kan vi prøve å analysere gjennom uttrykket 'nettverk som institusjonelt felt' som igjen byggjer på institusjonell teori. "Institusjonell teori" er i utgangspunktet ein sosiologisk innfallsvinkel til organisasjonsstudiane. Institusjonell teori er representerer eit omfattande felt, og det vert gjerne kritisert for manglande felles definisjonar av nøkkelkonsept, omgrep og metodar (Tolbert og Sucker 1996:175). Mangfaldet er stort i tilnæringsmåtar og metodar. Det skulle likevel vere mogeleg å peike på nokre felles idear vi kan bruke for å kaste lys over fenomenet sosial nettverksbygging i Nordfjord.

For det første rettar institusjonell teori søkelys mot det *normative* ved organisasjonars strukturar og aktivitetar. Det vil seie at ein observerer korleis trekk ved organisasjonar som innanfor dei meir rasjonelle skulane vert oppfatta som relativt objektive dimensjonar, eigentleg fungerer som viktige symbol eller på andre måtar representerer *verdiar* for organisasjonsmedlemer. At det er *verdiar* bygdeutviklingsnettverk i denne samanheng dreier seg om, treng vi ikkje eingong drøfte. Det er tale om verdien av småsamfunn, verdien av trygge oppvekstvilkår, verdien av småskalaproduksjon osv, osv. som går att i alle grunngevingar for slike lag.

Verdiforvaltande organisasjonar vert også kalla institusjonar. Eit viktig omgrep innan teoriretninga er då også *institusjonalisering*, og den viktigaste tydinga er, seier Selznick, at verdiar som ligg *utanfor* dei tekniske krava dei aktuelle arbeidsoppgåvene stiller, vert innført i ein organisasjon (1997:26). Såleis er det desse verdiane som "objektivt sett" er til overs, institusjonell teori er oppteken av. Eit bygdeutviklingslag forstått som 'organisasjon' er i denne terminologien td eit organ som sender uttale til kommunen når kommunen ber om det, og som tek på seg tekniske oppgåver som treng løysing. Som 'institusjonar' det også tale om organ med sterke meiningar, misjonsiver og harmdirrande knyttnever mot fienden. Det er

³⁰ <http://www.fjordinfo.no/fmsf/org/landbruk/BU/Utviklingslag.htm>

"Levande bygdeutvikling?"

ikkje vanskeleg å sjå dei sterke meiningane - og ofte frustrasjonen - som ligg like under overflata i bygdeutviklingsarbeid som dette. Det er tale om verdier under press.

For det andre peikar institusjonell teori på at organisasjonar er vid opne mot ei omverd som nett er normativ, og såleis stiller organisasjonar overfor krav som ikkje berre er "tekniske", men også i høgste grad er verdiladde. Institusjonell teori har mange omgrep som forsøker å fange forholdet mellom omverd og organisasjon, men eitt av dei er 'institusjonelt felt', definert som

"..those organizations that, in the aggregate, constitute a recognized area of institutional life" (DiMaggio og Powell 1983:148),

Og som Jeppesen seier om omgrepet institusjonelt felt, er ideen at det inneheld eit mønster av sosial orden, der *avvik* frå mønsteret systematisk vert motverka gjennom sosialt konstruerte kontrollmekanismer som inneheld straff og belønningmekanismer (1991:145).

Med ein slik innfallsvinkel gjev også alle kontaktane til pilotkommunar, utkantsatsinga, til Skotland og Sverige³¹ klar meining. Nettverksbygging i denne meininga dreier seg om kople seg til eit felt der likesinna ikkje berre utvekslar idear om og mogelege tiltak, men også *stadfester og forsterkar* kvar andres verdier og tru på bygdenes framtid.

Det er lett å sjå kvifor eit institusjonelt perspektiv kan vere aktuelt når vi skal forsøke å kaste lys over omgrep som "nettverk", "nettverksdeltaking" og "nettverksbygging" i den forma vi ser det i bygdeutviklingssamarbeidet i Nordfjord, men det kan vere aktuelt i to meiningar: For det første kan deltaking i eit institusjonelt felt vere eit anna namn på det å vere medlem i eit nettverk. I ei slik meining er eit nettverk ein struktur som overfører og forsterkar *verdier* mellom deltakarane i bygdenettverket. Dersom vi til dømes ser på Selznicks definisjon, vil altså *andre* verdier enn dei som trengs for at ei arbeidsoppgåve skal gjennomførast bli infusert i ein organisasjon. Og dette er kanskje den viktigaste skilnaden mellom saksnettverket og verdinettverket. Verdinettverket er ikkje i og for seg opptekne av saker og konkrete spørsmål her og no. Det er felles *verdier* som bind dei saman, ikkje felles *administrative/tekniske utfordringar*.

For det andre kan eit nettverk vere ein *sjølvstadfestande* struktur som leverer premisser om at det ein gjer i nettverket er måten å gjere ting på. Nett gjennom deltaking i eit institusjonelt felt der deltakarane tenkjer likt, vil deltakinga i seg sjølv skape isomorfi (likskap) fordi alternative tenkjemåtar pr. definisjon ikkje får tilgang til nettverket eller settet.

Medan saksnettverk kan forståast som berarar av "korleis-kunnskap", kan vi kalle verdinettverk generelt for berarar av "kvifor-kunnskap". Dette vil ikkje vere kunnskap om fakta og framgangsmåtar, men om idear, ideologiar og visjonar. Verdinettverk kan seiast å vere ein kunnskapsstruktur som held *orden* på faktakunnskapen, så og seie gjev den meining.

³¹ <http://www.bygde.net/>

Nettverksbygging på bygdenivået?

Kan nettverksomgrepet også nyttast for å kaste lys over det som skjer i bygdene? Kanskje, men det er også mogeleg andre innfallsvinklar kan utfylle nettverksomgrepet her. Vi må også gå attende til kapittel fire og forsøkje å analyse nærare dei beskrivelsane vi har av kva som skjer i ei bygd når ho deltek i programmet. *Eldsjelene og initiativtakarane* kjem igjen i søkelys. Og ikkje minst måten dei arbeider på i høve andre i bygda. Her må eg likevel komme med eit atterhald. Det er vanskeleg å få tak i data om desse prosessane. Informantane på bygdenivået klarar ikkje alltid å forklare meg *korleis* dei arbeider. For nokre er det så sjølvstøtt at dei ikkje har ord eller omgrep for det. Sjølve intervjuforma er heller ikkje den rette for å skaffe slike data. Direkte deltaking over tid er truleg den beste - og einaste - måten å fange dei lokale årsakssamanhengane i bygdenes utviklingsprosessar

Med det atterhaldet kan vi likevel setje opp hypoteser om korleis nettverksomgrepet kan vere med å forklare korleis programmet fungerer. I det vidare skal eg gjere det, men også ved å nærme meg nettverksomgrepet meir indirekte enn i drøftinga av nettverk på fylkesnivået.

Eksterne nettverksprosessar

Det er naudsynt å skilje mellom interne og eksterne nettverksprosessar i bygdene. Med eksterne prosessar meiner eg koplingar mellom aktørar i bygda og nettverk *utanfor* bygda. Her er sjølvstøtt saksnettverket eg drøfta ovanfor *eitt* av koplingspunkta, og under deltaking i programmet er dette viktig - og kan i visse tilfelle fungere som ein viktig faktor. Ein informant i saksnettverket seier det slik:

"Gjennom dette nettverket lærer dei å bli kjende i systemet. Dei oppdagar at dei kan få seg kontaktpersonar dei kan nytte - dei har fått seg nettverk dei kan spele på. *Nokre personar hjelper dei, andre ikkje!* Dette lærer dei, og at det er ei rekkje forgreiningar vidare dei kan bruke - td. distriktsaktiv skule, til Norges vel osv.

Men det er også farleg å vere for sterk knytt til berre dette nettverket. Bygdene må ikkje bli for bundne opp i eit saksnettverk som ikkje kan hjelpe dei meir enn eit stykkje på veg. Ein annan informant i saksnettverket sa dette:

"Det er viktig at dei kan kople seg til andre miljø. Det er kanskje vår feil, dette. Vi er ikkje gode nok til å initiere deltaking i nye nettverk, men vi burde gjere det. Laga nye koplingar, peika på ting som skjer: Å kople skular og utviklingslag, td. og næringsliv osv. Å setje i hop miljø som kan vere utfyllande for bygdene".

Nokre informantar fortel at dei er blitt kopla til det verdinettverket eg omtalte ovanfor, medan andre la vekt på at bygdeutviklingsarbeidet hadde ført til at dei var meir opptekne av *politiske* organisering som kunne fremja bygdesaka. Her dreier det seg om to typar: det eine er dei meir tradisjonelle som bonde- og småbrukarlag, men også dei nyare aksjonane knytte til Leve velferdsstaten og "Finnmarksopprøret". Eg syner her til kapittel fire, der

informantenes tolking av kva "bygdeutvikling" er for noko, godt kan leie i slike retningar.

Ein informant fortalde om koplingar til *andre* saksnettverk. Det var miljøet rundt *norsk gardsmat*, det var samarbeidsmiljø knytte til *småbutikkar* osv. Hadde vi leita grundig, trur eg vi nok funne ein god del slike koplingar til nettverk som er klart saksprega og organisert rundt konkrete utviklingsoppgåver. Med andre ord dreier det seg om å kople seg til saksnettverk utanfor bygda, eller å bidra til å utvikle slike.

Gjennom presentasjonar frå bygdene har eg klart fått inntrykk av eldsjelenes understrekar at ein bør nytte høvet til å byggje koplingar til kommunar, til verksemder, til alle som kan tenkjast å vere til nytte for bygda i ein eller annan samanheng. Fleire fortel at dei vil definere bygda som også å omfatte dei som er derifrå, men som bur andre stader no. Kanskje kan dei tenkjast å bidra til bygdas velferd på ein eller annan måte. Ein informant fortalde dei tenkte på om hyttefolket kunne brukast for å kople bygda til interessante miljø.

Når folk fortel om slike forsøk på å lage nettverk som "å kople", brukar dei det som i litteraturen vert kalla 'koplingsmetaforen' (Putnam, Phillips og Chapman (1996:308). Koplingsmetaforen ser sosiale system som system av samanbundne individ. Gjennom kommunikasjonshandlingar former dei relasjonelle band og mønster av slike band. Gjennom kommunikasjonshandlingane knyter individ band mellom heim, arbeid og samfunn, eller i vårt tilfelle mellom heim, bygd og omverd. Metaforar som dekkjer det same er mellom anna "vev", "bru", "band", "forhold" og "relasjon", altså liknande metaforar som bygdeutviklarane nyttar. Dei har til felles at dei rettar søkelys på menneskelege nettverket mellom aktørar *på tvers* av sosiale og formelle grenser i meininga felles verdiar, kjensler og idear.

Ein måte å bruke nye koplingar på er å fylle den med informasjon som talar til bygdas fordel - på ein eller annan måte. Men koplingsmetaforar kan også peike på noko anna: Det er gjennom kommunikasjon *mening* vert til, og heller enn å fokusere på informasjonsstraumane vil eit meiningsperspektiv framheve at gjennom å kommunisere *skapar individ mening ut av* informasjonen. Denne forståinga av nettverk - også kalla *semantiske nettverk* er opptekne av korleis bestemte tolkingar av hendingar kan vere avhengige av deltaking i nettverk.

Putnam, Phillips og Chapman hevdar at koplingsmetaforen får oss til å sjå sosiale system samansett av mange, overlappende nettverk utan faste grenser. Medlemer i systema er knytte saman i relasjonar som overstig (transcenderer) kontorvegger gjennom mange typar fellesskap, både formelle og uformelle, jobbtilknytte og private.

Etter denne tenkjemåten er det kommunikasjonsprosessane som er dei viktigaste *byggjesteinane* i sosiale system, også bygder. Gjennom kommunikasjon vert mening oppretthalden og utvikla. Metaforar er hjelpemiddel for å leite etter og gjere greie for slike prosessane. Eg trur det bygdeutviklarane forsøker å gjere når dei talar om *å kople* bygda til andre utviklingsmiljø er nett å oppretthalde, eller å skape ny mening for bygda. Det er med andre ord tale om å kople seg til, eller å bidra til å utvikle former for verdinettverk.

Interne nettverksprosessar

I kapittel fire la eg vekt på framstillinga av BU-prosessen på bygdenivå i termene 'eldsjeler' og 'initiativtakarar'. Bak eit bygdeutviklingslag og/eller søknaden om deltaking står i regelen fleire organisasjonar. Det kan vere ungdomslag, bondelag, jakt- og fiskelag osv. Grunnane til at det vert oppretta eit slikt lag vert oppgjeve å vere både trongen for eit felles talerør, men også trongen for eit organ som overstig det naturlege ansvarsområdet for ein formell organisasjon som har eit smalare interessefelt. Som ein informant sa; "det føltest heilt feil at idrettslaget skulle gje alle fråsegner i samband med reguleringsplanen, men det var ingen andre som greip tak i det". Han var ein av initiativtakarane til utviklingslaget i si bygd.

Dette at "nokon" finn saman, som elles naturleg hadde arbeidd i dei meir tradisjonelle saks- og interesseorganisasjonene, kan kanskje vere ein nøkkel til å forstå utviklingsprosessane og samspelet eg gjorde greie for i kapittel fire.

I figur 7.1 har eg forsøkt å syne korleis det er mogeleg å tenkje omkring bygdeutviklingslaga og deira rolle, også i lys av nettverksomgrepet. Som vi ser, kan vi tenkje oss bygdas tradisjonelle "gamle" organisasjonsstruktur som delt i to. Vi finn for det første dei saks- eller gruppeorienterte organisasjonane som er i utgangspunktet representerer ei gruppe eller eit tema. Det kan vere grunneigarlag eller jakt- og fiskeentusiastar, husmorlag (eller kva det heiter no), idrettslag eller andre former for spesialiserte organisasjonar.

Type nettverk	Rekruttering	"Nye"	"Gamle"
Saksnettverk	"Smal" rekruttering i bygda?	"Handlingsgrupper": Flinke til å gjere konkrete ting	"Saksgrupper": Flinke til å tale ei gruppe eller ei sak ("Bondelag")
Verdinettnettverk	"Brei" rekruttering i bygda?	"Utviklingslag": Flinke til å få <u>andre</u> til å gjere konkrete ting (mobilisere)	"Ungdomslag": gjer tradisjonelle ting for bygda

Her kjem jobbane/dei konkret resultat

Fremjar program-deltaking desse?

Figur 7.1: Utviklingsmiljø og nettverk i bygdene

Det som *særpregar* dei er er at dei er smale i meininga at dei aldri kan, og heller ikkje let som dei gjer det, fange bygdas fellesskap. Dei fangar berre *ein liten del* av fellesskapet, og dei er, slik eg har oppfatta ein informant, av og til låst fast i eit negativt rollespel av reglar, årsmøte, jakt på leiarar som vegrar seg osv. For det andre har vi tradisjonelt hatt *ungdomslaget* som bygdas generalistorganisasjon med brei rekrutteringsbasis. Mange stader gjer framleis ungdomslaget ting for bygda, dei eig og driv forsamlingslokale og dei arrangerer sosiale samkome og aktivitetar av ymse slag. Spørsmålet

er også om denne organisasjonen vert fanga i tradisjonelle mønster av oppgåver.

Det vi ser er at desse organisasjonane i regelen står bak eit utviklingslag - saman med enkeltaktørar elles. Utviklingslaget utgjør slik sett eit fellesorgan som har brei rekrutteringsbasis og som representerer ein organisatorisk nyskaping og ein annan måte å gjere ting på. Det er jo *desse* konstruksjonane BU-programmet treff og stimulerer. Og det informantane fortel er at det dei forsøker, er å få *andre* til å gjere ting. Det er dei som lagar dei nye samanhengane som andre kan gå inn i. Typisk er sogene om korleis dei skaffar pengar og prosjekt som ungdomslaget eller jakt- og fiskelaget så vert sett til å gjennomføre eller ha ansvaret for.

I figuren ser vi likevel ein fjerde type aktørar. Eg har kalla dei "handlingsgrupper" og "nye" fordi det dreier seg om dei nye gruppene av personar som i løpet av programperioden eller satsinga har funne saman om ein ny ide, eit nytt tiltak eller ei etablering. Eit godt døme på kva det dreier seg om kan vi hente frå Undredal. Då bygda deltok i første fase av BU-programmet var eitt av satsingane knytte til Undredalsosten og den tradisjonelle produksjonen av kvit geitost. Ei mindre gruppe produsentar fann saman i felles problemstillingar knytte til utvikling av kvalitet, produksjon, sal og marknadsføring av osten som bygdas spesialitet. Både Undredalsosten produsentlaget og organisasjonen Norsk gardsost, med leiar og sekretariat i Undredal, er direkte avleia av den satsinga nokre få personar står bak. Mykje arbeid har vore lagt ned av ei lita gruppe personar gjennom ei årrekke, og dei står no framfor etablering av eit fellesysteri. Årsakssamanhengane med BU-programmet er igjen vanskeleg å slå fast. Dette kunne godt ha skjedd likevel, men uansett skjedde det eitt eller anna som gjorde at ei mindre gruppe fann saman i eit fellestiltak som gald næringsverksemda deira, og dei arbeider saman framleis om eit konkret produkt og ei konkret satsing.

Når representantar frå FMLA fortel om det dei meiner er langsiktige næringsverknader av at ei bygd deltek i BU-programmet, trur eg det dreier seg om nett at ein eller i regelen eit fåtal personar arbeider vidare med eit prosjekt eller tiltak som er blitt utkrystallisert. På same vis kan vi tenkje om vidareføring av tiltak og resultat generelt. Det syner seg vanskeleg å halde oppe engasjement og aktivitet over lang tid i BU-programmet, men dersom ein lukkast i å knyte eit mindre tal personar til eit utval idear, tiltak eller satsingar, så lever det vidare. Dette er då også mange bygdeutviklingslag klar over, og har som målsetjing at prosjekt og tiltak skal leve vidare i regi av eksisterande lag og organisasjonar, eller i regi av andre personar/grupper enn dei sjølv.

Det kan sjølv sagt framstå som eit tankekors at dersom eit slikt tiltak ender i ei kommersiell etablering vil verksemda ganske raskt kunne fjerne seg frå bygda i meininga at den spesifikke marknaden vil leggje dei viktigaste føringane på strategiske avgjerdsler, ikkje dei opphavelege ideane i bygdeutviklingsprogrammet. Det ser vi også døme på i prosjektbygdene.

Dei konkrete resultatane, eller endå meir konkret, arbeidsplassar og sikring av arbeidsplassar gjennom omstilling kjem då *dersom nokon annan* enn Bygdeutviklingslaget eller grendelaget har fatta interesse og arbeider vidare med det som vert utkrystallisert i sjølv programmet og den mobiliseringa som skjer i forkant eller i løpet av programdeltakinga.

Saksnettverk og verdinettverk også i bygda?

I lys av nettverksterminologien kan vi også tenkje oss to typar nettverk på bygdenivå, slik eg har skildra det på fylkesnivået. Utviklingslag og liknande kan vi kalle organisatoriske uttrykk forat eit nettverk av bygdefolk og organisasjonar i bygda på bakgrunn av *felles verdier* finn saman. Rekrutteringsgrunnlaget er breitt, og det er ideane om fellesskap, ytre trugsmål og trongen for ny meiningsdanning som er basis for fellesskapet.

På den andre sida kan vi tale om tale om mange *saksnettverk* i ei bygd. Kvar av dei vil ha eit smalare rekrutteringsgrunnlag, det vil vere felles interesser knytte til ein aktivitet, eigarskap osv. som vil vere styrande for nettverket. Langsikte, *konkrete* resultat av bygdeutviklingsarbeid ser vi truleg berre dersom saksnettverka fungerer over tid i ei bygd, og dei overlever fase fire og inn i fase fem, slik eg gjorde greie for dei i kapittel fire.

7.2 Lærnde bygder³²?

Den *andre* innfallsvinkelen eg nyttar i spørsmålet om langsiktige verknader og resultat er spørsmålet om korleis *læringsomgrepet* kan nyttast for å drøfte spørsmåla om "tida etterpå?", "kven skal drive arbeidet vidare"? "Vert det noko resultat att i bygda av innsatsen vår?". Bruken av nettverksomgrepet er ein innfallsvinkel, ein annan er å spørje om "bygda har lært", eller om "bygda tenkjer på ein annan måte enn før".

Læring i eit kollektiv system

'Læring' oppfattar dei fleste av oss som ein sær personleg og individuell prosess. Det er ikkje så rart. Det dreier seg jo om korleis vi med strev og møte tileignar oss personleg dugleik og innsikt for å handtere både nære og meir fjerne relasjonar til dei som omgjev oss og dei utfordringar vi møter.

Men læringsomgrepet kan vi også nytte om kollektive einingar - som grupper av folk, kommunar, verksemder - eller bygder. Når vi gjer det må vi likevel ha eit omgrepsapparat som er meir samansett enn det vi nyttar når vi seier at "'eg" har lært at.." osv. Eller sagt på ein annan måte. Vi må kunne setje våre eigne læringsprosessar inn i ei ramme der vi også ser og forstår *andres* læringsprosessar. Først då er vi i stand til å forstå korleis eit fellesskap lærer.

Ein måte å gjere dette på er å take utgangspunkt i teoriar om læring som seier noko om korleis sosiale system er bygde opp - kva dei består av. Her tykker eg det er formålstenleg å starte med det vi innan samfunnsvitskapen kallar institusjonell teori. Med institusjonar meiner vi sosiale system som er verdiladde i meininga at folk og organisasjonar i bygda er berarar av bestemte verdier og haldningar dei meiner det er verdt å take vare på, verdt å utvikle vidare - eller det stikk motsette - at det er nokre

³² Dette del-kapitlet byggjer på eit kapittel i doktogradsavhandlinga mi. For referansar til teorien, sjå kapittel to og tre i Glosvik 2000. Deler av kapittel 7.2 er også presentert som foredrag på konferanse i Levande bygder, Nordfjordeid, 24.januar 2002 (http://home.hisf.no/oyvindgl/Fagtekst/Bygde-laering_2.htm)

"Levande bygdeutvikling?"

verdiar og synspunkt vi burde prøve å endre. Eg oppfattar "bygdeutvikling" som begge deler. Det er både forsøk på å endre nokre verdiar, men også å take vare på andre.

Når vi seier at "bygda har verdiar", må vi likevel ha ein eller annan idè om korleis desse verdiane så og seie er *lagra*. Her kan vi tenkje oss at vi finn dei lagra i bygda på tre måtar:

"Bygdeminnet" som regulative, formelle strukturar

For det første: Lat oss sjå føre oss bygda utan dei folka som er der i dag. Kva ville vi då sett etter dersom vi skulle prøve å beskrive bygda som kollektiv eining? Det er dette historikarane må gjere når dei skal skrive om dei som var før oss. Vi måtte leite etter og beskrive bedrifter, ungdomslag, butikkar, skular, frivillige lag og organisasjonar som på ymse vis over tid systematisk organiserer og handterer verdiar og viktige handlingar for folk. Vi kunne også beskrive korleis desse systematisk var bundne saman gjennom måtane folk brukte dei og på den måten heldt ved like ei lokalsamfunn. Vi kunne også beskrive korleis ei slikt samfunn gjennom dei formelle organisasjonane var knytte saman med andre lokalsamfunn.

"Bygdeminnet" som sosiale, normative verdiar

For det andre: Lat oss sjå føre oss bygda med dei folka som er der i dag, korleis dei samhandlar, talar i lag og gjer ting i lag fordi dei deler dei interessene og dei verdiane og er avhengige av dei handlingane eller oppgåvene dei formelle organisasjonane driv med. Dette er sjølvstøtt viktig fordi ein butikk eller eit ungdomslag har ikkje nokon "verdi" i seg sjølv. Den har berre dei verdiar folk legg i dei. Ein må likevel vere klar over at dei sosiale verdiane "er" der - uavhengig av formelle organisasjonar. Dei er berre verre å få auge på. "Bygda ser deg" - uavhengig av om bygda har butikk eller ungdomslag. Verdiar kan også oppretthaldast over ein kaffikopp på kjøkkenet - eller ei stille samtale over grinden. Poenget er at verdiar vert haldne ved like gjennom samhandling mellom folk. Gjennom samtalen, sladderer, rykta og deltakinga vår i fellesskapet skapar vi, opprettheld, forsterkar eller svekkar verdiane eller bygdeminnet i denne meininga.

"Bygdeminnet" som kategoriar og klassifikasjonar

For det tredje: Tenk på korleis vi sjølve - som individ - tenkjer om bygda, om naboar, om kommunen - og oss sjølve. Kva er det vi har i hovuda våre?

I motsetning til verdiane eg tala om er slike klassifikasjonar eller kategoriar våre egne, heilt private konstruksjonar. Ideen her - som mellom anna er henta frå det vi kallar kognitiv teori - er at menneske har ein tendens til å tenkje i forenkla bilete av omverda. Dette hjelper oss til å utføre komplekse handlingar fordi vi kan konsentrere oss om nokre få sider ved ein situasjon. Slike bilete kan vere veldig generelle, t.d. "Nabo", "butikk", "kontor" eller "bygd", men dei kan også vere meir spesielle: t.d. "Snøfte Smith", "gamaldags krambu", "papiirflytting", "fjordholl", eller dei kan vere slik: "god ven", "service", "trygg arbeidsplass", "heimen min". Det seier seg sjølv at det er ikkje uviktig kva bilete du har i hovudet av den personen som bur nærast, den butikken du kan handle i, kommunens næringskontor eller den staden du bur. Dette blir altså "bygdeminnet" på ein tredje måte: kva bilete har den einskilde av seg sjølv og bygda. Sjølvstøtt er det viktig kven

"Levande bygdeutvikling?"

det er sitt bilete som får lov å dominere - som blir det "offisielle", som blir "sanninga" om bygda.

I røyndomen - i den einskilde bygda - er sjølv sagt desse "minna" samanvevde og umogelege å "sjå". Likevel trur eg det kan vere viktig å tenkje seg bygda samansett av desse tre pilarane eller typar minne: Dei formelle strukturane som bind bygda saman - og som bind dei til omverda, dei folka som deltek i dei med sine verdiar og meiningar og dei orda, bileta eller kategoriane den enkelte nyttar for å forstå seg sjølv og bygda. Det er viktig fordi vi bør tenkje på korleis den kollektiv læringa skil seg frå den individuelle. Og ikkje minst fordi *samanhengane* mellom dei tre typane minne kan vere så vanskelege og innfløkte at det ikkje alltid vil vere råd for oss å seie så mykje om kva det er som fungerer og ikkje fungerer når vi forsøker å setje i gong læringsprosessar på bygdenivået.

Læringsprosessar i bygdesamfunn

Med utgangspunkt i den tenkinga eg presenterer her, kan vi i alle fall sjå føre oss ei bygd der vi kan gjere greie for minnet i tabell 7.1. Den formelle strukturen: Bygda har ungdomslag, idrettslag, musikklag, bondelag osv. osv. eigen skule og barnehage, nokre verksemder osv. Laga er flinke, men alle steller med sitt. Laga sin aktivitet er retta innover mot faste, stabile aktivitetar. Bygda er del av Dalfjord kommune, men det merkar ein ikkje mykje til. Skulen steller også med sitt, men er elles ikkje komen seg etter siste reform. Butikk er der også, og litt turistaktivitet om sommaren. Dette ynskjer vi å ta vare på, men vi ynskjer også å auke aktiviteten.

	"Bygdeminnet"		
	Regulative, formelle strukturar	Sosiale, normative verdiar	Kognitive kagegoriar "bilete"
Kva vil vi ikkje endre	Etablerte verksemder/ aktivitetar som held liv i bygda	Dei verdiane som byggjer opp under bygda	Positive kategoriar og mentale bilete
Kva vil vi endre?	Lågt aktivitetsnivå - strukturelle trekk som undergrev bygda	Verdiar og haldningar som undergrev bygdas sosiale nettverk	"Negative" bilete mellom bygdefolket eller andre rundt bygda

Tabell 7.1: Bygdeminnet - kva vi vil endre og kva vi vil take vare på

Den sosiale strukturen er prega av få møteplassar. Ein samlast i lag og organisasjonar - der ein treff dei som er opptekne av det same som ein sjølv. Elles er det like naturleg å delta i sosiale aktivitetar i kommunesenteret. Det vert mykje bilkøyring. Haldningane til folk er stort sett positive, men dei verdiane bygda hegnar om er gjerne "at slik har det vore før, og det er best at det er vert slik i framtida òg". Folk som stikk seg fram føler ikkje at dei blir direkte motarbeidd, men heller ikkje direkte støtta. Dei som føler at dei tenkjer på andre måtar enn "folk flest", har ikkje nokon naturleg plass å

møtast. Det vil vi gjerne gjere noko med i det vi kallar bygdeutviklings tiltak.

Dei kognitive kategoriane er det verre å få grep på. Slikt snakkar ein ikkje om. Men vi kan ane noko når vi får ungdomen i tale: "Kor kjedeleg det er her", "det er i byen vi skulle vore". Eller vi treff ei utbrend eldsjel som fortel at: "her er ikkje noko framtid", "kom deg vekk", "her er ingen å snakke med" osv. "alle tenkjer som bønder" osv. osv. Spør vi bøndene, seier dei at det er ikkje noko framtid i landbruket. Vi anar likevel at ikkje alle meiner det like sterkt og tenkjer på alternative driftsformer, men talar helst ikkje om kva konkrete tankar dei gjer seg. Men alle har eitt eller anna i hovuda sine - kva det er for noko er verre å få tak på. Summen er i alle fall "bygda". Og vi er i regelen ikkje heilt nøgde med det. Difor lurar vi på korleis dei positive bileta skal få overtaket over dei negative.

Korleis kan vi tenkje oss læringsprosessar som endrar slike kollektive minne? Enklast og mest effektivt ville vi sjå slik endring om vi plasserte ei ny - rimeleg stor - verksemd midt i dette bygdesamfunnet. Lat oss seie det kjem ei produksjonsverksemd som må rekruttere både internt i bygda og eksternt. Ei slik hending *vil over tid* fundamentalt endre bygda fordi mykje må endrast - og vil endrast: Skular, kommune, organisasjonar og lag må tilpassast for å handtere den nye situasjonen. Nye og taleføre folk vil brått stå og høglydt fortelje på butikken kva dei meiner er godt og dårleg i bygda. Det kan komme som eit sjokk på fleire. Vidare må dei nyttilsette - tidlegare gardbrukarar - i verksemda tenkje omkring seg sjølv som industriarbeidarar og ikkje som bonde. Den enkelte gardbrukar må refortolke seg sjølv og si rolle - og komme ut med ei anna sjølvforståing.

Det er ikkje alle som tykkjer det er like enkelt.

Poenget er at ei slik hending vil endre bygda for godt, både strukturelt, sosialt og kognitiv. Men bygdeutvikling dreier seg jo ikkje om dette. Kanskje gjorde det det ein gong - men kva kalle ein det då Førde vart vekstsenter? Det ein gjorde var å omforme ei lita landbruksbygd til industri- og tenestesenter. Og bygdefolket vart byfolk. På meir enn ein måte.

Den forma for bygdeutvikling vi er oppteken av dreier seg om å stable på beina mange små prosjekt. Skal vi kunne seie noko om korleis bygda lærer av desse må vi vere opptekne av kva *konsekvensar* dei har i ei vidare tyding enn å peike på eit bygdetun eller ein kafe og seie at "der er no i alle fall eitt konkret resultat..". Sjølv om mange prosjekt sjølv sagt er meir konkrete og handlingsretta enn andre og nokre openbert retta inn mot å endre på måtar ei bygd tenkjer om seg sjølv, kan vi ikkje tale om anten regulative, sosiale eller kognitive læringsprosessar. Heller er det slik at *alle* tiltak har ei regulativ, normativ og ei kognitiv side. Difor er det mogeleg å tenkje seg at når vi gjer noko i eller for bygda vi trur eller meiner har verdi for ettertida, kan dei forandre bygdeminnet på på fleire måtar:

Prosessar der bygda lærer noko nytt

For det første gjennom endring i den regulative strukturen; dvs at prosjekt vi gjennomfører fører til etablering av nye verksemder, til knoppskyting, til nye produkt eller til nye formelle kontaktar som skapar større aktivitet i bygda. For det andre kan vi tenkje oss at sosiale strukturen vert endra ved at folk tek i bruk ressursar dei før ikkje nytta, at det vert oppretta nye, sosiale mønster i bygda. For det tredje kan vi tenkje oss bygda forandra gjennom

"Levande bygdeutvikling?"

positiv endring av dei bileta, dei orda eller dei døma bygdefolket nyttar for å forstå seg sjølve.

	"Bygdeminnet"		
	Regulative, formelle strukturar	Sosiale, normative verdiar	Kognitive kagegoriar "bilete"
Prosessar som endrar bygda	Nye organisasjon-former - stadig nye prosjekt - nye produkt og tenester i etablerte verksemder	Folk som har ressursar tek dei i bruk - får positiv feedback i handlingar dei gjer	Gode døme, prosjekt som vert tolka som positive, god omtale av bygda, klargjering av kva vi er stolte av

Tabell 7.2: Prosessar som endrar bygda

Så langt er alt vel. Vi har endra bygda. Det skal likevel truleg lite til før alt fell tilbake til det gamle. Det er mykje bygda kan gjere sjølv, men åleine er ho ikkje, og det kan td godt tenkjast at kommunale utspel, ein konkurs, nokre viktige personar som flyttar eller eitt eller fleire negative medieomtaler riv ned dei positive ringverknadane av eit bygdeutviklings-tiltak. Det lærer bygda også av.

Men korleis kan ho lære å stå han av..? Kan vi tenkje oss at læringsprosessar gjennom ulike tiltak lever vidare etter at eit eventuelt prosjekt eller program er over? At bygda så og seie lærer å lære? Kva måtte vi i så fall leite etter då?

Strukturar som gjer at bygda held fram med å lære

I regulativ meining burde det i etterkant av vellukka bygdeutviklingstiltak finnast ein permanent "utviklingsorganisasjon" som byggjer bru over andre organisasjonar og lag i bygda. Det kan godt vere kommunen som gjer dette, det kan vere eit bygdeutviklingslag, det kan vere ei verksemd eller det kan vere ein annan struktur. Poenget er at det eksisterer ein eller annan organisasjon eller formelt nettverk som lever vidare uavhengig av flo og fjøre i statlege eller kommunale satsingar. Eg veit ikkje korleis denne formelle strukturen ser ut, eg veit berre at den den held grua varm når eldsjelene må kvile..

I den sosiale meininga dominerer folk som har den haldninga at det er lov å prøve seg og det er lov å feile. Dei dominerer ikkje i kraft av å vere i fleirtal, men i kraft av handlingane sine, kontaktane dei har og viljen til å stå på. I ei bygd som har lært å lære vil det også vere mange nok som kjenner "systemet" eller "systema" som gjer det mogeleg å skaffe pengar og nye prosjekt til bygda. Eg er ikkje viss på kor mange det trengs før vi kan tale om at eitt eller fleire bygdeutviklingstiltak lever vidare og tek av, men eg forestillar meg at det kan vere relativt små miljø vi talar om.

	"Bygdeminnet"		
	Regulative, formelle strukturar	Sosiale, normative verdiar	Kognitive kagegoriar "bilete"
Resultat som fører til at bygda i <u>ettertid</u> blir styrt av:	Ein permanent "utviklings-organisasjon" som byggjer bru over <u>andre</u> lag og organisasjonar - har utviklings-kontaktar andre kan bruke - som varer ved, også i motgang	Folk som har haldningar om at det er lov å prøve seg dominerer den lokale røyndomen - som veit korleis "systemet" fungerer og som gjev <u>støtte</u> til enkeltpersonar eller små nettverk uavhengig av satsingar	Mentale bilete om bygda som positiv, open og aktiv = <u>sjølv-forsterkande</u> bilete. "Prøv igjen - det nyttar!"

Tabell 7.3: Læringsresultat som styrer bygda i ettertid

Likevel har dei eit indre samhold som gjev gjensidig støtte samstundes som dei er omgjevne av eit større nettverk av personar i bygda som støtter opp om dei og stimulerer arbeidet deira gjennom positive haldningar.

I den kognitive meininga dominerer ord, omgrep, bilete og metaforar som held ved like og styrkjer bygda sitt sjølvbilete. Det er vanskeleg setje "ord på slike ord", men det vi talar om er haldningar av typen "Her er godt å vere", "Prøv igjen, det nyttar" hjå folk som faktisk meiner det. Heltane i bygda må ikkje vere dei som reiser, men dei som vert att - eller dei ein trur vil vende heim og danne grunnlag for vidare eksistens og ny vekst.

7.3 Læring og nettverk i bygdeutviklingsarbeid

Ein kan ikkje tvinge nokon til å lære. Heller ikkje kan ein vere sikker på at den lærande eininga lærer det andre vil dei skal gjere. Heller ikkje kan nokon tvingast å bli medlem av eit eksisterande nettverk eller å delta i skapinga av eit nytt. Sambandet mellom omgrepa nettverk og læring må byggje på ei slik forståing.

Når det er sagt kan vi med utgangspunkt i nokre teoretiske resonnement tenkje oss dette samband mellom læring og nettverk: Saksnettverk og verdinettverk kan sjåast som kommunikasjonssløyfer som inneheld informasjon. Informasjon dannar basis for læringsprosessar i bygda. Likevel inneheld saksnettverk og verdinettverk ulike informasjonstypar. Sidan det også er mogeleg å skissere interne og eksterne nettverksprosessar kan vi teoretisk sjå føre oss fire ulike samanhengar slik:

		Interne nettverksprosessar i bygda	
		Saksnettverk	Verdinettverk
Eksterne nettverksprosessar i bygda	Saksnettverk	1	2
	Verdinettverk	3	4

Figur 7.2: Fire samanhengar mellom interne og eksterne nettverk

Nettverksbygging som fører til at bygda lærer

Men det er også samanheng med dei læringsprosessane eg skildra ovanfor. Under tittelen 'læring i bygdesamfunn' sa eg at læringsprosessar som endrar bygda mellom anna kan skildrast slik; For det første gjennom endring i den regulative strukturen; dvs at prosjekt vi gjennomfører fører til etablering av nye verksemdar, til knoppskyting, til nye produkt eller til nye formelle kontaktar som skapar større aktivitet i bygda. For det andre kan vi tenkje oss at sosiale strukturen vert endra ved at folk tek i bruk ressursar dei før ikkje nytta, at det vert oppretta nye, sosiale mønster i bygda. For det tredje kan vi tenkje oss bygda forandra gjennom positiv endring av dei bileta, dei orda eller dei døma bygdefolket nyttar for å forstå seg sjølve. Samanhengen mellom slik læring og nettverksprosessane kan vi forstå på følgjande to måtar:

1. Læring skjer når interne saksnettverk vert kopla mot eksterne saksnettverk

Den første læringsprosessen vi kan skissere består i at dei interne saksnettverka bygda har etablert for å løyse konkrete oppgåver vert kopla mot nettverk som er berarar av kunnskap bygda *konkret* kan gjere seg nytte av. Døme kan vere å bruke kunnskapen om kven som er "hjelparar" og kven som er "vaktbikkjer" i kommunen når ei reguleringssak står på dagsorden. Hjelparane på teknisk etat inngår i det saksnettverket bygda kan nytte for å løyse sine reguleringsproblem. Andre døme kan vere eigarane av nærbutikken eller interessentane som lurar på å overta ein konkurstruga nærbutikk som kjem i kontakt med miljøet rundt merkurprogrammet eller andre saksorienterte nettverk. Når eit bygdeutviklingslag får hjelp frå FMLA til å kontakte SND, eit departement eller andre som kan hjelpe dei i konkrete, er dette også døme på at saksnettverk vert kopla mot saksnettverk.

2. Læring skjer når interne verdinettverk vert kopla mot eksterne saksnettverk

Den andre læringsprosessen skjer når interne verdinettverk vert kopla mot eksterne saksnettverk. I dette ligg det at produkt, tenester, tilbod, natur eller særdrag som har spesielle verdiar eller kan fungere som symbol for bygda får aksept i saksnettverk der desse kan fungere eller inngå. Å komme inn i BU-programmet kan i seg sjølv vere eit døme på slike prosessar. Eldsjeler som vil bygda vel finn saman og utformar ein søknad som - gjerne etter fleire runder - går inn. Bygda som verdi får aksept i eit eksternt

saksnettverk. Eit anna døme kan vere Stårheimbygda i Nordfjord (med i Levande bygder) som i 2002 skal arrangere NM i skiskyting for menn senior. Det er tredje gongen ein nasjonal meisterskap i skiskyting er lagt til denne bygda. Skiskyting og skiidrett er viktig i Stårheim og bygdene rundt. I lys av nettverksomgrepet kan vi seie at dei verdiane som ligg i eit velfungerande og tiltrekkjande anlegg klarar eit nettverk av entusiastar lokalt å marknadsføre ovanfor det saksnettverket som avgjer kvar slike arrangement skal haldast. Døme på liknande prosessar kan vere arbeidet i Undredal knytt til utvikling og sal av Undredalsosten som eit unikt produkt. Nettverksarbeidet her vil vere å få aksept for produktet hjå kjeder, butikkar, næringsmiddeltilsyn osv.

3. Læring skjer når interne saksnettverk vert kopla til eksterne verdinettverk

Ein tredje læringsprosess kan vi forstå som samspelet mellom den kunnskapen eit saksnettverk i bygda har som vert etterspurt av ein ekstern marknad, eksterne organisasjonar eller nettverk av personar som set pris på nett denne kunnskapen eller resultatet av kunnskapen. Gardbrukarar som utviklar og leverer spesielle produkt til ein eksklusiv marknad som etterspør nett dette produktet; driftsformer som skapar unike kulturlandskap som vert spesielt sett pris av td. natur- og kulturentusiastar kan vere døme. Eit anna døme kan vere ei gruppe av gardbrukarar som har gått saman om å byggje ei hyttegrend som år etter år vert leigd ut til dei same tyske familiane.

4. Nettverksbygging som fører til at bygda held fram med å lære
I figuren ovanfor ser vi ein samanheng der interne verdinettverk er kopla til eksterne verdinettverk. I samband med læringsprosessar i bygda sa eg at i etterkant av vellukka bygdeutviklingstiltak burde det finnast ein permanent "utviklingsorganisasjon" som byggjer bru over andre organisasjonar og lag i bygda. Det kan godt vere kommunen som gjer dette, det kan vere eit bygdeutviklingslag, det kan vere ei verksemd eller det kan vere ein annan struktur. Poenget er at det eksisterer ein eller annan organisasjon eller struktur som lever vidare uavhengig av flo og fjøre i statlege eller kommunale satsingar, og som tek seg av fellestiltaka i bygda også etter at deltakinga i eit utviklingsprogram er over. Vi kunne sagt at det dreier seg om å behalde kontaktar som systematisk fører til vedlikehald av og påverknad gjennom koplingane til eksterne krefter som definerer og strukturerer røyndomen for bygda. Når bygdepolitikken endrar seg i kommunen, på fylkesnivået eller nasjonalt, må det vere nokon som evnar å sjå kva det kan innebere for bygda.

Men slikt vedlikehald kan skje på mange måtar. Det er også tale om ei sosial og kognitiv tilpassing til ei skiftande omverd. Grunngevinga for kvifor bygda er til, kan endre seg. Og desse grunngevingane kan ein vere med å skape sjølv. Måtane folk ser på bygda, og måten bygdefolket oppfattar seg sjølv er avhengig av gjensidige kontaktar og relasjonar mellom det indre livet og omverda. "Det gjer noko med deg når du høyrer naboen må snakke engelsk", sa ein informant. Ho sikta til uventa konsekvensar av å take i mot ein delegasjon frå utlandet som vitja bygda for å sjå på lokale utviklingstiltak. "Det å arrangere bygdedagar syntte oss noko om oss sjølv, vi kunne, vi klarte det", sa ein annan informant.

Vidare sa eg at i etterkant av eit vellukka bygdeutviklingstiltak er det mange som har den haldninga at det er lov å prøve seg og det er lov å feile. Dei dominerer ikkje i kraft av å vere i fleirtal, men i kraft av handlingane sine, kontaktane dei har og viljen til å stå på. Dei utgjer eit nettverk av folk med eit indre samhald som gjev gjensidig støtte samstundes som dei er omgjevne av eit større nettverk av personar i bygda som støtter opp om dei og stimulerer arbeidet deira gjennom positive haldningar. Like gjerne kunne vi sagt at dei var systematisk omgjevne av eit nettverk utanfor bygda som støtta dei og som gav positive tilbakemeldingar. Eit slikt nettverk kan til dømes vere det eg skildra som eit verdinettverk i Sogn og Fjordane - eller i alle fall i Nordfjord. Systematisk deltaking i slike samanhengar kan også vere med å byggje opp under ord, omgrep, bilete og metaforar som held ved like og styrkjer bygda sitt sjølvbilete.

Korleis ser den lærande bygda ut?

Den lærande bygda er oppteken av formell organisasjonsbygging i meininga vedlikehald og utvikling av eksisterande verksemder og organisasjonar, bygging av nye kontaktar til kommune, fylkesnivå, skular, bedrifter og "marknader". Ikkje fordi organisasjonar er viktige i seg sjølv, men fordi organisasjonar over tid er berarar av dei *verdiane* bygda lever av, både i materiell og ikkje-materiell meining. I den lærande bygda inngår menneska i både interne og eksterne saksnettverk som held vedlike og aukar bygdas handlingsevne.

Den lærande bygda møter folk med nye tankar og idear på ein *positiv* måte, og byggjer opp under den eller dei som prøver å auke verdiskapinga i bygda i vid tyding. Ein prøver å manøvrere folk med ressursar og positive haldningar inn i utviklingsprosessar der dei får brukt det potensialet dei har. I den lærande bygda finst det eit internt verdinettverk som igjen er kopla til fleire eksterne verdinettverk som støttar opp under bygda som sosialt fellesskap.

Ikkje minst er den lærande bygda opptekne av dei gode døma, dei som peikar inn i framtida på ein positiv måte. I den lærande bygda reiser ein gjerne på studieturar, til andre bygder, til utlandet, og gjerne til byen - ikkje for å kopiere han, men for å finne inspirasjon for bygging av eigne symbol og "merkevare" som kan gjere bygdefolk stolte av seg sjølv. Nettverksbygging betyr for den lærande bygda også kontaktar som gjev dei idear om kven dei sjølve er og korleis bygda kan overleve i tid som ikkje utan vidare set pris på små einingars verkemåte.

I den lærande bygda klarar vi neppe å skilje desse tre meiningane av å lære frå ein annan. Det er heller ikkje viktig. Det viktige trur eg er at dersom vi skal tale om bygdeutvikling som læring vert det feil å overfokusere på "resultat" i den trongaste meininga av omgrepet. Lat oss seie at ein i ei bygd brukar mykje krefter på å etablere ei verksemd. Som også vert rimeleg vellukka. Det er jo gjerne det vi vil oppnå. Men dersom no etableraren slit seg helselaus og initiativtakarane etter nokre harde år ikkje talar saman, kva har ein då å syne fram for bygda? Kva symbol og døme er dette for andre som lurar på å starte med noko nytt?

Av og til kan det vere betre å mislukkast med konkrete tiltak enn å lukkast. Dersom prisen ein betalar for suksessen er å brenne ut kvar einaste

eldsjel i bygda for årevis framover er det neppe verdt prisen. I eit lærande nettverk av eldsjeler lar ein heller ikkje det skje.

Læring på fylkesnivået?

Ideen til BU-programmet kom frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, det same gjorde prosjektet Levande bygder, men begge vart sett ut i livet av fylkesmannens landbruksavdeling. Arbeidsdelinga syner godt samarbeid mellom dei to organa, men det syner også at fylkeskommunen har store utfordringar knytte til praktisk utføring av dei idear og tiltak ein sjølve utviklar. Grunnen har eg vore inne på før: Det er ikkje mange *tilsette* i dei einingar som har ansvaret for planlegging og regional utvikling. Innan nærings- og tiltaksarbeidet er Sogn og Fjordane fylkeskommune avhengige av å ha eit godt og nært tilhøve til FMLA, SND og andre for praktisk å kunne handtere rolla som regional utviklar.

Ei slik rolledeling reiser visse problemstillingar knytte til læring på fylkesnivået. Eg skal i avslutninga kort drøfte nokre av desse.

Positive og negative tilbakemeldingar - læring i eit saksnettverk

I systemteorien nyttar vi omgrepa positiv og negativ tilbakemelding (Knudsen (1998: 123). Med negativ tilbakemelding meiner vi teknisk informasjon om ein tilstand. Dømet som ofte vert nytta er termostaten som måler temperatur opp mot ei vald innstilling og melder attende til omnen om ynskt nivå er nådd eller ikkje. Ei evaluering av tiltak vil i meininga negativ tilbakemelding kunne fungere på same viset: Svar på spørsmål av typen: "fungerer BU-programmet slik vi har skisserte det; fører Levande bygder til debattar om lokale sentrum-periferisørsmål" er i systemteoretisk forstand negative tilbakemeldingar, sjølv om svara i seg sjølv er "ja, ja".

For termostaten måler berre opp mot ei nivå på ein brytar *nokon* har stilt inn. Positiv tilbakemelding dreier seg om den typen signal som påverkar *avgjerder som styrer* termostaten. I vårt tilfelle vil positive tilbakemeldingar dreie seg om BU-programmet og Levande bygder var godt og dårleg; og om korleis iverksetjarane handterte utfordringane det representerte. Etter systemteorien er dette positive tilbakemeldingar sjølv om svara skulle vere "nei, nei".

Utforminga av positive og negative tilbakemeldingssløyfer er viktige omgrep i tenkinga om læring og læringsystem. Menneske fungerer likevel ikkje på same viset som ein termostatstyrt panelomn. I samband med sosiale system seier vi at positive tilbakemeldingar påverkar sjølvbiletet og sjølvinnsikta til menneska, organisasjonskulturen og dei institusjonelle faktorane som til sjuande og sist styrer organisasjonane. I pedagogisk samanheng er det t.d. eit viktig poeng at negative tilbakemeldingar *kan* bli tolka som positiv tilbakemelding. T.d: Ein elev får kritikk for å ha skrive ein dårleg stil. Dersom eleven tolkar dette som negativ tilbakemelding skal kritikken inspirerer til å forsøke å skrive ein betre stil neste gong. Vert den tolka som positiv tilbakemelding kan det påverke elevens sjølvtilit slik at ho gjev opp forsøka på å skrive betre stilar.

Når det gjeld fylkesnivået i Sogn og Fjordane er det viktig at skiljet mellom positive og negative tilbakemeldingar vert teke alvorleg. Dette har noko med arbeidsdelinga på fylkesnivået å gjere. Sidan fylkeskommunen og

fylkesmannsavdeling *gjer* ulike ting i tiltak som dette, gjeld ulike typar tilbakemeldingar også på ulike måtar.

Tolkinga av program- og prosjektresultat i meininga om det ein har oppnådd er godt eller dårleg, bør halde fram eller ikkje, om ein har grunn til å vere stolte av tiltak eller ikkje, er etter systemteorien altså positive tilbakemeldingar. Men det er to eigarar til program- og prosjekt. Både fylkeskommunen og FMLA må *dele* tilbakemeldingane. Her er det likevel viktig å vere klar over rolle- og arbeidsdeling på fylkesnivået.

Rolla fylkeskommunen har hatt i program og prosjekt kan best samanliknast med ein planleggjar eller ein initiativtakar som ikkje direkte har hatt ansvaret for korleis planane eller tiltaka er realiserte. Dei tilbakemeldingane som gjeld fylkeskommunen må difor relaterast til *denne* rolla. Signala frå Levande bygder i form av spørsmåla om "kor var de som tok initiativ til prosjektet", kan berre direkte relaterast til rolla som initiativtakar og indirekte til rolla som iverksetjar. Og det kan ikkje vere tvil om at problemstillingane i Levande bygder var det rette å reise. Slik sett er det feil å tolke Levande bygder-prosjektet som noko form for generell kritikk mot fylkeskommunen, men det kan sjølvstøtt spørjast om prosjektet vart utforma og sett ut i livet på ein måte som høvde for slike problemstillingar. "Negativ" tilbakemelding betyr her "ja" på spørsmålet om fylkeskommunen treng endre iverksetjingsstrategi her.

På same vis gjeld dette for FMLA. Når FMLA får mange gode tilbakemeldingar frå bygdene, er dette i systemteorien negative tilbakemeldingar som syner at avdelinga har funne ei passande form som *iverksetjar*. "Negativ" betyr her altså "nei" på spørsmålet om avdelinga treng endre iverksetjingsstrategi. Det er bra at FMLA får sole seg litt i glansen av god kritikk, men som positiv tilbakemelding må slike tilbakemeldingar også tolkast i lys av utsegn som, "ja, men det var jo ikkje de som fann på BU-programmet, det var fylkeskommunens ide. Kvifor fann de ikkje på slike ting av dykk sjølve?"

Desse resonnementa syner at det å trekkje dei rette slutningane av ei evaluering som dette ikkje treng vere så enkelt. Skal ein lære "rett" er det også visse krav som å oppfyllest. Eg har tidlegare i rapporten skildra eit *saksnettverk* for bygdeutvikling i fylket. I intervju har eg spurt deltakarar i dette om dei meiner deltakarane rekk å snakke om og å reflektere over det dei gjer i samarbeidet. Svaret er at det vert knappast tid til slikt. Det vert helde raske, saksorienterte møte utan djupare refleksjonar og samtaler. Dersom vi skal stille opp nokre krav til korleis eit slikt saksnettverk skulle kunne utvikle læringsprosessar som skikkelge utnyttar erfaringar frå slike program og prosjekt, måtte dei sjå ut som noko slikt³³:

Aktørane i nettverket må sikrast *valid informasjon* i meininga gyldig kunnskap. Gyldig kunnskap får ein t.d. ved å reflektere over kva som er relevant informasjon i forhold til roller og ansvarsfordeling slik eg kort har drøfta ovanfor. Ei evaluering som dette gjev t.d. ikkje grunnlag for læring dersom ikkje den vert opplevd som relevant og korrekt av aktørane sjølve. Valid informasjon får aktørane dersom dei kan generere handlingar i situasjonar der dei får *personleg innsikt* i årsak-verknadtilhøva. I program og prosjekt av den typen vi er opptekne av her er det i særleg grad dei som

³³ Henta frå Argyris og Schön (1996:112, 117 ff)

har direkte kontakt med brukarar, bygder og verksemdar som får slik personleg innsikt der dei opplever kva som fungerer og ikkje fungerer. Slik informasjon er med andre ord like viktig - og kanskje viktigare for læringsprosessar på høgt nivå enn ei ekstern evaluering (Glosvik 2002b).

Individa i nettverket må også vere heilhjarta *knytte til dei handlingsalternativa* som vert sett i verk. Dei må altså sjølv tru på det dei vert sett til å gjere, og det oppnår ein ved å gje dei friedom nok til å påverke iverksetjinga i slike retningar. Det må med andre ord vere høve til å eksperimentere og prøve seg fram.

Konsekvensar av iverksetjing må *overvakast* kontinuerleg slik at nett valid informasjon vert sikra. Det er ikkje nok med evalueringar med lange mellomrom. Viktigare er det at aktørane får halde oversyn med, og får tilbakemeldingar gjennom, program og prosjekt direkte og personleg.

Program og prosjekt må gjennomførast i *fellesskap* og under vilkår der einskildpersonar sitt sjølvbilete vert verna mot mogelege feil og kritikk. Eit nettverk der aktørane ikkje i fellesskap tek vare på kvarandre og vernar kvarandre mot kritikk fordi dei vågar å eksperimentere, kan heller ikkje rekne med å lære stort i lag.

På same vis som vi kan tale om bygder som lærande kollektiv, kan vi også tale om fylkesnivået som eit lærande kollektiv. Og skildringa av korleis den lærande bygda ser ut, kunne også vore nytta om det lærande fylket.

Kjelder og tilvisingar

Litteratur

Amdam, J.(1995): Reaktiv eller proaktiv regionalpolitikk? Notat 4/95. Møreforskning og Høgskulen i Volda.

Amdam, J.og Amdam, R. (1990): Strategisk og mobiliserande planlegging: kommuneplanlegging etter dugnadsmetoden. Samlaget, Oslo

Argyris, C. og Schön, D. (1996): Organizational Learning II. Theory, Method, and Practice. Addison-Wesley. Reading. Mass.

Bukve, O. (1994): Lokal utviklingspolitikk.Kommunen som næringspolitisk aktør. Samlaget. Oslo

Bukve, O. og Skålnes, S.(1987); Veg utan vardar. Om næringspolitikk, organisering og økonomiforvaltning i seks prøvekommunar. Alta, Oslo NIBR-rapport 1987:8

Bukve, O. og Aarbo, P. (1990): Regionalpolitiske snuoperasjoner og lokale handlingsmiljø. Tertiærsektoren som distriktpolitisk drivkraft. i Baldersheim, H. (red): Fornylse nedenfra. Desentralisering av den nordiske regionalpolitikken. Nordrefo 1990:5. København

DiMaggio, Paul J. og Powell, Walter W. (1991): Introduction. I DiMaggio, P. og Powell, W.W (red): The New Institutionalism in Organizational Analysis. Chicago University Press. Chicago

French, W.L. og Bell, C.H. Jr. (1999): Organization Development. Behavioral Science Interventions for Organizational Improvment. Prentice Hall, N.J

Fukuyama, F. (1996): Trust: The social virtues and the creation of prosperity. London. Penguin

Glosvik, Ø. (1991): Kommunen som utviklingsaktør. Ei studie av tre frikommunar på næringssektoren. NIBR-rapp.1991:7 Oslo

Glosvik, Ø. (2000): I grenselandet. Læring mellom stat og kommune. Rapport nr. 75/2000. Inst. for adm.org. Universitetet i Bergen, Bergen

Glosvik, Ø. (2002a): Nettverk og læring. Framlegg til eit perspektiv. Upublisert manus, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Sogndal

Glosvik, Ø. (2002b): Om institusjonalisering, læring og evaluering. I Nordisk Pedagogik. Vol.22 pp.99-111. Oslo

"Levande bygdeutvikling?"

Glosvik, Ø. og Skålnes, S. (1990): I Tiltaksprogrammets ånd. Organisering og styring av fylkeskommunalt utviklingsarbeid. Oslo/Alta, NIBR-rapport 1990:3

Glosvik, Øyvind og Amdam, Jørgen (1997): "Programarbeid og partnerskap i praksis". Erfaringar frå eit utviklingsprosjekt i Sogn og Fjordane. Møreforskning/Vestlandsforskning-rapport nr.5/97. Sogndal/Volda

Glosvik, Ø. Teigen, H. og Nordgreen, R. (1996): Landbruksforvaltninga - mellom stat og kommune. Vestlandsforskning-rapport nr. 4/96 Østlandsforskning-rapport nr. 16/96. Sogndal/Lillehammer

Hagen, T. (1990): Bygdeutvikling etter fjøstid : en evaluering av Herdalsprosjektet. Arbeidsrapport / Møreforskning. V ; 9019. Volda : Møreforskning

Hagen, T. (1991): Bygdeutvikling i kontortida : en evaluering av Hjørundfjordprosjektet. Arbeidsrapport / Møreforskning. V ; 9107 Volda : Møreforskning

Holbek, J. (1990): Lokale innovasjonstiltak: Pådrivers plass som ildsjel og integrator. I Baldersheim (Red.) Ledelse og innovasjon i kommunene. Tano. Oslo

Jepperson, R.L.(1991): "Institutions, Institutional Effects and Institutionalisation". I DiMaggio, P. og Powell, W.W (red): The New Institutionalism in Organizational Analysis. Chicago University Press. Chicago

Kjelstad Seljesæter, Å. og Leikanger, E. (2000): Levande bygder. Regionalt samarbeid om næringsutvikling. Prosjektoppgåve i Management-programmet Næringsutvikling MAN 77973. BI Møre og Romsdal 2000

Knudsen, H. (1998): Reisen for teorias skyld. Bind I i serien: Om praktikerer som filosof. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Lane, C. (2001): Organizational Learning in Supplier Networks. I Dierkes, Berhon Antal, Child og Nonaka (red) Handbook of Organizational Learning & Knowledge. Oxford University Press, Oxford

LaPalombara, J.(2001): The Underestimated Contributions of Political Science to Organizational learning. I Dierkes, Berhon Antal, Child og Nonaka (red) Handbook of Organizational Learning & Knowledge. Oxford University Press, Oxford

Løvik, P. (1995): Når bygda får bestemme: røynsler frå fem bygdelag i Sogn og Fjordane. Arbeidsrapport, Høgskulen i Volda [og] Møreforskning Volda; nr 6/1995. Volda: Høgskulen i Volda

Podsakoff, P. , Philip, M.; Scott B. and Bommer, W.H. (1996): Transformational leader behaviours and substitutes for leadership as

"Levande bygdeutvikling?"

determinants of employee satisfaction, commitment, trust, and organizational citizenship behaviours. Journal of Management 22, nr,2: 259-298.

Putnam, L.L., Nelson, P. og Chapman, P. (1996) Metaphors of Communication and Organization. I Clegg, S.R, Hardy, C. og Nord, W.R.(eds): Handbook of Organization Studies. Sage Publications, London

Tolbert, P.S. og Zucker, L.G. (1996): I Clegg, S.R, Hardy, C. og Nord, W.R.(eds): Handbook of Organization Studies. Sage Publications, London

Selznick, Philip (1997) Lederskap. Tano Aschehoug, Oslo

Strand, T. (2001). Ledelse, Organisasjon og kultur. Fagbokforlaget. Bergen

Skriftlege kjelder

Brev 01/2140-14/512.1/ENE (19.10.2001 og 14.11.2001 frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til Høgskulen i Sogn og Fjordane)

Brev 01/00400-2/V12 Frå Selje kommune til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

NOU 1984 21A og B (Bygdeutvalets innstilling)

St.melding 31 (2000-2001) 14. juni 2001. Innstilling fra kommunalkomiteen om kommune, fylke, stat - en bedre oppgavefordeling (Innst.S.nr.307 (2000-2001)).

St.melding 34 (2000-2001) Regionalmeldinga

Søknader, rapportar og liknande frå Fylkesmannens landbruksavdeling, Førde. Lagra i arkivet i ei rekkje permar med tittelen "Bygdeutvikling" og "Levande bygder".

Internettsider

<http://www.fjordinfo.no/fmsf/org/landbruk/Program/bu-pro.htm>

<http://www.fjordinfo.no/fmsf/org/Landbruk/Program/lev-bygd1.htm>

<http://www.fjordinfo.no/fmsf/org/landbruk/Program/bu-pro.htm>

<http://www.fjordinfo.no/fmsf/org/landbruk/Program/lev-bygd.htm>

http://www.sf-f.kommune.no/felles/fyplanpg.NSF/IDB_OVERSIKT/CA930DF67C75BB4F4125697300457289?OpenDocument

<http://eidaportalen.no/>

"Levande bygdeutvikling?"

<http://www.bygdeutvikling.no/>

<http://www.fjordinfo.no/norane/>

<http://www.kkul.no/>

<http://www.sorsida-idebank.net/program.htm>

http://www.hyen.com/hyen_utviklingslag.htm

<http://www.olden.no/>

http://vestinternett.no/~toref/n_org.htm#A

<http://odin.dep.no/krd/norsk/aktuelt/pressem/016051-110022/index-dok000-b-n-a.html>

http://www.stortinget.no/cgi-wift/wiftldles?doc=/usr/www/stortinget/stid/2000/s010614-02.html&emne=oppgavefordelingsutvalget&sesjon=* &ting=stidn+stidg+otidn+otidg+ltidn+ltidg&#Erna Solberg.1

<http://www.bygdeutvikling.no/index.php?&f=08050147&sid=4&eid=10&spid=268>

<http://www.fjordinfo.no/fmsf/org/landbruk/BU/Utviklingslag.htm>

<http://www.bygde.net/>

http://home.hisf.no/oyvindgl/Fagtekst/Bygde-laering_2.htm

Vedlegg:

I intervjuet vart det nytta tre intervjuguidar. Ein for informantar frå fylkesnivået, ein for kommunenivået og ein for informantar frå bygde- og prosjektnivået. Her er lagt ved guiden for bygdenivået. Det er den viktigaste, og dei to andre er variantar som byggjer opp under spørsmåla retta til bygdene.

Intervjuguide for prosjektnivået - LB og BU

1. Seie litt om korleis bygda kom med i Levande bygder og/eller Bygdeutviklingsprogrammet.
2. Korleis kom du/de med i arbeidet? kva er dykkar bakgrunn og motivasjon?
3. Korleis fungerer lokale eldsjeler saman? korleis finn de i hop og avgjer ting? Fordeler ansvar osv? Kor avhengig er de av einskildpersonar?
4. Om organiseringa av programm og LB lokalt. Ser de forskjellar: Likskap - forskjellar? Korleis dukka LB opp? Prosessen med å sy dei saman?
5. Di vurdering av kva som er oppnådd i bygda:
 - som arbeidsform - organisering
 - som resultat i høve mål de sette dykk
 - viktigaste positive og negative erfaringar?
6. I lys av å kople dykk til andre prosessar, tiltak, muligheter. Korleis er/blir dette organisert?
7. Kva ville skje lokalt om det vart slutt på bygdesatsinga (formelt)? Ville måten å arbeide på vere att?
8. Kor avhengige er det lokale bygdeutviklingsarbeidet av deg/dykk for å leve vidare?
9. I detalj: Bygd-tettstad-problemstillinga i LB: i kva grad har prosjektet verka avklarande i høve desse problemstillingane? Kva erfaringar vil du trekkje fram?
10. Meiner du LB har fungert i høve problemstillinga: Få i stand debattar om bygd tettstad? Er det nokon bygder som peikar seg ut? Kvifor?

"Levande bygdeutvikling?"

11. Vurder LB og BU som mobiliseringstiltak: Er det spes. bygder du vil framheve i positiv eller negativ lei? Kva er dine vurderingar av kva som fungerer som mobilisering?
12. Generelt: er dette ei arbeidsform som høver for det vi kallar bygdeutvikling?
13. Er det sant at arbeidsforma spreier seg (i Nordfjord)? Korleis skjer det? Kva skuldast spreinga (modellar, inspirasjon, opplæring, misunnelse? konkurranse mellom bygdene?)?
14. Vurdèr organiseringa på bygdenivået. Er det spesielle ting ved organiseringa du vil trekkje fram? Er det einskildbygder i Nordfjord som peikar seg ut m.o.t. god eller mindre god organsering? Kva synes å vere nøkkelerfaringar på bygdenivået?
15. Tilhøvet mellom fylkeskommune og fylkesmann - SND: organisering - samarbeid - programforma - korleis fungerer det sett frå din ståstad?
16. Kommunane - korleis vurderer du interesse og deltaking? Kven deltek? Korleis?
17. Kva blir det til - etter at program og prosjekt er avslutta? Overtrek kommunane - slik du ser det? Kva er problem og muligheter her?
18. Vurder den politiske interessa for bygdeutviklingsprogrammet: Generelt, på fylkesnivå og lokalt
19. Meir om nettverksbygging: Vurdèr prosjektet som "nettverksbygging"
 - i. skjer det ei nettverksbygging lokalt?
 - ii. kva særpregar i så fall nettverka?
 - iii. kva ord/omgrep høver for å beskrive dei?
20. Finnst det andre utviklingsnettverk lokalt eller på kommunenivå som det føler at de utfordrar, konkurrerer med eller utfyller? Altså at det veks fram noko nytt fellesskap som de er medlemmer av?
21. Finnst det eit nettverk på fylkesnivået? Kven er i så fall medlemmer?
22. Går det an å beskrive nettverk som bind saman det lokale og fylkesnettverket?
23. Er det spesielle formelle barrierer (reglar, lovverk, strukturar av anna slag) som hindrer eller fremjar denne arbeidsforma? Både på fylkesnivået, lokalt og nasjonalt?

"Levande bygdeutvikling?"

24. Kan du peike på spesielle vanskar, utfordringar eller spesielle hendingar som er særleg verdt å merke seg m.o.t. fylkeskommunal og statleg (FMLA) eller kommunal samordning/utvikling/realisering av bygdeutviklingstiltak i fylket?
25. Er det noko du vil framheve av formelle ting som kan seiast spesielt å fremje eller hindre det vi kallar bygdeutvikling - realisering av program eller prosjekt?
26. Kva er dine/dykkar personlege omgrep og ord, bilete eller framtidsvisjonar for det vi kallar bygdeutvikling?
27. Tykkjer du det er vanskeleg å dele desse med andre? Innanfor/utanfor (eventuelle nettverk). Kva er dei viktigaste alternative framtidsvisjonane eller tenkjemåtane? Kva ord vil du bruke for å beskrive dei?
28. Har di deltaking/di kjennskap til BU/LB eller andre tiltak du vil kalle bygdeutvikling bidrege til å klargjere dine idear om kva bygdeutvikling er og korleis ein kan drive med, stimulere eller styrke slike tiltak?
29. Dersom det eksisterer det vi kan kalle eit utviklingsnettverk for bygdeutvikling i fylket: kva vil du seie dette nettverket "kan" - kva "kunnskap" har det?
30. Kan du peike på særlege arenaer, møteplassar eller stader der ein kan utveksle kunnskap og erfaring? Er det stader/møteplassar du meiner du har lært mykje av dei andre? Kva lærte du då?
31. Dersom du meiner det finnst eit bygdeutviklingsnettverk i SF: Kva verdiar, synspunkt og/eller meiningar trur du dette nettverket deler? Er det forskjell på dette og det lokale nettverket - om det finnst?